I høve gjeldande regelverk og retningsliner for tildeling av § **5a** er det grunnlag for å gi dispensasjon for transport omsøkt transport. Kommunen set vilkår i løyvet, jf. § 7 i forskrifta, for å avgrense køyringa og av omsyn til viltet.

Andre opplysningar:
Vi minner om at det er krav om å ha gyldig førarkort for å kunne køyre snøskuter.



Kartet syner godkjent køyretrase markert med heiltrekt linje. Trase kan måtte avvikast noko pga. isforhold m.m.

Du kan klage på vedtaket. I klaga må det visast til kommunen sitt saksnummer. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen du fekk vedtaket. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan fristen.

Med helsing
Bygland kommune

Kjell Øyvind Berg
Tenesteleiar Drift og forvaltning

Inge Olav Fjalestad
Skogbrukssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Karen Elisabeth Bisseth-Hallandvik
Eugenies
0168 OSLO

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2019/261-56	Inge Olav Fjalestad inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no	19.02.2020

SVAR PÅ SØKNAD OM SNØSKUTERLØYVE, GNR/BNR 2/24

Administrativt vedtak sak nr.: 134/20

Administrativt vedtak:

Dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfaldlova er lagt til grunn i saksutgreiinga. Omsøkt tiltak vurderast ikkje å ha særlege uheldige skader på naturmangfaldet. I medhald av §§ 5c og 7 jf. forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag vert Karen Elisabeth Bisseth-Hallandvik, Bernad Bisseth-Hallandbik og Louise Hallandvik gjeven løyve til køyring som omsøkt på fylgjande **vilkår**:

Føremål: Transport av bagasje og utstyr til privat hytte
Køyrerute: Merka på kart bak
Startpunkt: Langeid **Endepunkt:** Vestre Krokevatn på gnr. 2,bnr. 24.

Løyvet er gyldig så lenge snøen er berande inntil 30. april kvart år frå vedtaksdato – t.o.m. 30.04.2023.
Løyvehavar er sjølv ansvarleg for å innhente samtykke frå grunneigarar der køyring skal skje.
Det skal takast omsyn til vilt og naturmiljø under transporten.
Løyvet kan trekkast tilbake på kort varsel av omsyn til viltet eller ved brot på vilkåra.
Løyvet skal vere med under transporten og kunne visast fram til kontrollmynde.
Innanfor Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde gjeld òg vilkår gjeven av SVR i sak 40/20

Bakgrunn for saka
Karen Elisabeth Bisseth-Hallandvik har søkt Bygland kommune om løyve for transport av bagasje og utstyr inn til privat hytte med snøskuter. Det søkast òg for ektefelle Bernard Bisseth-Hallandvik og søster Marie Louise Hallandvik.

Formelt grunnlag/heimel
- Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag, FOR 1988 -05-15-356, §§ 5c og 7
- Naturmangfaldlova, LOV 2009-06-19 nr 100, § 7 jf. §§ 8 - 12
- Retningsliner for handsaming av søknadar etter motorferdselslova for Bygland kommune, Plan-, miljø- og ressursutvalet sak nr 45/19 den 14.05.19.

Vurderingar og konsekvensar
Karen Elisabeth Bisseth-Hallandvik og Marie Louise Hallandvik er dotter til eigar av hytte, medan Bernard Bisseth-Hallandvik er svigerson til eigar av hytte som det er søkt skuterløyve inn til. Samla køyrelengde er over

2,5 km frå brøyta veg. Leigekøyring er mindre aktuelt då leigekøyrar må ha ein ekstra tur for eventuell henting av bagasje og utstyr. Hytta ligg i landskapsvernområdet Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane, og SVR har i delegasjonsvedtak 40/20 gjeve løyve til 8 turar (samla for alle tre søkerar) med snøskuter pr. år i verneområdet.

Prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfaldlova skal leggast til grunn som retningsliner når snøskutersøknaden vurderast. § 8 *Kunnskapsgrunnlaget*: Transporten skal gå føre seg med snøskuter i fastlagd trase. Skader på markvegetasjon og levande organismar under snøen vurderast som minimal. Vilt som går i eller oppheld seg like ved snøskutertraseen vil flykte når det kjem ein snøskuter. Vi vurderer likevel at det inntreff så sjeldan at viltet ikkje vert skadelidande. § 9 Føre- var prinsippet: Omsøkt tiltak medfører så langt kommunen kan sjå å ha avgrensa risiko for alvorleg og irreversibel skade på naturmiljøet. § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Transporten fylgjer hovudtraseen for snøskuter i området så langt som mogleg og vurderast i avgrensa grad å føre til større belastning på økosystemet i området. § 11 Kostnadane ved endra miljø skal bærast av tiltakshavar: Førar er ansvarleg for at transporten vert gjennomført miljømessig mot. å unngå drivstoffsøl og minimalisere ureining. § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar: Snøskuter vurderast som eit skånsamt transportmiddel i høve skader på naturen.

I høve gjeldande regelverk og retningsliner for tildeling av § 5c er det grunnlag for å gi dispensasjon for transport av bagasje og utstyr til hytte. Kommunen set vilkår i løyvet, jf. § 7 i forskrifta, for å avgrense køyringa og av omsyn til viltet.

Andre opplysningar:
Vi minner om at det er krav om å ha gyldig førarkort for å kunne køyre snøskuter.



Kartet syner godkjent køyretrase markert med heiltrekt linje.

Du kan klage på vedtaket. I klaga må det visast til kommunen sitt saksnummer. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen du fekk vedtaket. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan fristen.

Med helsing
Bygland kommune

Kjell Øyvind Berg
Tenesteleiar Drift og forvaltning

Inge Olav Fjalestad
Skogbrukssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Bernt Gautestad
Åsenvegen 2
4735 EVJE

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2019/261-57	Inge Olav Fjalestad inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no	19.02.2020

SVAR PÅ SØKNAD OM SNØSKUTERLØYVE, GNR/BNR 4/2

Administrativt vedtak sak nr.: 135/20

Administrativt vedtak:

Dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfaldlova er lagt til grunn i saksutgreiinga. Omsøkt tiltak vurderast ikkje å ha særlege uheldige skader på naturmangfaldet. I medhald av §§ 5c, 5e og 7 jf. forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag vert Bernt Gautestad gjeven løyve til køyring som omsøkt på fylgjande **vilkår**:

Føremål: Transport av bagasje og utstyr til privat hytte
Køyrerute: Merka på kart bak. Alternativ trase kan nyttast ved vanskelege føreforhold.
Startpunkt: Heggland / Langeid
Endepunkt: Brattestøyl, Gaukhei, Dansaren – gnr./bnr. 4/2, 5/1, 5/2

Føremål: Transport av ved til privat hytte
Køyrerute: Teikna inn på kart i saka, markert
Startpunkt: Området ved Øyarvatn
Endepunkt: Gaukhei, Dansaren – gnr./bnr. 4/2, 5/1, 5/2

Løyvet gjeld òg for sonen Thor Ole Gautestad og svigerdotter Therese Gautestad.

Løyvet er gyldig så lenge snøen er berande inntil 30. april kvart år frå vedtaksdato – t.o.m. 30.04.2023.
Løyvehavar er sjølv ansvarleg for å innhente samtykke frå grunneigarar der køyring skal skje.
Det skal takast omsyn til vilt og naturmiljø under transporten.
Løyvet kan trekkast tilbake på kort varsel av omsyn til viltet eller ved brot på vilkåra.
Løyvet skal vere med under transporten og kunne visast fram til kontrollmynde.
Innanfor Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde gjeld òg vilkår gjeven av SVR i sak 40/20

Bakgrunn for saka
Bernt Gautestad har søkt Bygland kommune om løyve for transport av bagasje og utstyr og transport av vedtømmer inn til private hytter med snøskuter.

Formelt grunnlag/heimel
- Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag, FOR 1988 -05-15-356, §§ 5c, 5e 7

- Naturmangfaldlova, LOV 2009-06-19 nr 100, § 7 jf. §§ 8 - 12
- Retningsliner for handsaming av søknadar etter motorferdselslova for Bygland kommune, Plan-, miljø- og ressursutvalet sak nr 45/19 den 14.05.19.

Vurderingar og konsekvensar
Søkjar er eig hytte ved Brattestøl, Dansaren og Gaukhei inne i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Dei to sistnemnte hyttene eig søkar ilag med Tor Eivind Vadlid. Det er søkt om transport av bagasje og utstyr inn til hyttene samt om å få transportere vedtømmer i frå eigen vedteig ved Monslega til hyttene.

Bygland kommune har i sine retningsliner opna for at det kan gis løyve til inntil tre eigerar av felles hytter. I dette tilfelle vil talet på turar bli avgrensa jf. vedtak til SVR. I søknaden står det at søknaden gjelder òg for sonen Thor Ole Gautestad og svigerdotter Therese Gautestad. SVR har i delegasjonsvedtak 40/20 gjeve løyve til alle tre med vilkår om maksimalt 8 turar pr. år totalt for alle tre.

Det er teikna inn alternativ rute frå Langeid og over ved Mjalthommen. Søkjar har på forklara at det kan vere vanskeleg å koma fram ved Hægestøyldalen. Viss han ikkje kjem fram Hægestøylsdalen, er det mogleg å kome seg over ved Mjalthommen på Langeidsløypa. Når søkar er klar over at det er vanskelege føreforhold, er det mest føremålstenleg å reise til Langeid å ha det som utgangspunkt. Det er vanskeleg å forutsjå føreforholda så langt inne i heia. Alternative ruter vil vere hensiktsmessig sidan alternativet vil vere ein ekstra tur seinare.


Det søkast òg om transport av vedtømmer i frå skogteig ved Øyarvatnet, Monslega inn til hyttene ved Gaukhei og Dansaren. Monslega ligg 18 km i luftlinje i frå Heggland. Kommunen har gjeve tilsvarande «vedløyve» til søkjar tidlegare, og vi meiner det vil vere føremålstenlege å hente ved i nærleiken av hyttene framfor å frakte ved frå bygda i dette tilfellet.

Hyttene ligg langt inne på heia som det er søkt skuterløyve inn til. Samla køyrelengde er over 2,5 km frå brøyta veg. Leigekøyring er mindre aktuelt då leigekøyrar må ha ein ekstra tur for eventuell henting av bagasje og utstyr.

Prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfaldlova skal leggast til grunn som retningsliner når snøskutersøknaden vurderast. § 8 *Kunnskapsgrunnlaget*: Transporten skal gå føre seg med snøskuter i fastlagd trase. Skader på markvegetasjon og levande organismar under snøen vurderast som minimal. Vilt som går i eller oppheld seg like ved snøskutertraseen vil flykte når det kjem ein snøskuter. Vi vurderer likevel at det inntreff så sjeldan at viltet ikkje vert skadelidande. § 9 Føre- var prinsippet: Omsøkt tiltak medfører så langt kommunen kan sjå å ha avgrensa risiko for alvorleg og irreversibel skade på naturmiljøet. § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Transporten fylgjer hovudtraseen for snøskuter i området så langt som mogleg og vurderast i avgrensa grad å føre til større belastning på økosystemet i området. § 11 Kostnadane ved endra miljø skal bærast av tiltakshavar: Førar er ansvarleg for at transporten vert gjennomført miljømessig mot. å unngå drivstoffsøl og minimalisere ureining. § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar: Snøskuter vurderast som eit skånsamt transportmiddel i høve skader på naturen.

I høve gjeldande regelverk og retningsliner for tildeling av §§ 5c og 5e er det grunnlag for å gi dispensasjon for transport av bagasje og utstyr til hytte. Kommunen set vilkår i løyvet, jf. § 7 i forskrifta, for å avgrense køyringa og av omsyn til viltet.

Andre opplysningar:
Vi minner om at det er krav om å ha gyldig førarkort for å kunne køyre snøskuter.



Kartet syner godkjent køyretrase markert med heiltrekt linje og alternativ trase som stipla linje.

Du kan klage på vedtaket. I klaga må det visast til kommunen sitt saksnummer. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen du fekk vedtaket. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan fristen.

Med helsing
Bygland kommune

Kjell Øyvind Berg
Tenesteleiar Drift og forvaltning

Inge Olav Fjalestad
Skogbrukssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Tom Jebsen
Eckersbergs gate 6
0266 OSLO

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2019/261-65	Inge Olav Fjalestad inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no	20.03.2020

SVAR PÅ SØKNAD OM SNØSKUTERLØYVE, GNR/BNR 6/9 TROGVASSBUI

Administrativt vedtak sak nr.: 237/20

Administrativt vedtak:

Dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfaldlova er lagt til grunn i saksutgreiinga. Omsøkt tiltak vurderast ikkje å ha særlege uheldige skader på naturmangfaldet. I medhald av §§ 5c og 7 jf. forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag vert Tom Jebsen gjeven løyve til køyring som omsøkt på fylgjande **vilkår**:

Føremål: Transport av bagasje og utstyr til privat hytte
Køyrerute: Merka på kart bak
Startpunkt: Ånebjør **Endepunkt:** Trogvassbui på gnr. 6, bnr. 9.

Løyvet er gyldig så lenge snøen er berande inntil 30. april kvart år frå vedtaksdato – t.o.m. 30.04.2020.
Løyvehavar er sjølv ansvarleg for å innhente samtykke frå grunneigarar der køyring skal skje.
Det skal takast omsyn til vilt og naturmiljø under transporten.
Løyvet kan trekkast tilbake på kort varsel av omsyn til viltet eller ved brot på vilkåra.
Løyvet skal vere med under transporten og kunne visast fram til kontrollmynde.
Innanfor Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde viser ein òg til vilkår gjeven av SVR i delegasjonsvedtak 82/20.

Bakgrunn for saka
Tom Jebsen har søkt Bygland kommune om løyve for transport av bagasje og utstyr inn til privat hytte med snøskuter.

Formelt grunnlag/heimel
- Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag, FOR 1988 -05-15-356, §§ 5c og 7
- Naturmangfaldlova, LOV 2009-06-19 nr 100, § 7 jf. §§ 8 - 12
- Retningsliner for handsaming av søknadar etter motorferdselslova for Bygland kommune, Plan-, miljø- og ressursutvalet sak nr 45/19 den 14.05.19.


Vurderingar og konsekvensar
Søkjar er eigar av hytte som det er søkt skuterløyve inn til. Samla køyrelengde er over 2,5 km frå brøyta veg. Leigekøyring er mindre aktuelt då leigekøyrar må ha ein ekstra tur for eventuell henting av bagasje og utstyr.

Det er søkt om ein tur inn til bua, som ligg i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde, for frakt av diverse utstyr. SVR har i delegasjonsvedtak 82/20 gjeve løyve til ein tur i perioden 5.3 – 40.4 i 2020.

Prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfaldlova skal leggast til grunn som retningsliner når snøskutersøknaden vurderast. § 8 *Kunnskapsgrunnlaget*: Transporten skal gå føre seg med snøskuter i fastlagd trase. Skader på markvegetasjon og levande organismar under snøen vurderast som minimal. Vilt som går i eller oppheld seg like ved snøskutertraseen vil flykte når det kjem ein snøskuter. Vi vurderer likevel at det inntreff så sjeldan at viltet ikkje vert skadelidande. § 9 Føre- var prinsippet: Omsøkt tiltak medfører så langt kommunen kan sjå å ha avgrensa risiko for alvorleg og irreversibel skade på naturmiljøet. § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Transporten fylgjer hovudtraseen for snøskuter i området så langt som mogleg og vurderast i avgrensa grad å føre til større belastning på økosystemet i området. § 11 Kostnadane ved endra miljø skal bærast av tiltakshavar: Førar er ansvarleg for at transporten vert gjennomført miljømessig mot. å unngå drivstoffsøl og minimalisere ureining. § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar: Snøskuter vurderast som eit skånsamt transportmiddel i høve skader på naturen.

I høve gjeldande regelverk og retningsliner for tildeling av § 5c er det grunnlag for å gi dispensasjon for transport av bagasje og utstyr til hytte. Kommunen set vilkår i løyvet, jf. § 7 i forskrifta, for å avgrense køyringa og av omsyn til viltet.

Andre opplysningar:
Vi minner om at det er krav om å ha gyldig førarkort for å kunne køyre snøskuter.



Kartet syner godkjent køyretrase markert med heiltrekt linje.

Du kan klage på vedtaket. I klaga må det visast til kommunen sitt saksnummer. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen du fekk vedtaket. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan fristen.

Med helsing
Bygland kommune

Kjell Øyvind Berg
Tenesteleiar Drift og forvaltning

Inge Olav Fjalestad
Skogbrukssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Øystein Frøysnes
Setesdalsvegen 2347
4745 Bygland

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2019/432-5	Kjell Øyvind Berg kjell.oyvind.berg@bygland.kommune.no	29.11.2019

SVAR PÅ SØKNAD OM NYDYRKING

Delegert sak nr.: 680/19

Administrativt vedtak:
miljøfaglige prinsippa i høve naturmangfaldlova sin § 7 jf §§ 8 – 12 er vurdert.

1. I medhald av § 4 jf forskrift om nydyrking blir det gitt løyve til å dyrke inntil 50 daa som omsøkt i området rundt støylen Morstøyl på fylgjande vilkår:

    - Dyrkinga skal skje i samsvar med arkeologiske og innmålte registreringar jf edelig uttale frå Agder fylkeskommune datert 04.02.2020 og vedlagde kart. Dette inneber at markerte støylsområde (id 240102) og område for tuft tilknytt anekskyrkje (id 267268) ikkje blir påverka av nydyringstiltaket
    - Detaljert grøfteplan må sendast Bygland kommune etter at denne er utarbeida.
    - Eventuell utviding av dyrkingsarealet eller andre område i nærleiken i framtida så vil det bli kravd konsekvensutgreiing jf § 6 andre ledd i forskrift om nydyrking.
    - Arbeidet må skje etter snøsmeltinga på våren og ikkje etter fyrste snøfall på hausten for å motverke avrenning.

Bakgrunn for saka
Eigar av gnr 18, bnr 1 m fl har søkt om å dyrke eit areal på inntil 48 daa i området rundt støylen Morstøyl på Frøysnesheia. Norsk landbruksrådgivning har utarbeidd eigen dyrkingsplan for det aktuelle området. Arealet er i hovudsak fastmark, med enkelte våte parti, i tillegg til nokre mindre areal som er registrert som myr. Enkelte område er truleg blokkrike.

Formelt grunnlag/heimel
- Forskrift om nydyrking.

Vurderingar og konsekvensar
Føremålet med forskrift om nydyrking er å sikre at nydyrking skjer på ein måte som tek omsyn til natur – og kulturlandskap. Det skal leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som biologisk mangfald, kulturminne og landskapsbilde. Det skal også leggjast vekt på å sikre gode driftsmessige løysingar. Nydyrking kan bare skje etter plan godkjent av kommunen, og planen skal utarbeidast av den som vil setje tiltaket i verk. Det kan setjast vilkår for godkjenning.

Sentrum 18
4745 Bygland
T 37 93 47 00
E post@bygland.kommune.no
Bank: 2898 07 00013
Skatt: 6345 06 09384
Kommunenr. 0938
Org. nr. 964 966 397
www.bygland.kommune.no

Ved avgjersle skal det leggjast særlig vekt på kva verknad tiltaket kan påreknast å få for natur – og kulturlandskapsverdiane. Ved denne vektlegginga skal det takast omsyn til om det på arealet er sjeldne miljøverdiar og kor sjeldan miljøverdiane er. Det skal også takast omsyn til om det utifrå jordlova sin § 1 er ynskjelig å styrke driftsgrunnlaget for driftseininga, og om nydyrkingstiltaket legg til rette for driftsmessige gode løysingar.

I samsvar med føresegna sin § 9 har søknaden vori til uttale hjå regional mynde.

Aust – Agder fylkeskommune si kulturminneavdeling har i e – post datert 18.10.2019 gjeve uttale til dyrkingsplanen etter å ha synfart området den 11.10.2019 ilag med grunneigar. Deira konklusjon er som følgande:
Seksjon for kulturminnevern har ingen innvendinger til at området kan nydyrkes, men med vilkår at det ikkje kjøres med tunge kjørtøy, endring i terreng eller andre inngrep i grunne på området som kirketuften og steinrøysene står på. Grunneier kan ta direkte kontakt med seksjon for kulturminnevern for når dette skal gjøres.

Frå uttalen til fylkeskommunen vil det også vere naturlig å setje følgjande vilkår i dyrkingsløyvet:

- Før arbeidet med dyrkingsarbeidet blir sett i gong må det først gjennomførast arkeologiske nøyaktige innmålingar av tuften, steinsamlinga og området tufta står på. (tuft = påreknеleg stad der det kan ha stått ei mindre kyrkje før Svartedauen).

Fylkesmannen i Agder har ikkje gjeve uttale til saka innan sette høyringsfrist.

Forhold av viktigheit ved avgjersle om nydyrking eller ikkje, er at det skal leggjast særlig vekt på kva verknadar tiltaket kan påreikne å få for natur – og kulturlandskapsverdiar. Ved denne vektlegginga skal det takast omsyn til om det på arealet er sjeldne miljøverdiar og kor sjeldne desse verdiane er.

Det skal også vektleggjast om det utifrå jordloven § 1 er ønskjeleg å styrke driftsgrunnlaget for driftseininga, og om nydyrkingstiltaket legg til rette for gode driftsmessige løysingar.

Med utgangspunkt i uttalen frå Agder fylkeskommune og framlagde dyrkingsplan, så vil det kunne takast omsyn til støylsområdet, som er registrert i kulturminnevernregister. Agder fylkeskommune har i brev datert 04.02.2020 orientert om utførte innmåling og levert kart over området som ikkje må bli råka av nydyrkinga.

Når ein legg eigar sitt totale jordbruksareal til grunn for den totale drifta, så er det behov for meir driftsareal. Mykje driftsareal blir leigd.

I eit miljøperspektiv er lang og bratt transportveg ei utfordring. Avstanden frå driftssentrum er grovt målt på kart omlag 11 km, og Osekleiva gir etter tilhøva ei bratt stigning på omlag 3 km. På den andre sida er alternative dyrkingsområde på eigedomen mindre eigna i nærmare tilknyting til driftssentrum.

Totalt sett blir det vurdert til at dei positive verknadane for landbrukseigedomen sitt framtidige driftsgrunnlag bør vege mest i avgjersla etter forskrift om nydyrking.

Framlagde dyrkingsplan skisserer opplegg for grøfting, og at detaljplan for dette blir laga etter godkjenning av dyrkingsplanen. Detaljert grøfteplan må sendast Bygland kommune etter at denne er utarbeida.

Eit anna moment er omsynet til eventuelle miljøverdiar og føre – var prinsippa. Prinsippa i §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig mynde, herunder når eit forvaltningsorgan tildelar tilskott, og ved forvaltning av fast eigedom.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget:
Omsøkte nydyrking vil ikkje påverke naturmangfaldet. Her er ikkje registrerte naturkvalitetar som tilsei at tiltaket vil redusere mangfaldet. Søknaden dokumenterer tidligare jordbruksaktivitet på storparten av området. Driftsforma var mindre ekstensiv i eldre tider. Naturtypen og landskapet er vanleg i heile landsdelen.

Sentrum 18
4745 Bygland
T 37 93 47 00
E post@bygland.kommune.no
Bank: 2898 07 00013
Skatt: 6345 06 09384
Kommunenr. 0938
Org. nr. 964 966 397
www.bygland.kommune.no

§ 9 Føre – var – prinsippet:
Føresegn om nydyrking § 6 gir at areal over 50 dekar ikkje kan godkjennast med mindre tiltaket er konsekvensutgreia jf forskrift 26 jun 2009 nr 855 om konsekvensutgreiingar § 3 fyrste ledd bokstav e jf vedlegg II nr 37.

Omsøkte areal er veldig tett oppunder 50 daa. Behovet for konsekvensutgreiing må melde seg dersom dette arealet skal utvidast ytterligare eller ved eventuelle seinare søknadar i området.

§ 10, Økosystemtilnærming og samla belastning:
Å måle CO2 - utsleppet ved å dyrke det aktuelle området er vanskeleg. På den andre sida vil behovet for auka transport gi auka CO2 utslepp. I eit langt perspektiv vurderer ein kort transport som mest gunstig i eit CO2 – perspektiv.

§ 11 Kostnadane ved miljøforringinga skal berast av tiltakshavar:
Det er å sjå føre at sjølve dyrkingstiltaket skjer i periodar med liten vassføring og at arbeidet stansar ved ekstreme nedbørsmengder.

Det vil vere naturlig å setje som vilkår at arbeidet skjer etter snøsmeltinga på våren og ikkje etter fyrste snøfall på hausten.

§ 12 Miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar:
Vanlige anleggsmaskiner og anerkjente dyrkingsprinsipp blir lagt til grunn. Det er viktig at desse er i ein slik stand at lekasje av olje m v ikkje skjer. Lagring av drivstoff og anna fossile produkt må også lagrast sikkert.

Med helsing
Bygland kommune

Aasmund Lauvdal
Rådmann

Kjell Øyvind Berg
Tenesteleiar Drift og forvaltning

Vedlegg:
- Kart over inngrepsfritt område

Kopi til:

FYLKESMANNEN I AGDER	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDALFYLKESMANNEN I AGDER
AUST-AGDER FYLKESKOMMUNE	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDALAUST-AGDER FYLKESKOMMUNE

Om Bygland kommune har sendt dette dokumentet elektronisk, vil det mangle underskrift.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse til kommunen (jfr.§28 i forv.lova). Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen då brevet kom fram til påført adressat (jfr.§29 i forv.lova). Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan fristen.

Jfr. § 32 i forv.lova skal klaga sendast skriftleg og underteikna til den som har gjort vedtaket, oppgje vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringar som ein ønskjer, og dei grunnar klaga støttar seg til. Dersom du klager så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, bør du også oppgje når denne meldinga kjem fram. Sakshandsaminga i klagesaker fylgjer§§ 28 – 36 i forv.lova

Avgjerdsmynde: *Jfr. PS 81/16, handsama i kommunestyret 14.12.16, samt vidare delegasjon frå rådmannen.*

Sentrum 18
4745 Bygland
T 37 93 47 00
E post@bygland.kommune.no
Bank: 2898 07 00013
Skatt: 6345 06 09384
Kommunenr. 0938
Org. nr. 964 966 397
www.bygland.kommune.no

Sentrum 18
4745 Bygland

T 37 93 47 00
E post@bygland.kommune.no

Bank: 2898 07 00013
Skatt: 6345 06 09384

Kommunenr. 0938
Org. nr. 964 966 397

www.bygland.kommune.no

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

OPPLYSNINGSVESENETS FOND
Postboks 535 Sentrum
0105 OSLO

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2020/135-2	Inger Siri Lidi inger.siri.lidi@bygland.kommune.no	17.03.2020

SVAR PÅ SØKNAD OM OM DELING AV FESTEGRUNN GNR. 47, BNR. 1, FNR. 27

Administrativt vedtak sak nr.: 227/20

Administrativt vedtak:
Med heimel i plan- og bygningsloven § 20-1, bokstav m vert det gjeve løyve til å dele ifrå 1202 m^2 frå gnr. 47, bnr. 1, fnr.27 til bustadføremål.

Jf. Matrikkelloven § 33-35 vert rekvisisjon om oppmåling av ein parsell på 1202 m^2 frå gnr. 47, bnr. 1, fnr. 27 imøtekomen.

Bakgrunn for saka
Bygland kommune ynskjer å selje bustadbygningen Femstad i Prestlidi. Bustadtomta er ein del av festegrunnen som Bygland kommune festar av Opplysningsvesenets Fond.

Formelt grunnlag/heimel
- Plan- og bygningsloven § 20-1, bokstav m
- Reguleringsplanen for Bygland sentrum, planid 200803
- Matrikkelloven kap. 3 til 7

Vurderingar og konsekvensar
Den delen av festegrunnen som ynskjast delt i frå er i reguleringsplanen for Bygland sentrum regulert til bustadføremål. Der er også regulert inn eit lite friområde, som truleg er tenkt til gangveg/sti for regulert leikeplass med feltnamn F3 i reguleringsplanen. Verken leikeplassen eller gangveg/sti er opparbeida, men det vil ikkje ha noko å seie for denne delingssaka.

Tilkomst til bustadtomta er via kommunal veg.

På den eksisterande vegen som er etablert i austre del av tomta «kvilar» det ein vegrett tilhøyrande gnr. 47, bnr. 118.

Omsøkt bustadtomt har innmålte grensepunkter frå 2010 med god nøyaktigheit, oppmålingsforretninga kan difor utførast som ei kontorforretning.



Søknad om deling av festegrunn er i samsvar med overordna plan, og kan imøtekomast.

Med helsing
Bygland kommune

Kjell Øyvind Berg
Tenesteleiar Drift og forvaltning

Inger Siri Lidi
Ingeniør plan og oppmåling

Om Bygland kommune har sendt dette dokumentet elektronisk, vil det mangle underskrift.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse til kommunen (jfr.§28 i forv.lova). Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen då brevet kom fram til påført adressat (jfr.§29 i forv.lova). Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan fristen.

Jfr. § 32 i forv.lova skal klaga sendast skriftleg og underteikna til den som har gjort vedtaket, oppgje vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringar som ein ønskjer, og dei grunnar klaga støttar seg til. Dersom du klager så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, bør du også oppgje når denne meldinga kjem fram. Sakshandsaminga i klagesaker fylgjer§§ 28 – 36 i forv.lova

Avgjerdsmynde: *Jfr. PS 81/16, handsama i kommunestyret 14.12.16 samt vidare delegasjon frå rådmannen.*

Personvern

Rådmannen er behandlingsansvarleg i Bygland kommune. Han kan kontaktast på e-post post@bygland.kommune.no

Personvernombod i Bygland kommune er John A. Horve. Han kan kontaktast på e-post pvo@e-h.kommune.no.

Personopplysningane blir sletta i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande retningsliner i arkivlova.
Du har i tråd med gjeldande lover rett til innsyn i dei personopplysningane vi handsamar om deg.
Om du meiner at vi handsamar opplysningar om deg i strid med gjeldande lovverk, kan du fremje klage til Datatilsynet.
For meir informasjon, sjå Bygland kommune si heimeside https://www.bygland.kommune.no/personvern-og-gdpr.472958.nn.html

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

VIDARS BYGGINVEST AS
Tønnesland
4536 BJELLAND

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2020/29-6	Bjørn Mikal Engestøl bjorn.mikal.engestol@iveland.kommune.no	19.02.2020

SVAR PÅ SØKNAD OM BYGGELØYVE FRITIDSBUSTAD PÅ GNR. 14, BNR. 142, REIÅRSFOSSEN CAMPING

Delegert sak nr.: 136/20

SAKSOPPLYSNINGAR
Søknad datert 27.1.2020 om løyve for oppføring av fritidsbustad, bruksareal på 55m², bebygd areal på 60m².

Byggjestad:	Gnr. 15, bnr. 142 Reiårsfossen Camping Ose, 4745 Bygland.
Tiltakshavar:	VIDARS BYGGINVEST AS Tønnesland 4536 BJELLAND
Ansvarleg søkjar:	VIDARS BYGGINVEST AS Tønnesland 4536 BJELLAND

- Det føreligg dokumentasjon for nabovarsling iht. Plan- og bygningsloven § 21 – 3. Det er ikkje innkomme merknader til saka.

BYGNINGSMYNDIGHETENS KOMMENTAR

Plangrunnlag og utforming.
Reguleringsplan Reiårsfossen Camp, samsvar med plan.
Strandsoneplanen.

Fritidsbustaden knytas til privat avløpsanlegg « Anlegg Sør 180 PE»
(Infiltrasjonsanlegg basert på trykk infiltrasjon i eksisterande masse)

Fritidsbustad knytas til offentleg vassverk med vannmålar og trykkreduksjonsventil.

Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket bryter med prinsippet i naturmangfoldloven §§ 8-12. jf. § 7 eller føre til negative konsekvensar for økosystemet eller miljø.

Omsynssone for flaum er omtala i pkt. 2.3.2 i Strandsoneplanen (vedteke 7.5.15), og det er desse kotehøgdane som er lagt til grunn for kommunen si vurdering i saka. Kommunen som forvaltningsmynde har ei generell plikt til vegleiing jf. forvaltningslova § 11. Med bakgrunn i dette informerer Bygland kommune om at det er sett i gong arbeid med ny kommuneplan, og at det i samband ny arealdel kan kome endringar i høve til kotehøgdar for omsynssone flaum.

Ansvarsfordeling:
- Ansvarleg søkjar: VIDARS BYGGINVEST AS Tønnesland 4536 BJELLAND.
- Arkitekturfaglig prosjektering: VIDARS BYGGINVEST AS Tønnesland 4536 BJELLAND.

- Konstruksjons teknisk prosjektering: VIDARS BYGGINVEST AS Tønnesland 4536 BJELLAND.
- Prosjektering rør og sanitæranlegg: Ragnar Aas AS.
- Oppmålingsteknisk prosjektering: Anleggsdata AS.
- Utførande stikking / kontroll plassering bygg: Anleggsdata AS.
- Prosjektering og utførande grunnarbeider, landskapsutforming og utvendig VA: Arne Aasheim. Utførande tømrararbeider: VIDARS BYGGINVEST AS Tønnesland 4536 BJELLAND.
- Utførande mur og betongarbeider: VIDARS BYGGINVEST AS Tønnesland 4536 BJELLAND. Utførande våtromsarbeider: VIDARS BYGGINVEST AS Tønnesland 4536 BJELLAND.
- Utførande rør og sanitæranlegg: Ragnar Aas AS.

Ansvarleg søkjar er ansvarleg for å vidareformidle byggeløyve til føretak som har erklært ansvarsrett.

Dokumentasjon.
Dokumentasjon skal være tilgjengelig ved tilsyn, byggesaksforskriften § 5-5.

VEDTAK
I medhald til plan- og bygningslovens § 20-3, jf. § 20-1 gis det byggeløyve for oppføring av fritidsbustad på gnr. 15, bnr. 142 i samsvar med innsendt søknad på følgande vilkår:

1. Tinglyst rett til parkering på annan eigedom dokumenterast ved søknad om ferdigattest.
2. Fritidsbustad knytas til offentleg vassverk med vannmålar og trykkreduksjonsventil.
3. Fritidsbustaden knytas til privat avløpsanlegg « Anlegg Sør »
4. Stikkleidning målas inn (vann og avløp sosi-fil) sendas kommunen ved søknad om ferdigattest.
5. Det sendas inn sosi–fil på plassering av bygning ved søknad om ferdigattest

Generelle retningsliner:
Dersom arbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.
Det same gjeld også om arbeidet blir innstilt for lengre tid enn 2 år, jfr. plan- og bygningslovens § 21-9.

Det er ansvarlig søkjar som er ansvarleg for at heile tiltaket er ansvarsbelagt, og det er ansvarshavande fulle ansvar at byggearbeidet blir utført i samsvar med plan- og bygningsloven medunderliggande regelverk.

Søknadspliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest, som utstedes av plan- og bygningsmyndighetene når det ligg føre naudsynt sluttdokumentasjon og erklæring om ferdigstillelse frå tiltakshavar, jfr. pbl § 21-10.

Det blir berekna behandlingsgebyr etter gjeldande gebyrregulativ. Faktura blir ettersendt. Me gjer oppmerksame på at tiltaket utløysar tilkopling- og årsavgift for vann.

Vedtaket er mogelig å klaga på i høve til plan- og bygningslovens § 9-1 og forvaltningsloven §§ 28 og 29. En eventuell klage må settast fram skriftlig innan 3 ukar etter at vedtak er mottatt.

En eventuell klage skal sendas til Bygland Kommune.

Med helsing
Bygland kommune

Kåre Einar S. Larsen
Tenesteleiar Plan og Utvikling

Bjørn Mikal Engestøl
sakshandsamar

Vedlegg:

1	Planteikning gnr. 15, bnr. 142
2	Situasjonsplan gnr. 15, bnr. 142

Kopi til:

Even Simensen	Kommunale avgifter	4745	Bygland
Kjell Øyvind Berg	Tenesteleiar DFV	4745	Bygland
LISTER ARKITEKTUR OG BYGGTEKNIKK AS	1. etasje Audnedalsveien 4417	4529	BYREMO

Om dokumentet er sendt elektronisk, vil det mangle underskrift.

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

VIDARS BYGGINVEST AS
Tønnesland
4536 BJELLAND

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2020/28-6	Bjørn Mikal Engestøl bjorn.mikal.engestol@iveland.kommune.no	19.02.2020

SVAR PÅ SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK, FRITIDSBUSTAD PÅ GNR./BNR. 15/141 PÅ REIÅRSFOSSEN CAMPING

Delegert sak nr.: 124/20

SAKSOPPLYSNINGAR
Søknad datert 27.1.2020 om løyve for oppføring av fritidsbustad, bruksareal på 55m², bebygd areal på 60m².

Byggjestad:	Gnr. 15, bnr. 141 Reiårsfossen Camping Ose, 4745 Bygland.
Tiltakshavar:	VIDARS BYGGINVEST AS Tønnesland 4536 BJELLAND
Ansvarleg søkjar:	VIDARS BYGGINVEST AS Tønnesland 4536 BJELLAND

- Det føreligg dokumentasjon for nabovarsling iht. Plan- og bygningsloven § 21 – 3. Det er ikkje innkomme merknader til saka.

BYGNINGSMYNDIGHETENS KOMMENTAR

Plangrunnlag og utforming:
- Reguleringsplan Reiårsfossen Camp, samsvar med plan.
- Strandsoneplanen.

Fritidsbustaden knytas til privat avløpsanlegg « Anlegg Sør 180 PE»
(Infiltrasjonsanlegg basert på trykk infiltrasjon i eksisterande masse)

Fritidsbustad knytas til offentleg vassverk med vannmålar og trykkreduksjonsventil.

Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket bryter med prinsippet i naturmangfoldloven §§ 8-12. jf. § 7 eller føre til negative konsekvensar for økosystemet eller miljø.

Omsynssone for flaum er omtala i pkt. 2.3.2 i Strandsoneplanen (vedteke 7.5.15), og det er desse kotehøgdane som er lagt til grunn for kommunen si vurdering i saka. Kommunen som forvaltningsmynde har ei generell plikt til vegleiing jf. forvaltningslova § 11. Med bakgrunn i dette informerer Bygland kommune om at det er sett i gong arbeid med ny kommuneplan, og at det i samband ny arealdel kan kome endringar i høve til kotehøgdar for omsynssone flaum.

Ansvarsfordeling:
- Ansvarleg søkjar: VIDARS BYGGINVEST AS Tønnesland 4536 BJELLAND.
- Arkitekturfaglig prosjektering: VIDARS BYGGINVEST AS Tønnesland 4536 BJELLAND.

- Konstruksjons teknisk prosjektering: VIDARS BYGGINVEST AS Tønnesland 4536 BJELLAND.
- Prosjektering rør og sanitæranlegg: Ragnar Aas AS.
- Oppmålingsteknisk prosjektering: Anleggsdata AS.
- Utførande stikking / kontroll plassering bygg: Anleggsdata AS.
- Prosjektering og utførande grunnarbeider, landskapsutforming og utvendig VA: Arne Aasheim.
- Utførande tømrararbeider: VIDARS BYGGINVEST AS Tønnesland 4536 BJELLAND.
- Utførande mur og betongarbeider: VIDARS BYGGINVEST AS Tønnesland 4536 BJELLAND.
- Utførande våtromsarbeider: VIDARS BYGGINVEST AS Tønnesland 4536 BJELLAND.
- Utførande rør og sanitæranlegg: Ragnar Aas AS.

Ansvarleg søkjar er ansvarleg for å vidareformidle byggeløyve til føretak som har erklært ansvarsrett.

Dokumentasjon
Dokumentasjon skal være tilgjengelig ved tilsyn, byggesaksforskriften § 5-5.

VEDTAK
I medhald til plan- og bygningslovens § 20-3, jf. § 20-1 gis det byggeløyve for oppføring av fritidsbustad på gnr. 15, bnr. 141 i samsvar med innsendt søknad på følgande vilkår:

1. Tinglyst rett til parkering på annan eigedom dokumenterast ved søknad om ferdigattest.
2. Fritidsbustad knytas til offentleg vassverk med vannmålar og trykkreduksjonsventil.
3. Fritidsbustaden knytas til privat avløpsanlegg « Anlegg Sør »
4. Stikkleidning målas inn (vann og avløp sosi-fil) sendas kommunen ved søknad om ferdigattest.
5. Det sendas inn sosi–fil på plassering av bygning ved søknad om ferdigattest.

Generelle retningsliner:
Dersom arbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.
Det same gjeld også om arbeidet blir innstilt for lengre tid enn 2 år, jfr. plan- og bygningslovens § 21-9.

Det er ansvarlig søkjar som er ansvarleg for at heile tiltaket er ansvarsbelagt, og det er ansvarshavande fulle ansvar at byggearbeidet blir utført i samsvar med plan- og bygningsloven med underliggande regelverk.

Søknadspliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest, som utstedes av plan- og bygningsmyndighetene når det ligg føre naudsynt sluttdokumentasjon og erklæring om ferdigstillelse frå tiltakshavar, jfr. pbl § 21-10.

Det blir berekna behandlingsgebyr etter gjeldande gebyrregulativ. Faktura blir ettersendt. Me gjer oppmerksame på at tiltaket utløysar tilkopling- og årsavgift for vann.

Vedtaket er mogelig å klaga på i høve til plan- og bygningslovens § 9-1 og forvaltningsloven §§ 28 og 29. En eventuell klage må settast fram skriftlig innan 3 ukar etter at vedtak er mottatt.

En eventuell klage skal sendas til Bygland Kommune.

Med helsing
Bygland kommune

Kåre Einar S. Larsen
Tenesteleiar Plan og Utvikling

Bjørn Mikal Engestøl
Sakshandsamar

Vedlegg:

1	Situasjonsplan gnr. 15, bnr. 141
2	Planteikning gnr. 15, bnr. 141

Kopi til:

LISTER ARKITEKTUR OG BYGGTEKNIKK AS	1. etasje Audnedalsveien 4417	4529	BYREMO
Even Simensen	Kommunale avgifter	4745	Bygland
Kjell Øyvind Berg	Tenesteleiar DFV	4745	Bygland

Interne kopimottakarar:

Even Simensen
Kjell Øyvind Berg

Om dokumentet er sendt elektronisk, vil det mangle underskrift.

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

MESTERGRUPPEN
ARKITEKTER AS
Postboks 4104 Jensvoll
8089 BODØ

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2020/131-8	Liv Elin Frøysnes Berg liv.elin.berg@bygland.kommune.no	18.03.2020

BYGGELØYVE FOR NY FRITIDSBUSTAD PÅ GNR. 40, BNR. 13 VED TRODVERK

Delegert sak nr.: 235/20

1. Bakgrunn for saka

Søknad om 1-trinn søknadsbehandling er motteken 10.3.2020.
Søknaden gjeld oppføring av ny fritidsbustad på gnr. 40, bnr. 13 ved Trodverk innafor området regulert til hyttebygging i detaljreguleringsplan for Ekse.

Opplysningar om tiltaket:
- BYA = 85,5 m^2,
- BRA = 64,5 m2,
- Eksisterande terreng skal bearbeidast slik at OK golv blir liggande på 555,1 m.o.h.
- Mønehøgde blir 4,5 m, målt frå gjennomsnittlig nytt terreng.
- Gesimshøgde 2,5 m målt frå gjennomsnittlig nytt terreng.
- Takvinkel er 27 grader.
- Utvendig skal det vere ståande kledning og torvtak.
- Det skal ikkje vere innlagt vatn, og dermed heller ikkje utslepp. Overvatn skal leiast til terreng.
- Tiltakshavar nytter løysing med forbrenningstoalett av type Cinderella.

Tiltakshavar er Svenny Karlson og Svein Jacob Vik Såghus som har heimel til gnr. 40, bnr. 13.
Ansvarleg søkjar er Mestergruppen Arkitekter AS.

Nabo er varsla og har ikkje merknader til tiltaket.

Fritidsbustaden skal bli oppført i eit område som er regulert til hyttebygging jfr. Detaljreguleringsplan for Ekse. Planen er godkjent i kommunestyret i møte 17.4.2014, sak 50/14.

Det er gjeve løyve til frådeling av hyttetomt i delegert vedtak 16.9.2019, sak 422/19.

Vidare er det også gjeve dispensasjon og rammeløyve for parkeringsplass (vinterparkeringsplass) på gnr. 41, bnr. 23 i Jordalsbø i delegert vedtak den 6.2.2018, sak 53/18.
Igangsettingsløyve for parkeringsplass er godkjent i delegert vedtak 9.3.2018, sak 114/18.

Ein kan ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med kjende kulturminner eller registreringar i Naturbasen.

Ein kan heller ikkje sjå at tiltaket kan bli utsett for naturfare slik som snøskred, steinsprang eller jord- og flomskredfare. Jfr. NVE-Atlas ligg tiltaket i aktsomhetsområde for flaum.

Dersom det skal bli støypt plate, må bygning sikrast mot radon. Bygningar som er bereikna for varig opphald skal ha radonsperre mot grunn og konsentrasjon av radon i inneluft skal ikkje overstige 200 Bq/m3 og det skal setjast i verk tiltak dersom verdiar er høgare enn 100 Bq/m3.

Så langt ein kan sjå er tiltaket belagt med ansvar av føretak som har sentral godkjenning eller av føretak som Bygland kommune ikkje har merknader til at har erklært ansvarsrett.
Det einaste som ein vil påpeike er at det mangler erklæring om ansvarsrett frå føretak som skal utføre beliggenhetskontroll og innmåling av grunnmur.

2. Tilhøve til gjeldande lovverk og planar

* Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) av 27.06.2008, nr. 71.
* Forskrift om byggesak (Byggesaksforskrifta) av 26.03.2010, nr. 488.
* Forskrift om teknisk krav til byggverk (Byggteknisk forskrift) av 26.03.2010, nr. 489.
* Detaljreguleringsplan for Ekse, vedteken i kommunestyret 17.4.2014, sak 50/14.

3. Vurderingar

Søknaden er vurdert til å stort sett komplett i høve til Plan- og bygningsloven.
Men jfr. NVE-Atlas ligg til taket i aktsomhetssona for flaumfare. Jfr. Uttale frå NVE i samband med bygging av ny fritidsbustad på ein nabotomt, gnr. 40, bnr. 11, bør OK golv for fritidsbustad difor bli plassert minst 5 meter høgare enn vasspegel i Trodviksåni.
Med bakgrunn i plan- og bygningsloven § 28-1, må dette bli kontrollert i samband med beliggenhetskontroll og innmåling av ny fritidsbustad.

Detaljreguleringsplan for området inneheld føresegner som må imøtekomast:

1.2.a) *Utbygging i områda som er avsett til byggeområde kan ikkje take til før tilkomstvegar, stiar og felles parkeringsplass er etablert.*

Vurdering: Det går ikkje heilt klart fram av søknaden om oppføring av fritidsbustad om søknaden også gjeld etablering av felles tilkomstveg og opparbeiding av 2 stk sommerparkeringsplassar på område som er regulert til Sp 2. Med bakgrunn i reguleringsføresegner 1.2. a) vil det bli eit vilkår for å få ferdigattest på ny fritidsbustad at dette kjem klart fram i samband med søknad om ferdigattest.

Gnr. 40, bnr. 13 har tinglyst rett til parkering for 2 bilar på gnr.41, bnr. 23 som er vinterparkeringsplass. Det er gjeve løyve til bygging av gnr. 41, bnr. 23, men det er førebels ikkje gitt mellombels bruksløyve eller ferdigattest på vinterparkeringsplassen. Med bakgrunn i reguleringsføresegner 1.2. a) vil det bli eit vilkår for å få ferdigattest på ny fritidsbustad at det er gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest på vinterparkeringsplassen på gnr. 41, bnr. 23.

1.2.b) *Før det vert gjeve løyve til å dele ifrå tomt eller bygning så må det leggast fram stadfesting frå styra i veglaga om at den nye tomta har vegrett frå enden av offentlig veg og fram til tomta.*

Vurdering: I samband med søknad om frådeling av tomta er det lagt ved kopi av protokollane frå vegstyra. Ved sak 10/17 i protokollane er det vedteke avgifter for nye hytteeigarar an. Kjøp av bruksrett i vegen. I samband med frådeling av tomta er dette vurdert til å vere tilstrekkelig dokumentasjon. I samband med byggesøknad vil det med bakgrunn i 1.2.b) vere eit vilkår for å få ferdigattest for fritidsbustaden at det ligg føre stadfesting frå vegstyra om at gnr. 40, bnr. 13 har ordna med vegrett frå enden av offentleg veg og fram til tomta.

1.4.1 Tiltaket er vurdert til å vere i tråd med føresegner for fritidsbustader og utnyttinga av den einskilde tomt. Men jfr. 1.4.1. j) Vil det vere eit vilkår at køyre- og parkeringsareal er ferdigstilt seinast samtidig med at byggegrop blir klargjort.

1.5.1 g) Tilkomsten til tomtene frå sommarbilveg skjer på adkomst stiar til kvar tomt. Breidda på desse kan vere 2 m.

Ein vil utifrå ei totalvurdering tilrå at det blir gitt byggeløyve som omsøkt på vilkår.

Administrativt vedtak:

I medhald av Kommunelova § 23, pkt. 4 og vedtak i kommunestyret 21.06.2013, sak 29/13 om delegering til rådmannen, samt vidare delegering frå rådmannen 20.5.2014, sak 2/14 er det gjort fylgjande vedtak:

1. Det blir gitt byggeløyve for ny fritidsbustad på gnr. 40, bnr. 13 jfr. Detaljreguleringsplan for Ekse i medhald av plan- og bygningsloven § 20-1, § 20-3 og § 21-4 som omsøkt på fylgjande vilkår:

    a. Løyve til tiltak fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan 3 år.
    Det same gjeld dersom tiltaket stoppar opp i lengre tid enn 2 år.
    Fristane kan ikkje forlengast, jfr. pbl § 21-9, 1. ledd.

    b. Dersom det vert skifte av tiltakshavar før tiltaket er fullført, skal dette meldast til kommunen, både av den som først hadde tiltaket og den nye.
    Det same gjeld ved skifte av eigar jfr. pbl § 23-2.

    c. Det må førast nødvendig kontroll, slik at tiltaket ikkje strir mot reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven med tilhøyrande forskrifter, gjeldande reguleringsplan eller byggeløyve. Kommunen kan føre tilsyn med at tiltak blir gjennomført i samsvar med lov, plan og løyve og godkjende bygningsteikningar og situasjonskart skal difor alltid vere tilgjengelig på byggeplass.

    d. Bygningar som er bereikna for varig opphald skal ha radonsperre mot grunn og konsentrasjon av radon i inneluft skal ikkje overstige 200 Bq/m3 og det skal setjast i verk tiltak dersom verdiar er høgare enn 100 Bq/m3.

    e. Det er ikkje tillate å brenne avfall, avfall frå tiltaket skal leverast på godkjent deponi.

    f. Plassering av tiltaket og beliggenhetskontroll skal utførast og i samsvar med vedlagte og godkjent situasjonskart.

    g. Fritidsbustaden kan ikkje takast i bruk før det er gjeve ferdigattest eller mellombels bruksløyve. Før det vert gjeve ferdigattest eller mellombels bruksløyve må:
        1. Det ligge føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest på vinterparkeringsplass på gnr. 41, bnr. 23.
        2. Det må ligge føre stadfesting frå vegstyra om at gnr. 40, bnr. 13 har vegrett frå enden av offentleg veg og fram til tomta.
        3. Det må ligge føre stadfesting om at gnr. 40, bnr. 13 har fylgjande rettar på gnr. 40, bnr. 3:
            - rett til sommerparkering på område Sp 2
            - rett til å bruke adkomststi frå sommerparkering og fram til tomta.
        4. Sommerparkering på gnr. 40, bnr. 3 og adkomststi må vere ferdig opparbeidd før byggegropa vert klargjort.
        5. Med bakgrunn i plan- og bygningsloven § 28-1, må det i samband med beliggenhetskontroll og innmåling av ny fritidsbustad bli dokumentert at OK golv for fritidsbustad difor bli plassert minst 5 meter høgare enn vasspegel i Trodverksåni.

6. Då det mangler erklæring om ansvarsrett frå føretak som skal utføre beliggenhetskontroll og innmåling av grunnmur må dette leggjast fram seinast ved søknad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve.
7. Kommunen må ha motteke SOSI-fil med data for innmålt grunnmur.

2. Ein kan ikkje sjå at omsøkte tiltak bryt med prinsippa i Naturmangfaldloven §§ 8-12, jfr. § 7, eller fører til negative konsekvensar for økosystem eller miljø.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til Bygland kommune, etter Plan- og bygningsloven § 1-9 og Forvaltningsloven §§ 28 - 32.
Evt. klage må jfr. Forvaltningsloven § 29 framsettast skriftelig innan 3 veker etter at de har motteke melding om vedtak. Ved evt. klage må de oppgi saksnummer, kva klaga gjeld og grunnen for at de meiner at klaga må takast til fylgje, vedlagt fylgjer informasjon om klage- og innsynsrett.

Sakshandsamingsgebyr :

Sakshandsamingsgebyret vert ettersendt til tiltakshavar:

3.2.4	§ 20-1, oppføring av ny fritidsbustad med 1 bueining	kr	12.989,-
	Sum	kr.	12.989,-

Gebyrregulativ for bygge- og delingssaker finn ein på Bygland kommune si heimeside:
http://www.bygland.kommune.no/byggesak.295097.nn.html

Ansvarleg søkjar er ansvarleg for å vidareformidle byggeløyve til sjølvbyggar og føretak som har erklært ansvarsrett.

Med helsing
Bygland kommune

Kåre Einar S. Larsen
Tenesteleiar Plan og Utvikling

Liv Elin Frøysnes Berg
Ingeniør byggesak

Vedlegg:
1 Orientering om eigedom teneste og gebyr
2 Orientering om klage og innsynsrett
3 Godkjent situasjonskart og bygningstegninger

Kopi til:

Svenny Karlson	Kjøpmannsvik, 4770 Høvåg, Ågerøyveien 48	4770	HØVÅG
Svein Jacob Vik Såghus	Kjøpmannsvik	4770	Høvåg
Even Simensen	Bygland kommune, kommunale avgifter		

Om dokumentet er sendt elektronisk, vil det mangle underskrift.

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

NILSEN BYGGTJENESTER AS
Konvallvegen 44
4706 VENNESLA

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2020/124-4	Liv Elin Frøysnes Berg liv.elin.berg@bygland.kommune.no	08.03.2020

BYGGELØYVE FOR NY FRITIDSBUSTAD PÅ GNR. 15, BNR. 167 PÅ REIÅRSFOSSEN CAMPING

Delegert sak nr.: 190/20

1. Bakgrunn for saka

Søknad er motteken 19.2.2020, tilleggsopplysningar er motteke 28.2.2020, 5.3.2020 og 6.3.2020. Kommunens samla sakshandsamingstid er vurdert til å vere innafor fristen på 3 veker jfr. Plan- og bygningsloven § 21-7, 2. ledd.

Søknaden gjeld oppføring av ny fritidsbustad på gnr. 15, bnr. 167 på Reiårsfossen Camping.
I søknaden er det søkt om bygningstype 529, men det er avklart på telefon med ansvarleg søkjar den 5.3.2020 at søknaden gjeld ny fritidsbustad med bygningstype 161.
Fritidsbustaden skal ha areal 58,2 m^2 BYA og er i 1 etg. med mønehøgde 4,5 m over gjennomsnittleg planert terreng, takvinkel 22 grader og utvendig liggande og ståande kledning og torv på taket. Det er også oppgitt på telefon med ansvarleg søkjar 5.3.2020 at eksisterande boder/uhus som er på tomta skal fjernast.

Tiltakshavar er Mai Britt Homme som har heimel til gnr. 15, bnr. 167.
Ansvarleg søkjar er Nilsen Byggtjenester AS.
Naboar er varsla og har ikkje merknader til tiltaket.

Fritidsbustaden skal plasserast i ein avstand av inntil 2 m frå felles grense mot gnr. 15, bnr. 158 i vest og, eigar av gnr. 15, bnr. 158 har gjeve samtykke til plasseringa i stadfesting av 27.2.2020 og på vilkår av at eigar av gnr. 15, bnr. 167 syter for naudsynt brannteknisk utføring.

Fritidsbustaden skal oppførast i område C2 som er regulert til hytter og heilårscamping, i tråd med vedteken reguleringsplan for Reiåsfossen Camping.
Jfr. reguleringsføresegnene er maks BYA på eigedomen 60 m^2, inkl. parkeringsplass på 18 m^2, dvs. at fritidsbustad kan oppførast med inntil BYA 42 m^2.
For denne eigedomen er det tinglyst avtale 25.11.2013, om rett til parkering i parkeringssone 6 (P 6) på gnr. 15, bnr. 107, og ein kan difor tillate bygging med BYA inntil 60 m^2, omsøkte tiltak med BYA 60 m^2 vurderast difor å vere i tråd med reguleringsføresegnene.

Fritidsbustaden skal koplast til kommunal vassleidning og privat avlaupsleidning.
Søknad om tilkopling til kommunal vassleidning fylgjer søknaden, det same gjer stadfesting om tilkopling til privat avlaupsanlegg, anlegg sør.
Privat adkomstveg frå Rv 9 er regulert og vurdert til å vere opparbeidd i tråd med reg.plan.

Oversikt over ansvarsfordeling for tiltaket går fram av gjennomføringsplanen versjon 1, som fylgjer søknaden. Tiltaket er i tiltaksklasse 1 og alle føretak som har erklært ansvarsrett har sentral godkjenning eller kan få lokal godkjenning, tiltaket er vurdert til å vere detta med naudsynt ansvarsrett.

2. Tilhøve til gjeldande lovverk og planar

* Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) av 27.06.2008, nr. 71.
* Forskrift om byggesak (Byggesaksforskriften) av 26.03.2010, nr. 488.
* Forskrift om teknisk krav til byggverk (Byggteknisk forskrift) av 26.03.2010, nr. 489.
* Naturmangfaldlova §§ 8-12, jfr. § 7.
* Reguleringsplan for Reiåsfossen Camping.

3. Vurderingar

Søknaden vurderast å vere i tråd med plan- og bygningsloven, og reguleringsplan for området og naboar har samtykka til plassering.

Jfr. NVE –atlas er dette området teoretisk sett utsett for flaumfare, men det omsøkte tiltaket er vurdert til å vere i samsvar med kommunens nyaste opplysningar om flaumfare i området, jfr. Notat frå Norconsult AS av 18.12.2019..

Administrativt vedtak:

I medhald av Kommunelova § 23, pkt. 4 og politisk vedtak i kommunestyret 14.12.2016, sak 81/16, delegering til rådmannen, samt vidare delegasjon frå rådmannen 3.10.2018, delegasjonssaknr.: 448/18 er det gjort fylgjande vedtak:

1. Det blir gitt byggeløyve for fritidsbustad på gnr. 15, bnr. 167, i medhald av plan- og bygningsloven § 20-1 og § 21-4 som omsøkt på fylgjande vilkår:

   a. Løyve til tiltak fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan 3 år.
   Det same gjeld dersom tiltaket stoppar opp i lengre tid enn 2 år.
   Fristane kan ikkje forlengast, jfr. pbl § 21-9, 1. ledd.

   b. Dersom det vert skifte av tiltakshavar før tiltaket er fullført, skal dette meldast til kommunen, både av den som først hadde tiltaket og den nye.
   Det same gjeld ved skifte av eigar jfr. pbl § 23-2.

   c. Det må førast nødvendig kontroll, slik at tiltaket ikkje strir mot reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven med tilhøyrande forskrifter, gjeldande reguleringsplan eller byggeløyve. Kommunen kan føre tilsyn med at tiltak blir gjennomført i samsvar med lov, plan og løyve og godkjende bygningsteikningar og situasjonskart skal difor alltid vere tilgjengelig på byggeplass.

   d. Det er ikkje tillate å brenne avfall, avfall frå tiltaket skal leverast på godkjent deponi.

   e. Plassering av tiltaket og beliggenhetskontroll skal utførast i samsvar med stikningsplan/situasjonskart datert 10.2.2020, godkjent 8.3.2020.

   Grunngjeving for å godkjenne plassering nærmare nabogrense enn 4 meter er at nabo har gjeve samtykke.

   f. Eksisterand bygg og boder som er sett opp på tomta må fjernast.

g. Tiltaket kan ikkje takast i bruk før det er gjeve ferdigattest eller mellombels bruksløyve. Før det kan bli gitt ferdigattest eller mellombels bruksløyve må:
   - Veg, parkering og utomhusareal må vere opparbeidd.
   - Kommunen må ha motteke SOSI-fil med data for innmålt grunnmur, stikkleding og utvendig stoppekran.

2. Bygland kommune som eigar av kommunal vassleidning godkjenner tilkopling til kommunal hovudvassleidning på vilkår av at hytteeigar monter utvendig stoppekran på stikkledningen, vassmålar og monterer trykkreduksjonsventil. Stikkleidningar må målast inn.

3. Ein kan ikkje sjå at omsøkte tiltak bryt med prinsippa i Naturmangfaldloven §§ 8-12, jfr. § 7, eller fører til negative konsekvensar for økosystem eller miljø.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til Bygland kommune, etter Plan- og bygningsloven § 1-9 og Forvaltningsloven §§ 28 - 32.
Evt. klage må jfr. Forvaltningsloven § 29 framsettast skriftelig innan 3 veker etter at de har motteke melding om vedtak. Ved evt. klage må de oppgi saksnummer, kva klaga gjeld og grunnen for at de meiner at klaga må takast til fylgje. Vedlagt fylgjer meir informasjon om klage- og innsynsrett.

Sakshandsamingsgebyr :

Sakshandsamingsgebyret vert ettersendt til tiltakshavar:

3.2.4	§ 20-1, oppføring av ny fritidsbustad med 1 bueining	kr	12.989,-
Sum		kr.	12.989,-

Gebyrregulativ for bygge- og delingssaker finn ein på Bygland kommune si heimeside:
http://www.bygland.kommune.no/byggesak.295097.nn.html

Ansvarleg søkjar er ansvarleg for å vidareformidle byggeløyve til føretak som har erklært ansvarsrett.

Med helsing
Bygland kommune

Kåre Einar S. Larsen
Tenesteleiar Plan og Utvikling

Liv Elin Frøysnes Berg
Ingeniør byggesak

Vedlegg:
1 Orientering om eigedom teneste og gebyr
2 Orientering om klage og innsynsrett
3 Godkjent situasjonskart og bygningstegninger

Kopi til:

Mai Britt Homme	Osefeti 104	4745	Bygland
Kjell Øyvind Berg	Tenesteleiar DFV	4745	Bygland
Even Simensen	Kommunale avgifter	4745	Bygland

Om dokumentet er sendt elektronisk, vil det mangle underskrift.

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

SMELAND BYGGSERVICE AS
Malmvegen 1
4735 EVJE

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2020/97-4	Liv Elin Frøysnes Berg liv.elin.berg@bygland.kommune.no	14.02.2020

FERDIGATTEST FOR TILBYGG TIL FRITIDSBUSTAD PÅ GNR. 56, BNR 34 PÅ LANGENESØYNI

Delegert sak nr.: 123/20

Opplysningar om saka:

***Byggjestad**:* *Gnr. 56, bnr. 34 på Langenesøyni*
***Tiltakshavar**:* *Marion Bird og Elisabeth Barnes*
Smeland Byggservice AS har hjelpt til med søknaden

Komplett søknad om ferdigattest vedlagt er motteken 14.2.2020.
Sakshandsamingstid for ferdigattesten er innaføre fristen på 3 veker
jfr. plan- og bygningsloven § 21-7, 6. ledd.

Byggeløyve vart godkjent etter delegert mynde den 18.5.2015, i administrativt vedtak 81/15.

Med bakgrunn i opplysningar i søknad om ferdigattest vurderar ein at vilkår sett i byggeløyvet er oppfylte.

I søknad om ferdigattest vert det stadfesta at tiltaket tilfredstillar krava til ferdigattest, og at det ikkje er gjort søknadspliktige endringar/justeringar i høve løyvet.

Det er også stadfesta at FVD –dokumentasjon for bygget er overlevert til byggverkets eigar.

Administrativt vedtak:
I medhald av Kommunelova § 23, pkt. 4 og politisk vedtak i kommunestyret 14.12.2016, sak 81/16, delegering til rådmannen, samt vidare delegasjon frå rådmannen 3.10.2018, delegasjonssaknr.: 448/18 er det gjort fylgjande vedtak:

1. Søknad om ferdigattest for tilbygg til fritidsbustad på gnr. 56, bnr. 34 på Langenseøyni vert godkjent i medhald av plan- og bygningsloven (2008) § 21-10 og SAK 10 §§ 8-1 og 8-2 som omsøkt.

2. Bygningen, eller delar av den, må ikkje brukast til andre føremål enn det løyvet gjeld for, bruksendring (20-1, pkt. d) krev særskild løyve.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til Bygland kommune, etter Plan- og bygningsloven § 1-9 og Forvaltningsloven §§ 28 - 32. Evt. klage må jfr. Forvaltningsloven § 29 framsettast skriftelig innan 3 veker etter at de har motteke melding om vedtak. Ved evt. klage må de oppgi saksnummer, kva klaga gjeld og grunnen for at de meiner at klaga må takast til fylgje.
Vedlagt fylgjer meir informasjon om klage- og innsynsrett.

Generelle opplysningar om ferdigattest:

- Ferdigattest er ei stadfesting på at Bygland kommune som bygningsmynde har motteke naudsynt dokumentasjon for å avslutte byggesaka og gir eigar grunnlag for å ta bygget/tiltaket i bruk.

- Dersom ferdigattest er gitt på sviktande grunnlag kan den bli trekt tilbake og ansvar for evt. feil og manglar gjeld framleis sjølv om kommunen har gitt ferdigattest. Bygland kommune som bygningsmynde kan gi pålegg i fem år etter at ferdigattesten er gitt.

Med helsing
Bygland kommune

Kåre Einar S. Larsen
Tenesteleiar Plan og Utvikling

Liv Elin Frøysnes Berg
Ingeniør byggesak

Vedlegg:
1 Orientering om klage og innsynsrett

Kopi til:
Marion Bird – ber om at Smeland Byggservice formidlar
Elisabeth Barnes – ber om at Smeland Byggservice AS formidlar

Om dokumentet er sendt elektronisk, vil det mangle underskrift.

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Arild Gundhus
General Birchs Gate 32 B
0454 Oslo

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2020/101-4	Liv Elin Frøysnes Berg liv.elin.berg@bygland.kommune.no	26.02.2020

FERDIGATTEST FOR TILBYGG TIL UTHUS PÅ GNR. 54, BNR. 41 VED LONGERAK

Delegert sak nr.: 167/20

Opplysningar om saka:

Byggjestad: *Gnr. 54, bnr. 41 ved Longerak*
Tiltakshavar: *Jorunn Gundhus og Arild Gundhus som har heimel til gnr. 54, bnr. 41. Byggmester Kjetil Vegusdal AS har hjelpt til med søknaden.*

Søknad om ferdigattest er motteken 21.2.2020.
Kommunens sakshandsamingstid for ferdigattesten er innaføre fristen på 3 veker jfr. plan- og bygningsloven § 21-7, 6. ledd.

Dispensasjon frå kommuneplanen vert godkjent av plan-, miljø- og ressursutvalet i møte 24.11.2015, sak 92/15. Igangsettingsløyve vart godkjent etter delegert mynde i administrativt vedtak 29.12.2015, sak 566/15.

Med bakgrunn i opplysningar i søknad om ferdigattest vurderar ein at vilkår sett i løyve til dispensasjon og igangsettingsløyve er oppfylte.

I søknad om ferdigattest vert det stadfesta at tiltaket tilfredstillar krava til ferdigattest, og at det ikkje er gjort søknadspliktige endringar/justeringar i høve løyvet.
Det er også stadfesta at tilstrekkelig FVD –dokumentasjon for bygget er overlevert til byggverkets eigar.

Administrativt vedtak:
I medhald av Kommunelova § 23, pkt. 4 og politisk vedtak i kommunestyret 14.12.2016, sak 81/16, delegering til rådmannen, samt vidare delegasjon frå rådmannen 3.10.2018, delegasjonssaknr.: 448/18 er det gjort fylgjande vedtak:

1. Søknad om ferdigattest for tilbygg til uthus på gnr. 54, bnr. 41 ved Longerak vert godkjent i medhald av plan- og bygningsloven (2008) § 21-10 og SAK 10 §§ 8-1 og 8-2 som omsøkt.

2. Bygningen, eller delar av den, må ikkje brukast til andre føremål enn det løyvet gjeld for, bruksendring (20-1, pkt. d) krev særskild løyve.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til Bygland kommune, etter Plan- og bygningsloven § 1-9 og Forvaltningsloven §§ 28 - 32. Evt. klage må jfr. Forvaltningsloven § 29 framsettast skriftelig innan 3 veker etter at de har motteke melding om vedtak. Ved evt. klage må de oppgi saksnummer, kva klaga gjeld og grunnen for at de meiner at klaga må takast til fylgje.
Vedlagt fylgjer meir informasjon om klage- og innsynsrett.

Generelle opplysningar om ferdigattest:

- Ferdigattest er ei stadfesting på at Bygland kommune som bygningsmynde har motteke naudsynt dokumentasjon for å avslutte byggesaka og gir eigar grunnlag for å ta bygget/tiltaket i bruk.

- Dersom ferdigattest er gitt på sviktande grunnlag kan den bli trekt tilbake og ansvar for evt. feil og manglar gjeld framleis sjølv om kommunen har gitt ferdigattest. Bygland kommune som bygningsmynde kan gi pålegg i fem år etter at ferdigattesten er gitt.

Med helsing
Bygland kommune

Kåre Einar S. Larsen
Tenesteleiar Plan og Utvikling

Liv Elin Frøysnes Berg
Ingeniør byggesak

Vedlegg:
1 Orientering om klage og innsynsrett

Kopi til:

Jorunn Gundhus	Mårdalen 39	5236	Rådal
BYGGMESTER KJETIL VEGUSDAL AS	Nautedalsvegen 18	4745	BYGLAND

Om dokumentet er sendt elektronisk, vil det mangle underskrift.

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Arne Haugetveit
Gardelene 24
4745 Bygland

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2019/439-21	Liv Elin Frøysnes Berg liv.elin.berg@bygland.kommune.no	15.03.2020

FERDIGATTEST FOR GARASJE PÅ GNR. 20, BNR. 6 I ÅRAKSBØ

Delegert sak nr.: 219/20

Opplysningar om saka:

Byggjestad: *Gnr. 20, bnr. 6 i Åraksbø*
Tiltakshavar: *Arne Haugetveit som har heimel til gnr. 20, bnr. 6*
Ansvarleg søkjar: *Arne Haugetveit som «sjølvbyggar» jfr. Byggesaksforskrifta § 6-8.*

Søknad om ferdigattest er motteken 5.3.2020, SOSI-fil frå landmålar er motteken 11.3.2020. Samla sakshandsamingstid for ferdigattesten er vurdert til å vere innaføre fristen på 3 veker jfr. plan- og bygningsloven § 21-7, 6. ledd.

Dispensasjon og byggeløyve for ny garasje vart godkjent av plan-, miljø- og ressursutvalet i møte 19.11.2019 sak 104/19.

Med bakgrunn i opplysningar i søknad om ferdigattest vurderar ein at vilkår sett i byggeløyvet er oppfylte.

I søknad om ferdigattest vert det stadfesta at tiltaket tilfredstillar krava til ferdigattest, og at det ikkje er gjort søknadspliktige endringar/justeringar i høve løyvet. Samsvarserklæring frå tiltakshavar som sjølvbyggar og Landmålar Sør AS fylgjer søknaden.

Det er også stadfesta at FVD –dokumentasjon for bygget er overlevert til byggverkets eigar.

Administrativt vedtak:
I medhald av Kommunelova § 23, pkt. 4 og politisk vedtak i kommunestyret 14.12.2016, sak 81/16, delegering til rådmannen, samt vidare delegasjon frå rådmannen 3.10.2018, delegasjonssaknr.: 448/18 er det gjort fylgjande vedtak:

1. Søknad om ferdigattest for garasje på gnr. 20, bnr. 6 i Åraksbø vert godkjent i medhald av plan- og bygningsloven (2008) § 21-10 og SAK 10 §§ 8-1 og 8-2 som omsøkt.

2. Bygningen, eller delar av den, må ikkje brukast til andre føremål enn det løyvet gjeld for, bruksendring (20-1, pkt. d) krev særskild løyve.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til Bygland kommune, etter Plan- og bygningsloven § 1-9 og Forvaltningsloven §§ 28 - 32. Evt. klage må jfr. Forvaltningsloven § 29 framsettast skriftelig innan 3 veker etter at de har motteke melding om vedtak. Ved evt. klage må de oppgi saksnummer, kva klaga gjeld og grunnen for at de meiner at klaga må takast til fylgje.
Vedlagt fylgjer meir informasjon om klage- og innsynsrett.

Generelle opplysningar om ferdigattest:

- Ferdigattest er ei stadfesting på at Bygland kommune som bygningsmynde har motteke naudsynt dokumentasjon for å avslutte byggesaka og gir eigar grunnlag for å ta bygget/tiltaket i bruk.

- Dersom ferdigattest er gitt på sviktande grunnlag kan den bli trekt tilbake og ansvar for evt. feil og manglar gjeld framleis sjølv om kommunen har gitt ferdigattest. Bygland kommune som bygningsmynde kan gi pålegg i fem år etter at ferdigattesten er gitt.

- Ansvarleg søkjar må informere ansvarlege føretak om ferdigattesten.

Med helsing
Bygland kommune

Kåre Einar S. Larsen
Tenesteleiar Plan og Utvikling

Liv Elin Frøysnes Berg
Ingeniør byggesak

Vedlegg:
1 Orientering om klage og innsynsrett

Om dokumentet er sendt elektronisk, vil det mangle underskrift.

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

RJA BYGG OG
PROSJEKTERING AS
Åmland 30
4735 EVJE

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2018/62-6	Liv Elin Frøysnes Berg liv.elin.berg@bygland.kommune.no	20.03.2020

FERDIGATTEST FOR REHABILITEING AV PIPE PÅ GNR. 2, BNR. 8 PÅ LANGEID

Delegert sak nr.: 238/20

Opplysningar til saka:

***Byggjestad**:* *Gnr 2, bnr 8, bygningsnr. 167881157, bygg type nr. 163, våningshus som benyttes som fritidsbolig.*
***Tiltakshavar**:* *Ingebjørg Sordal og Jan Robberstad*
***Ansvarleg søkjar**:* *RJA Bygg og Prosjektering AS*

Komplett søknad om ferdigattest vedlagt gjennomføringsplan versjon 2, er motteken 19.3.2020. Kommunens samla sakshandsamingstid for ferdigattesten er innaføre fristen på 3 veker jfr. plan- og bygningsloven § 21-7, 6. ledd.

Løyve til å rehabilitere pipe på gnr. 2, bnr. 8 på Langeid vart godkjent den 2.2.2018 i delegasjonssak 50/18.
Med bakgrunn i opplysningar i søknad om ferdigattest vurderar ein at vilkår sett i løyvet er oppfylte.

I søknad om ferdigattest vert det stadfesta at tiltaket tilfredstillar krava til ferdigattest, og at det ikkje er gjort søknadspliktige endringar/justeringar i høve løyvet.
Det er også stadfesta at FVD –dokumentasjon for tiltaket er overlevert til tiltakshavar.

Administrativt vedtak:

I medhald av Kommunelova § 23, pkt. 4 og politisk vedtak i kommunestyret 14.12.2016, sak 81/16, delegering til rådmannen, samt vidare delegasjon frå rådmannen 3.10.2018, delegasjonssaknr.: 448/18 er det gjort fylgjande vedtak:

1. Søknad om ferdigattest for å rehabilitere pipe på gnr. 2 bnr. 8 på Langeid vert godkjent i medhald av plan- og bygningsloven (2008) § 21-10 og SAK 10 §§ 8-1 og 8-2 som omsøkt.

Ferdigattest er ikkje ei stadfesting på kvaliteten på tiltaket, men ei stadfesting av at Bygland kommune som bygningsmynde avsluttar byggesaka.

Klagerett:
Vedtaket kan påklagast til Bygland kommune, etter Plan- og bygningsloven § 1-9 og Forvaltningsloven §§ 28 - 32.
Evt. klage må jfr. Forvaltningsloven § 29 framsettast skriftelig innan 3 veker etter at de har motteke melding om vedtak. Ved evt. klage må de oppgi saksnummer, kva klaga gjeld og grunnen for at de meiner at klaga må takast til fylgje. Vedlagt fylgjer meir informasjon om klage- og innsynsrett.

Generelle opplysningar om ferdigattest:

- Ferdigattest er ei stadfesting på at Bygland kommune som bygningsmynde har motteke naudsynt dokumentasjon for å avslutte byggesaka og gir eigar grunnlag for å ta bygget/tiltaket i bruk.
- Dersom ferdigattest er gitt på sviktande grunnlag kan den bli trekt tilbake og ansvar for evt. feil og manglar gjeld framleis sjølv om kommunen har gitt ferdigattest. Bygland kommune som bygningsmynde kan gi pålegg i fem år etter at ferdigattesten er gitt.
- Når ferdigattest er gjeven, vert eigedomen ført inn i register for kommunale tenester, vedlagt fylgjer informasjon om tenester og gebyr i Bygland kommune.
- Ansvarleg søkjar må informere ansvarlege føretak om ferdigattesten.
- Ein ber også om at ansvarleg søkjar vidareformidlar løyvet til tiltakshavar Ingebjørg Sordal som er busett i Danmark.
- **Ein gjer merksam på at det er ansvarleg søkjar/tiltakshavar sitt ansvar å gi melding til Setesdal Brannvesen IKS om installasjon og endringar på pipe og eldstad.**
  For å sende melding kan ein nytte skjema som ein finn på Brannvesnet si heimeside:
  https://www.sb-iks.no/melding-om-installering-av-ildsted.485906.no.html

Med helsing
Bygland kommune

Kåre Einar Skaiå Larsen
Tenesteleiar plan og utvikling

Liv Elin Frøysnes Berg
Ingeniør byggesak

Vedlegg:
1 Orientering om eigedom teneste og gebyr
2 Orientering om klage og innsynsrett

Kopi til:

Jan Robberstad	Kvernhusheia 11 D	4634	KRISTIANSAND S
SETESDAL BRANNVESEN IKS	Verksvegen 48	4735	EVJE
Even Simensen	Kommunale avgifter		Bygland kommune

Om dokumentet er sendt elektronisk, vil det mangle underskrift.

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

BYGGMESTER
KJETIL VEGUSDAL AS
Nautedalsvegen 18
4745 BYGLAND

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2018/213-7	Liv Elin Frøysnes Berg liv.elin.berg@bygland.kommune.no	26.02.2020

FERDIGATTEST FOR TILBYGG TIL FRITIDSBUSTAD PÅ GNR. 15, BNR. 67 VED REIÅRSVATN

Delegert sak nr.: 166/20

Opplysningar om saka:

Byggjestad: *Gnr. 15, bnr. 67 ved Reiårsvatn*
Tiltakshavar: *Toril Dørum Gundersen og Ådne Olav Gundersen som har heimel til gnr. 15, bnr. 67.*
Ansvarleg søkjar: *Byggmester Kjetil Vegusdal AS*

Komplett søknad om ferdigattest vedlagt gjennomføringsplan versjon 2, er motteken 24.2.2020. Kommunens sakshandsamingstid for ferdigattesten er innaføre fristen på 3 veker jfr. plan- og bygningsloven § 21-7, 6. ledd.

Byggeløyve for tilbygg vart godkjent etter delegert mynde den 13.6.2018 i delegasjonssak 281/18.

Med bakgrunn i opplysningar i søknad om ferdigattest vurderer ein at vilkår sett i byggeløyvet er oppfylte.

Ansvarleg søkjar stadfester i gjennomføringsplan at han har motteke samsvarserklæring frå alle føretak innaføre alle ansvarsområda og at arbeid innafor ansvarsområda er avslutta.

I søknad om ferdigattest vert det stadfesta at tiltaket tilfredstillar krava til ferdigattest, og at det ikkje er gjort søknadspliktige endringar/justeringar i høve løyvet.

Det er også stadfesta at FVD –dokumentasjon for bygget er overlevert til byggverkets eigar.

Administrativt vedtak:
I medhald av Kommunelova § 23, pkt. 4 og politisk vedtak i kommunestyret 14.12.2016, sak 81/16, delegering til rådmannen, samt vidare delegasjon frå rådmannen 3.10.2018, delegasjonssaknr.: 448/18 er det gjort fylgjande vedtak:

1. Søknad om ferdigattest for tilbygg til fritidsbustad på gnr. 15, bnr. 67 ved Reiårsvatn vert godkjent i medhald av plan- og bygningsloven (2008) § 21-10 og SAK 10 §§ 8-1 og 8-2 som omsøkt.

2. Bygningen, eller delar av den, må ikkje brukast til andre føremål enn det løyvet gjeld for, bruksendring (20-1, pkt. d) krev særskild løyve.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til Bygland kommune, etter Plan- og bygningsloven § 1-9 og Forvaltningsloven §§ 28 - 32. Evt. klage må jfr. Forvaltningsloven § 29 framsettast skriftelig innan 3 veker etter at de har motteke melding om vedtak. Ved evt. klage må de oppgi saksnummer, kva klaga gjeld og grunnen for at de meiner at klaga må takast til fylgje.
Vedlagt fylgjer meir informasjon om klage- og innsynsrett.

Generelle opplysningar om ferdigattest:

- Ferdigattest er ei stadfesting på at Bygland kommune som bygningsmynde har motteke naudsynt dokumentasjon for å avslutte byggesaka og gir eigar grunnlag for å ta bygget/tiltaket i bruk.

- Dersom ferdigattest er gitt på sviktande grunnlag kan den bli trekt tilbake og ansvar for evt. feil og manglar gjeld framleis sjølv om kommunen har gitt ferdigattest. Bygland kommune som bygningsmynde kan gi pålegg i fem år etter at ferdigattesten er gitt.

- Ansvarleg søkjar må informere ansvarlege føretak om ferdigattesten.

Med helsing
Bygland kommune

Kåre Einar S. Larsen
Tenesteleiar Plan og Utvikling

Liv Elin Frøysnes Berg
Ingeniør byggesak

Vedlegg:
1 Orientering om klage og innsynsrett

Kopi til:

Toril Dørum Gundersen	Åsveien 24	4879	Grimstad
Ådne Olav Gundersen	Åsveien 24	4879	Grimstad

Om dokumentet er sendt elektronisk, vil det mangle underskrift.

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

RJA BYGG OG PROSJEKTERING
AS
Åmland 30
4735 EVJE

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2018/257-23	Bjørn Mikal Engestøl bjorn.mikal.engestol@iveland.kommune.no	18.02.2020

Delegasjonssaknr.: 127/20

FERDIGATTEST PÅ BRUKSENDRING OG TILBYGG TIL PRODUKSJONSLOKALE, GNR. 14, BNR. 34

Bygland kommune viser til søknad om ferdigattest for bruksendring og tilbygg til produksjonslokale motteke 14.2.2020.

Kommunen gir hermed ferdigattest for ovannemnte tiltak, jf plan- og bygningsloven § 21-10.

Ferdigattesten gis etter søknad når det føreligg nødvendig sluttdokumentasjon og fråsegn om ferdigstilling, jf. byggesaksforskriften § 8-1.

Ferdigattesten er ikkje ei stadfesting på byggets tekniske kvalitet, men ei stadfesting på bygningsmyndigheita si avslutning av saka.

Bygninga, eller deler av den, må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det som er fastsett i den tillatinga som er gjeven.

Dersom du har noen spørsmål, ta kontakt med kommunen, ved sakshandsamar.

Med helsing
Bygland kommune

Kåre Einar S. Larsen
Tenesteleiar Plan og Utvikling

Bjørn Mikal Engestøl
sakshandsamar

Kopi til:

OSE EIENDOM AS	Austad 84	4745	BYGLAND
Even Simensen	Kommunale avgifter	4745	Bygland
Kjell Øyvind Berg	Tenesteleiar DFV	4745	Bygland

Om dokumentet er sendt elektronisk, vil det mangle underskrift.

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

NILSEN BYGGTJENESTER AS
Konvallvegen 44
4706 VENNESLA

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2018/312-17	Liv Elin Frøysnes Berg liv.elin.berg@bygland.kommune.no	28.02.2020

FERDIGATTEST FOR FRITIDSBUSTAD PÅ GNR. 15, BNR 147 PÅ REIÅRSFOSSEN CAMPING

Delegert sak nr.: 175/20

Opplysningar om saka:

***Byggjestad**:* *Gnr. 15, bnr. 147 på Reiårsfossen Camping*
***Tiltakshavar**:* *Omar Jørgen Hegland*
***Ansvarleg søkjar**:* *Nilsen Byggtjenester AS*

Komplett søknad om ferdigattest vedlagt gjennomføringsplan versjon 2, er motteken 29.5.2014.
Søknad om ferdigattest er motteken 14.1.2020, tilleggsopplysningar er motteke 28.2.2020.
Samla sakshandsamingstid for ferdigattesten er innaføre fristen på 3 veker jfr. plan- og bygningsloven § 21-7, 6. ledd.

Rammeløyve for fritidsbustad vart gjeve etter delegert mynde 2.7.2018, sak 336/18.
Igangsettingsløyve for plassering, grunnarbeid og stikkleidning var gjeve 3.7.2018, sak 341/18.
Igangsettingsløyve for resterande arbeid vart gjeve 25.9.2018, sak 433/18.

Med bakgrunn i opplysningar i søknad om ferdigattest vurderer ein at vilkår sett i rammeløyve og igangsettingsløyver er oppfylte.

Ansvarleg søkjar stadfester i gjennomføringsplan at han har motteke samsvarserklæring frå alle føretak innaføre alle ansvarsområda og at arbeid innafor ansvarsområda er avslutta.

I søknad om ferdigattest vert det stadfesta at tiltaket tilfredstillar krava til ferdigattest, og at det ikkje er gjort søknadspliktige endringar/justeringar i høve løyvet.

Det er også stadfesta at FVD –dokumentasjon for bygget er overlevert til byggverkets eigar.

Administrativt vedtak:
I medhald av Kommunelova § 23, pkt. 4 og politisk vedtak i kommunestyret 14.12.2016, sak 81/16, delegering til rådmannen, samt vidare delegasjon frå rådmannen 3.10.2018, delegasjonssaknr.: 448/18 er det gjort fylgjande vedtak:

1. Søknad om ferdigattest for fritidsbustad på gnr. 15, bnr. 147 på Reiårsfossen Camping vert godkjent i medhald av plan- og bygningsloven (2008) § 21-10 og SAK 10 §§ 8-1 og 8-2 som omsøkt.

2. Bygningen, eller delar av den, må ikkje brukast til andre føremål enn det løyvet gjeld for, bruksendring (20-1, pkt. d) krev særskild løyve.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til Bygland kommune, etter Plan- og bygningsloven § 1-9 og Forvaltningsloven §§ 28 - 32. Evt. klage må jfr. Forvaltningsloven § 29 framsettast skriftelig innan 3 veker etter at de har motteke melding om vedtak. Ved evt. klage må de oppgi saksnummer, kva klaga gjeld og grunnen for at de meiner at klaga må takast til fylgje.
Vedlagt fylgjer meir informasjon om klage- og innsynsrett.

Generelle opplysningar om ferdigattest:

- Ferdigattest er ei stadfesting på at Bygland kommune som bygningsmynde har motteke naudsynt dokumentasjon for å avslutte byggesaka og gir eigar grunnlag for å ta bygget/tiltaket i bruk.

- Dersom ferdigattest er gitt på sviktande grunnlag kan den bli trekt tilbake og ansvar for evt. feil og manglar gjeld framleis sjølv om kommunen har gitt ferdigattest. Bygland kommune som bygningsmynde kan gi pålegg i fem år etter at ferdigattesten er gitt.

- Når ferdigattest er gjeven, vert eigedomen ført inn i register for kommunale tenester, vedlagt fylgjer informasjon om tenester og gebyr i Bygland kommune.

- Ansvarleg søkjar må informere ansvarlege føretak om ferdigattesten.

Med helsing
Bygland kommune

Kåre Einar S. Larsen
Tenesteleiar Plan og Utvikling

Liv Elin Frøysnes Berg
Ingeniør byggesak

Vedlegg:
1 Orientering om klage og innsynsrett
2 Orientering om eigedom teneste og gebyr

Kopi til:

Omar Jørgen Hegland	Eikebakken 33	4708	Vennesla
SETESDAL BRANNVESEN IKS	Verksvegen 48	4735	EVJE
Kjell Øyvind Berg	Tenesteleiar DFV		Bygland kommune
Even Simensen	Kommunale avgifter		Bygland kommune

Om dokumentet er sendt elektronisk, vil det mangle underskrift.

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

ARKITEKT LINDESNES SIV.ARK.
SENAD B
Nordre Valle 2
4520 LINDESNES

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2018/507-11	Bjørn Mikal Engestøl bjorn.mikal.engestol@iveland.kommune.no	27.02.2020

FERDIGATTEST RIDEHALL PÅ GNR./BNR 47/26 KVS-BYGLAND

Delegert sak nr.: 173/20

Bygland kommune viser til søknad om ferdigattest for ridehall motteke 24.2.2020.

Kommunen gir hermed ferdigattest for ovannemnte tiltak, jf plan- og bygningsloven § 21-10.

Ferdigattesten gis etter søknad når det føreligg nødvendig sluttdokumentasjon og fråsegn om ferdigstilling, jf. byggesaksforskriften § 8-1.

Ferdigattesten er ikkje ei stadfesting på byggets tekniske kvalitet, men ei stadfesting på bygningsmyndigheita si avslutning av saka.

Bygninga, eller deler av den, må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det som er fastsett i den tillatinga som er gjeven.

Dersom du har noen spørsmål, ta kontakt med kommunen, ved sakshandsamar.

Med helsing
Bygland kommune

Kåre Einar S. Larsen
Tenesteleiar Plan og Utvikling

Bjørn Mikal Engestøl
Sakshandsamar

Kopi til:

Kjell Øyvind Berg	Tenesteleiar DFV	4745	Bygland
SETESDAL BRANNVESEN IKS	Verksvegen 48	4735	EVJE

Om dokumentet er sendt elektronisk, vil det mangle underskrift.

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

ARKITEKT LINDESNES SIV.ARK.
SENAD B
Nordre Valle 2
4520 LINDESNES

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2018/507-12	Bjørn Mikal Engestøl bjorn.mikal.engestol@iveland.kommune.no	27.02.2020

FERDIGATTEST UTSLIPP AV AVLØPSVATN TIL TETT TANK PÅ GNR./BNR 47/26 KVS-BYGLAND

Delegert sak nr.: 174/20

Bygland kommune viser til søknad om ferdigattest for avløpsanlegg tett tank motteke 24.2.2020.

Kommunen gir hermed ferdigattest for ovannemnte tiltak, jf plan- og bygningsloven § 21-10.

Ferdigattesten gis etter søknad når det føreligg nødvendig sluttdokumentasjon og fråsegn om ferdigstilling, jf. byggesaksforskriften § 8-1.

Ferdigattesten er ikkje ei stadfesting på anleggets tekniske kvalitet, men ei stadfesting på bygningsmyndigheita si avslutning av saka.

Anlegget vil etter at det er ferdigmeldt bli med i kommunal slamtømmeordning som innebere tømming av tett tank kvart 2. år.
Ved evt. behov for oftare slamtømming må anleggseigar sjølve syte for slamtømming. Slik ekstra slamtømming skal bestillast gjennom Bygland kommune.

Dersom du har noen spørsmål, ta kontakt med kommunen, ved sakshandsamar

Med helsing
Bygland kommune

Kåre Einar S. Larsen
Tenesteleiar Plan og Utvikling

Bjørn Mikal Engestøl
Sakshandsamar

Kopi til:
Kjell Øyvind Berg Tenesteleiar DFV 4745 Bygland

Om dokumentet er sendt elektronisk, vil det mangle underskrift.

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

TELENOR NORGE AS
Bente Husa
Postboks 7150
5020 BERGEN

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2019/108-5	Liv Elin Frøysnes Berg liv.elin.berg@bygland.kommune.no	26.02.2020

FERDIGATTEST FOR NY TELENOR-MAST PÅ GNR. 54, BNR. 4 PÅ LONGERAK

Delegert sak nr.: 168/20

Opplysningar om saka:

Byggjestad: *Gnr. 54, bnr. 4 på Longerak*
Tiltakshavar: *Telenor Norge AS v/Bente Husa,*
Eivind Greibrokk har heimelen til gnr. 54, bnr. 4.
Ansvarleg søkjar: *Telenor Norge AS v/Bente Husa*

Søknad om ferdigattest er motteken 25.2.2020.
Kommunens sakshandsamingstid for ferdigattesten er innaføre fristen på 3 veker jfr. plan- og bygningsloven § 21-7, 6. ledd.

Dispensasjon frå kommuneplanens arealføremål og byggeløyve for ny nødnett-mast vart godkjent etter delegert mynde 4.7.2014 i administrativt vedtak 115/14.

Med bakgrunn i opplysningar i søknad om ferdigattest vurderar ein at vilkår sett i byggeløyvet er oppfylte.

I søknad om ferdigattest vert det stadfesta at tiltaket tilfredstillar krava til ferdigattest, og at det ikkje er gjort søknadspliktige endringar/justeringar i høve løyvet.

Administrativt vedtak:
I medhald av Kommunelova § 23, pkt. 4 og politisk vedtak i kommunestyret 14.12.2016, sak 81/16, delegering til rådmannen, samt vidare delegasjon frå rådmannen 3.10.2018, delegasjonssaknr.: 448/18 er det gjort fylgjande vedtak:

1. Søknad om ferdigattest for ny nødnett-mast på gnr. 54, bnr. 4 på Longerak vert godkjent i medhald av plan- og bygningsloven (2008) § 21-10 og SAK 10 §§ 8-1 og 8-2 som omsøkt.

2. Tiltaket, eller delar av det, må ikkje brukast til andre føremål enn det løyvet gjeld for, bruksendring (20-1, pkt. d) krev særskild løyve.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til Bygland kommune, etter Plan- og bygningsloven § 1-9 og Forvaltningsloven §§ 28 - 32. Evt. klage må jfr. Forvaltningsloven § 29 framsettast skriftelig innan 3 veker etter at de har motteke melding om vedtak. Ved evt. klage må de oppgi saksnummer, kva klaga gjeld og grunnen for at de meiner at klaga må takast til fylgje.
Vedlagt fylgjer meir informasjon om klage- og innsynsrett.

Generelle opplysningar om ferdigattest:

- Ferdigattest er ei stadfesting på at Bygland kommune som bygningsmynde har motteke naudsynt dokumentasjon for å avslutte byggesaka og gir eigar grunnlag for å ta bygget/tiltaket i bruk.

- Dersom ferdigattest er gitt på sviktande grunnlag kan den bli trekt tilbake og ansvar for evt. feil og manglar gjeld framleis sjølv om kommunen har gitt ferdigattest. Bygland kommune som bygningsmynde kan gi pålegg i fem år etter at ferdigattesten er gitt.

Med helsing
Bygland kommune

Kåre Einar S. Larsen
Tenesteleiar Plan og Utvikling

Liv Elin Frøysnes Berg
Ingeniør byggesak

Vedlegg:
1 Orientering om klage og innsynsrett

Kopi til:
Eivind Greibrokk Longeraksvegen 7 4745 Bygland

Om dokumentet er sendt elektronisk, vil det mangle underskrift.

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

BYGLAND KOMMUNE
Sentrum 18
4745 BYGLAND

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2019/197-5	Liv Elin Frøysnes Berg liv.elin.berg@bygland.kommune.no	20.03.2020

FERDIGATTEST FOR RIVINGSLØYVE FOR 2 BYGNINGAR PÅ GNR. 35, BNR. 29 PÅ NESMOEN

Delegert sak nr.: 246/20

Opplysningar om saka:

***Stad for tiltak**:* *Gnr. 35, bnr. 29 på Nesmoen.*
Lager 1 med bygningsnummer 8878439.
Lager 2 med bygningsnummer 22100475.

***Tiltakshavar**:* *Bygland kommune som har heimel til gnr. 35, bnr. 29.*
***Ansvarleg søkjar**:* *Bygland kommune v/DFV.*

Søknad om ferdigattest vedlagt gjennomføringsplan versjon 2, er motteken 20.3.2020.
Samla sakshandsamingstid for ferdigattesten er innaføre fristen på 3 veker jfr. plan- og bygningsloven § 21-7, 6. ledd.

Rivingsløyve vart gjeve etter delegert mynde 17.4.2019, delegert sak 166/19.
Av rivingsløyvet pkt 1.f) går det fram at det også må bli levert inn sluttrapport for riving.
Då denne søknaden om ferdigattest for rivingsarbeid berre gjeld 2 av i alt 3 bygg, legg ein til grunn at det kjem ein sluttrapport for avfall som gjeld alle 3 bygg når det blir søkt om ferdigattest for rivingsløyve på det siste bygget (saghuset).

Med bakgrunn i opplysningar i søknad om ferdigattest vurderer ein at vilkår eller sett i rivingsløyvet er oppfylte.

Ansvarleg søkjar stadfester i gjennomføringsplan at han har motteke samsvarserklæring frå alle føretak innaføre alle ansvarsområda og at arbeid innafor ansvarsområda er avslutta.

I søknad om ferdigattest vert det stadfesta at tiltaket tilfredstillar krava til ferdigattest, og at det ikkje er gjort søknadspliktige endringar/justeringar i høve løyvet.

Administrativt vedtak:

I medhald av Kommunelova § 23, pkt. 4 og politisk vedtak i kommunestyret 14.12.2016, sak 81/16, delegering til rådmannen, samt vidare delegasjon frå rådmannen 3.10.2018, delegasjonssaknr.: 448/18 er det gjort fylgjande vedtak:

1. Søknad om ferdigattest for rivingsløyve for lager 1 og lager 2 på gnr. 35, bnr. 29 på Nesmoen vert godkjent i medhald av plan- og bygningsloven (2008) § 21-10 og SAK 10 §§ 8-1 og 8-2 som omsøkt.

2. I samband med søknad om ferdigattest for saghuset, bygningsnummer 167895182 må det bli levert inn sluttrapport for riving av alle 3 bygga, dvs. blankett 5179.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til Bygland kommune, etter Plan- og bygningsloven § 1-9 og Forvaltningsloven §§ 28 - 32. Evt. klage må jfr. Forvaltningsloven § 29 framsettast skriftelig innan 3 veker etter at de har motteke melding om vedtak. Ved evt. klage må de oppgi saksnummer, kva klaga gjeld og grunnen for at de meiner at klaga må takast til fylgje. Vedlagt fylgjer meir informasjon om klage- og innsynsrett.

Generelle opplysningar om ferdigattest:

- Ferdigattest er ei stadfesting på at Bygland kommune som bygningsmynde har motteke naudsynt dokumentasjon for å avslutte byggesaka.

- Dersom ferdigattest er gitt på sviktande grunnlag kan den bli trekt tilbake og ansvar for evt. feil og manglar gjeld framleis sjølv om kommunen har gitt ferdigattest. Bygland kommune som bygningsmynde kan gi pålegg i fem år etter at ferdigattesten er gitt.

- Når ferdigattest er gjeven, vert opplysningar om eigedomen oppdatert i kommunens kartgrunnlag og i register for kommunale tenester, vedlagt fylgjer informasjon om tenester og gebyr i Bygland kommune.

Med helsing
Bygland kommune

Kåre Einar S. Larsen
Tenesteleiar Plan og Utvikling

Liv Elin Frøysnes Berg
Ingeniør byggesak

Vedlegg:
1 Orientering om klage og innsynsrett

Kopi til:

Fredrik Langfeldt	Driftsleiar	Bygland kommune
Kjell Øyvind Berg	Tenesteleiar DFV	Bygland kommune

Om dokumentet er sendt elektronisk, vil det mangle underskrift.

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

FROLAND BYGGESERVICE AS
Osetoppen 23
4820 FROLAND

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2017/508-37	Bjørn Mikal Engestøl bjorn.mikal.engestol@iveland.kommune.no	17.02.2020

Delegasjonssaknr.: 126/20

FERDIGATTEST FRITIDSBUSTAD PÅ GNR. / BNR. 15/176

Bygland kommune viser til søknad om ferdigattest for fritidsbustad motteke 7.2.2020.

Kommunen gir hermed ferdigattest for ovannemnte tiltak, jf plan- og bygningsloven § 21-10.

Ferdigattesten gis etter søknad når det føreligg nødvendig sluttdokumentasjon og fråsegn om ferdigstilling, jf. byggesaksforskriften § 8-1.

Ferdigattesten er ikkje ei stadfesting på byggets tekniske kvalitet, men ei stadfesting på bygningsmyndigheita si avslutning av saka.

Bygninga, eller deler av den, må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det som er fastsett i den tillatinga som er gjeven.

Dersom du har noen spørsmål, ta kontakt med kommunen, ved sakshandsamar.

Med helsing
Bygland kommune

Kåre Einar S. Larsen
Tenesteleiar Plan og Utvikling

Bjørn Mikal Engestøl
sakshandsamar

Kopi til:

Knut Olav Dalen	Kristian Birkelands V 2	4820	Froland
Even Simensen	Kommunale avgifter	4745	Bygland
Kjell Øyvind Berg	Tenesteleiar DFV	4745	Bygland

Om dokumentet er sendt elektronisk, vil det mangle underskrift.

PS 24/20 Førespurnader

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Saksmappe: 2020/65
Sakshandsamar: SLS
Dato: 18.03.2020

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
25/20	Plan, miljø- og ressursutvalet	01.04.2020
24/20	Formannskapet	01.04.2020
	Kommunestyret	02.04.2020

Høyringsuttale til forslag til Regional planstrategi for Agder 2020-2024

Rådmannen si innstilling:

Bygland kommune sender vedlagte høyringsuttale til forslag til Regional planstrategi for Agder 2020-2024.

SAKSUTGREIING

Samandrag/ konklusjon

I forslaget til planstrategi for Agder 2020-2024 er det gjort ein grundig gjennomgang av planbehovet i Agder. Den grunnleggjande ambisjonen har vore å ha færrast mogleg planar. Etableringa av det nye Agder-fylket har gjort at styringsdokumenta må samkøyrast og det arbeidet ligg til grunn i forslaget til planstrategi. Det framlagte forslaget til planstrategi er gjennomgått med fokus på behova som Bygland kommune og Setesdal har til regionalt planarbeid.

Bakgrunn for saka

Agder fylkeskommune har sendt forslag til regional planstrategi for Agder 2020-2024 på høyring. Gjennom planstrategien skal fylkeskommunen ta stilling til kva for nye planar og strategiar som skal utarbeidast i nåverande valperiode, og kva for planar og strategiar som enten skal bli vidareført, rullert/revidert eller oppheva. Det er ønskjeleg med færre planar som blir følgt opp betre. Planstrategien skal dessutan gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, og vurdere langsiktige utviklingsmoglegheiter. Jamfør lova skal kommunane legge den regionale planstrategien til grunn for det vidare planarbeidet.

Jamfør saksframlegget frå Agder fylkeskommune må det vedlagte høyringsutkastet til Regional planstrategi for Agder 2020-2024 sjåast i samanheng med nyleg vedteke Regionplan Agder 2030 og

prosessen for utarbeiding av den. Mykje av det som skal vere ein del av arbeidet med en regional planstrategi, er allereie blitt gjennomført som en del av arbeidet med regionplanen. Det gjeld ikkje berre krav til prosess og medverknad, men også viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, langsiktige utviklingsmoglegheiter og politiske prioriteringar.

Høyringsinstansane blir særleg oppmoda om å konkretisere forslag til nye planar/strategiar, og kva for problemstillingar desse eventuelt skal løyse. I tillegg blir ein bedt om å peike på kven som bør medverke i utarbeidinga av desse.

Fylkeskommunen vil sjå arbeidet med planstrategien i samanheng med både nytt handlingsprogram for Agder 2030 og nytt handlingsprogram for fylkesvegar.

I det vedlagte forslaget til høyringsuttale frå Bygland kommune er det lagt særleg vekt på tilhøve som er relevante for utviklinga av Bygland og Setesdal. Samhandling med fylkeskommunen og andre regionale samfunnsaktørar er avgjerande for å nå målsettingane i kommunale planar og skape ønska utvikling.

Bygland kommune har fått utsett høyringsfrist til 15. april.

Formelt grunnlag

Plan- og bygningslova § 7

Bygland, **18.03.2020**

Rådmann

Vedlegg:

1 Høyringsuttale til regional planstrategi
2 Høyringsbrev Regional planstrategi for Agder 2020-2024.pdf
3 Regional-planstrategi-for-Agder-2020-2024 høringsutkast.pdf
4 Saksprotokoll fylkesutvalg 280120 Regional planstrategi for Agder 2020-2024.pdf

Melding om vedtak blir sendt til:

Agder fylkeskommune

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Agder fylkeskommune

Bygland, 17.03.2020

Høyringsuttale til Regional planstrategi for Agder 2020-2024

Bygland kommune har desse innspela til forslaget til planstrategi for Agder:

Kapittel 1 Innleiing: Regional planstrategi for Agder og forholdet til regionplan Agder 2030

Vi stiller oss bak målet om at regional planlegging skal vere målretta og ikkje meir omfattande enn naudsynt.

Kapittel 2 Sentrale utviklingstrekk for Agder

Sentrale utviklingstrekk med fokus Setesdal er i liten grad omtala. Rv 9 er ikkje nemnd, men er ein viktig transportkorridor og kollektivåre med tanke på vekst og utvikling i regionen. Det er lite fokus på utviklingstrekk innan naturvern og kva det har å seie for verdiskaping.

Primærnæringane har liten fokus sjølv om skogbruk sysselset mange i høve til gjennomsnittet i Noreg. Nær 45% av arealet i Agder er jord- og skogbruksareal.

Setesdalskommunane saman med Sirdal står for ein stor andel av reiselivet si verdiskaping.

Framlegget som falt i fylkesutvalet om å etablere regionale planar for dei ulike regionane, er heilt nødvendig for å få konkretisert strategiar, mål og verkemiddel for å utløyse ønskja vekst og utvikling basert på stadlege ressursar, utfordringar og moglegheiter – som i sum vil bidra til at ein tek heile Agder i bruk.

Kapittel 3 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Bygland kommune vil legge dei nasjonale forventningane til grunn i arbeidet med eigen planstrategi og i vidare samfunnsplanlegging.

Kapittel 4 Overordna mål: Regionplan Agder 2030

I planstrategien står det at Regionplan Agder 2030 skal følgjast opp gjennom reetablering av ein regional samhandlingsstruktur. I Den samanheng ønskjer vi at ein ser på samansetninga av særleg fag- og koordineringsgrupper som har tilleggsrepresentasjon frå byane. Indirekte medverkar det til at distriktsperspektiv og viktige tema og satsingar ikkje får ønskjeleg og naudsynt merksemd og oppfølging. Det medverkar òg til at midlar til regional utvikling i mindre og mindre grad treffer regionale utviklingstiltak ute i flankane av Agder.

Sentrum 18
4745 Bygland
T: 37 93 47 00
E: post@bygland.kommune.no
Bank:: 2898 07 00013
Skatt: 6345 06 09384
Kommunenummer: 4220
Org.nr.: 964 966 397
www.bygland.kommune.no

Dersom ein skal halde fram med ei slik organisering, bør det setjast føringar for lik representasjon frå dei 5 regionane i alle typar fag- og koordineringsgrupper, dvs. Lindesnesregionen, Listerregionen, Østre Agder, Kristiansandsregionen og Setesdal.

Kapittel 6 Prioriterte planar og strategiar 2020-2024

Regionale planar etter plan- og bygningslova

Med tanke på regional utvikling i alle delar av Agder ønskjer Bygland kommune at det blir utarbeidd Regional plan for Setesdal på tilsvarande vis som for Listerregionen og Kristiansandsregionen. (Gjeldande plan for Setesdal er partnarskapsdokumentet som fylkeskommunen har slutta seg til). Dei regionale planane må eigast av kommunane i regionane og bli utarbeidd i kvar region, med medverknad frå fylkeskommunen og andre regionale aktørar. Alternativt kan det bli utarbeidd ein eigen plan for regionalutvikling eller ein distriktspolitisk strategi for Agder som omfattar både kultur, næring, samferdsel, skule osv. Slik kan Fylkeskommunen tydeleggjere si satsing på distrikta og si rolle som regional utviklar jf. hovudsatsingsområda og dei gjennomgåande perspektiva i Regionplan Agder 2030.

'Regional plan for vannforvaltning i vannregion Agder' er under revidering. Planen er viktig for å ta vare på miljøet og kvalitetane i Otravassdraget og Byglandsfjorden både for innbyggjarar, tilreisande og næringslivet.

Strategiar o.l.

I høve strategiar sluttar Bygland kommune seg til dei som er føreslått utarbeidd. Dvs.:

- Strategi for mobilitet Agder 2030
- Handlingsprogram for fylkesvegar 2021-2024
- Strategi for trafikktryggleik i Agder
- Strategi for kulturarv 2030
- Frivilligstrategi
- Bibliotekstrategi
- Overordna kvalitetssystem for vidaregåande opplæring i Agder
- Strategi for haustbart vilt og haustbar innlandsfisk
- Tannhelsestrategi
- Skolebruksplan for Agder

Gjeldande tannhelsestrategien er det viktig at ambulante tenester (reguleringstannlege-tenestene) òg blir del av strategien, sjølv om dei inngår i spesialisthelsetenestene.

Kapittel 7 Andre planbehov som vart drøfta

Bygland kommune stiller seg bak vurderingane.

Kapittel 8 Oversikt over eksisterande planar og strategiar og deira status

For Bygland kommune er det viktig å understreke tydinga av handlingsrom i høve berekraftig forvalting av natur og kulturarv.

Planar/strategiar som blir vidareført

Vi avventar ei avgjersle om Heieplanen skal reviderast.

'Regional plan for innovasjon- og berekraftig verdiskaping Agder 2015-2030 (VINN Agder)' - er tenkt vidareført med nytt handlingsprogram. Vi ser det som positivt at den blir vidareført. Det er ønskjeleg med ein gjennomgang av verkemiddel og ressursar til næringsutvikling i dei delane av Agder der ein har størst utfordringar med å skape vekst og innovasjon, med tilhøyrande differensiering av verktøykassa og forsterka regionale næringsfond i planperioden. Fokus på potensialet innan grøn vekst og innan opplevingsnæringane, er viktig i arbeidet med nytt handlingsprogram.

Planar/strategiar som blir revidert eller rullert

Fleire planar og strategiar innafor kulturarvfeltet er føreslege samla i ein ny strategi for Kulturarv 2030. Bygland kommune ser dette som eit godt grep, og oppmodar om at ein i dette arbeidet legg vekt på opplevingar og utvikling av berekraftig reisemålsutvikling i alle delar av Agder.

Planar/strategiar som blir oppheva

Bygland kommune stiller seg bak vurderingane.

Bygland, 18.03.2020

Rådmannen

AGDER fylkeskommune

Se vedlagt liste over høringsinstanser

Dato: 30.01.2020
Vår ref: 20/02870
Deres ref:
Saksbeh.: Manuel Birnbrich

Høring av forslag til Regional planstrategi for Agder 2020-2024

Agder fylkeskommune sender forslag til Regional planstrategi for Agder 2020-2024 på høring jf. plan- og bygningslovens § 7-2, og inviterer til innspill.

Høringsfristen er **16. mars 2020**.

Høringsuttalelser merkes "Regional planstrategi" og sendes fortrinnsvis ved å bruke følgende skjema: https://skjema.onacos.no/Agder/Prod/skjema/AGD0053/. De kan også sendes som e-post til postmottak@agderfk.no eller til Agder fylkeskommune, Postboks 788 Stoa, 4809 Arendal.

I den grad det foreslås å utarbeide planer eller strategier som ikke er nevnt i høringsforslaget vil det være en fordel om høringsinstansene svarer på følgende spørsmål:

- Hvorfor er det behov for å utarbeide planen/strategien, og hvilke problemstillinger skal den løse?
- Hvem bør medvirke i utarbeidelsen?

Med bakgrunn i innkomne høringsuttalelser vil forslag til planstrategien bli justert og lagt frem for sluttbehandling i fylkestinget 28.-29. april.

Fylkeskommunene arrangerer en høringskonferanse for planstrategien torsdag 13. februar. Invitasjonen til den er blitt sendt ut, og påmeldingsfristen er 3. februar. Mer informasjon om konferansen: https://agderfk.no/Kalender/CalendarEvent.aspx?Id=136&MId1=7

1 Innspel til handlingsprogram Regionplan Agder 2030

Melding om vedtak blir sendt til:

Agder fylkeskommune

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Agder fylkeskommune

Bygland, 05.03.2020

Innspel til handlingsprogrammet til Regionplan Agder 2030

Ut i frå dei utfordringane Bygland kommune står over, så har vi hovudfokus på dei gjennomgåande perspektiva næringsutvikling og levekår. Innspel i samband med revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel og statistikk syner at det er sentrale arbeidsområde for kommunen. Ut i frå dette har vi følgjande innspel:

1. Våre prioriteringar av mål og vegar til målet i Regionplan Agder 2030

Attraktive og livskraftige byar, tettstadar og distrikt

Det er attraktive og varierte bo- og arbeidsmarkeder i hele Agder.	Utvikle samarbeidsarenaer for lokal steds- og næringsutvikling mellom offentlig sektor, akademia, næringsliv og innbyggere.
	Styrke regionale sentre og tettsteder, blant annet gjennom en god fordeling av offentlige arbeidsplasser.
	Videreføre satsingen på distriktene i Agder ved bruk av konsesjonskraftmidler, blant annet til etablering av arbeidsplasser.
Byer, tettsteder og bygdesentre er utviklet kompakt og med kvalitet. Stedene har gode og inkluderende bomiljøer og møteplasser.	Gjennomføre områdeløft og nærmiljøutvikling på steder med levekårsutfordringer.
	Utvikle aktiviserende, trygge og inkluderende uterom og sosiale møteplasser.
Flere har tilgang på bolig og bomiljø tilpasset sin livs-situasjon.	Planlegge for et aldersvennlig samfunn.

Kommunehuset
4745 Bygland
T 37 93 47 00
E post@bygland.kommune.no
Bank: 2898 07 00013
Skatt: 6345 06 09384
Kommunenr. 0938
Org. nr. 964 966 397
www.bygland.kommune.no

Verdiskaping og bærekraft

Flere vekstkraftige små og mellom-store bedrifter er etablert.	Videreutvikle virkemidler for innovasjon og næringsutvikling.
Næringsstrukturen er mer variert og preget av godt samarbeid med akademia og offentlig sektor.	Styrke arenaer for kommersialisering og videreutvikling av ideer og produkter.
	Videreutvikle reiselivs- og opplevelsesindustrien, blant annet ved å stimulere til felles produktutvikling og nye, sammenhengende verdikjeder.
Verdiskaping er basert på bære-kraftig bruk av menneskelige ressurser og naturressurser.	Kartlegge muligheter og utvikle bærekraftig verdiskaping på bakgrunn av kunnskap om naturressurser og kulturverdier.

Utdanning og kompetanse

Barnehager, skoler, høyere utdanning og bedrifter fremmer kultur for læring, helse og trivsel.	Legge til rette for etter- og videreutdanning for ansatte i hele utdanningsløpet.
En høyere andel elever og studenter gjennomfører videregående opplæring, fag-skole og høyere utdanning.	Videreutvikle distriktsvennlige fagskoletilbud og tilbud om høyere utdanning og kompetanseheving.
Det er god balanse mellom tilbud og etterspørsel etter kompetanse i det regionale arbeids-markedet.	Øke antall læreplasser innen utdanningsprogram hvor det er behov for arbeidskraft.

Kommunehuset
4745 Bygland
T 37 93 47 00
E post@bygland.kommune.no
Bank: 2898 07 00013
Skatt: 6345 06 09384
Kommunenr. 0938
Org. nr. 964 966 397
www.bygland.kommune.no

Transport og kommunikasjon

Det er etablert miljøvennlige, effektive, sikre og universelt utformete mobilitetsløsninger.	Realisere utbygging av E18 og E39 med firefelts motorveistandard gjennom hele regionen og Rv 9 med gul midtstripe til Hovden. Oppgradere Rv 41 og Fv 42 som hovedvei for distriktene.
	Ta i bruk mobilitetsløsninger for å ivareta befolkningens transportbehov i spredtbygde områder hvor det ikke er marked for konvensjonelle tjenester.
	Prioritere gang- og sykkelveier langs skoleveier, slik at trafikksikkerheten til skolebarn styrkes.
Andelen reiser som foretas til fots, med sykkel og med kollektiv er økt.	Prioritere gang- og sykkelveier i areal- og transportplanlegging, slik at det blir mer attraktivt å gå og sykle.
Infrastruktur for transport og kommunikasjon er tilpasset klimaendringer og ekstremsituasjoner.	Sørge for at viktig transportinfrastruktur er skred- og flomsikret.
Digital infrastruktur er robust, har god kapasitet og internasjonal tilknytning.	Bygge ut en stabil og robust fiberinfrastruktur (bredbånd, mobilnett) og etablere flere sammenhengende fiberkabler til og fra Agder, inkludert internasjonale sjøfiberforbindelser.

Kultur

Verdiskapingen knyttet til kystkultur, kulturarv i indre bygder og trehusbyene har økt.	Jobbe aktivt for at uthavnene og Setesdalskulturen kommer på UNESCOs liste over henholdsvis verdensarv og immateriell kulturarv.
	Etablere og videreutvikle bygningsvernsentre.
	Utvikle modeller for samskaping mellom aktørene innen immateriell kulturarv.
	Jobbe for at riksvei 9 gjennom Setesdal får status som nasjonal turistvei.
Alle innbyggere opplever å ha god tilgang til et bredt spekter av kultur- og idrettstilbud i nærområdet.	Videreutvikle bibliotek, museer, kulturskoler, ungdomshus, fritidsklubber og idrettsanlegg som arenaer for aktivitet, læring, debatt, mangfold og inkludering.

Kommunehuset
4745 Bygland
T 37 93 47 00
E post@bygland.kommune.no
Bank: 2898 07 00013
Skatt: 6345 06 09384
Kommunenr. 0938
Org. nr. 964 966 397
www.bygland.kommune.no

2. Kva kan Bygland kommune bidra med for at Agder skal nå desse måla, og kven ser vi som aktuelle samarbeidspartar i arbeidet?

Bygland kommune vil gjennom deltaking i skrivegruppa til handlingsprogrammet, bidra til arbeidet med å definere tiltak for å nå måla i regionplanen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er ut på høyring i desse dagar (vedlagt). Han er utarbeidd i samsvar med regionplan Agder 2030, med same hovudsatsingsområde, gjennomgåande perspektiv og ein god del samanfallande mål. Gjennom det er det ei god kopling mellom dei to planane, og Bygland kommune vil med det arbeide mot mange av måla i regionplanen.

I samband med revidering av Kommuneplanen sin samfunnsdel har vi hatt fokus på brei medverknad frå tilsette, private, næringsliv og lag og organisasjonar. Desse vil vere viktige samarbeidspartar i arbeidet med å realisere måla. I tillegg vil vi fortsatt ha godt samarbeid med Agder fylkeskommune og andre mynde.

Gjennom MARA-prosjektet arbeider kommunane i Setesdal med mobilitet og tilgjengelegheit i distrikta. Prosjektet kan tydeleg koplast til mål i regionplanen.

Setesdalskulturen er nå på UNESCO si liste over immateriell kulturarv. Det har potensiale til å få gode ringverknadar for kommunane i Setesdal, og vi ønskjer å ha Agder fylkeskommune med som samarbeidspart i det vidare arbeidet.

Bygland, 09.03.2020

Rådmannen

Kommunehuset
4745 Bygland
T 37 93 47 00
E post@bygland.kommune.no
Bank: 2898 07 00013
Skatt: 6345 06 09384
Kommunenr. 0938
Org. nr. 964 966 397
www.bygland.kommune.no

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Saksmappe: 2018/185
Sakshandsamar: ISL
Dato: 19.02.2020

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
27/20	Plan, miljø- og ressursutvalet	01.04.2020
	Kommunestyret	02.04.2020

2. gongshandsaming av detaljreguleringsplan for Austad kraftverk

Rådmannen si innstilling:

Med heimel i Plan- og bygningslova § 12-12, 1. ledd vert detaljreguleringsplanen for Austad Kraftverk med planid 201905 og tilhøyrande føresegner, med siste revisjonsdato 10.03.2020 godkjent.

SAKSUTGREIING

Samandrag/ konklusjon
Planforslaget for Austad Kraftverk blir tilrådd vedteke

Bakgrunn for saka
Reguleringsplanen for Austad Kraftverk vart 1. gongshandsama i sak 116/19 i PMR den 19.12.2019, og vart lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 07.01.2020 – 21.02.2020. Det er kome inn 5 merknader, desse er kommentert under vurderingar og konsekvensar.

Formelt grunnlag
Plan- og bygningslova § 12-12

Vurderingar og konsekvensar
I høyringsperioden kom desse merknadene inn.

Avd. Plan og utvikling, byggesak, datert 28.01.2020
I felt BG bør det også vere oppgitt maks mønehøgde, maks gesimshøgde, evt. Noko om utsjånaden, eks. taktekking med matt overflate, ståande/liggjande kledning i mørke/jordfargar, evt. Vindauger- storleik isolert/uisolert el. Det bør også avsettast eit areal rundt garasjen som kan opparbeidast som parkering og manøvreringsareal.

Manglande utnyttingsgrad i felt BE, BYA% eller BYA m^2, mønehøgde, gesimshøgde. Formuleringa «Busetnaden skal vere i lokal stil» er litt vanskelig å forhalde seg til. Det bør vere meir konkretisering som til dømes: taktekking med matt overflate, ståande/liggjande kledning, storleik på vindaugsflater osv.

Det bør inn rekkefølgjekrav om at før tiltak kan settast i gong må det ligge føre avtale om bruk av heievegen både til anleggsperioden og til framtidig drift og ettersyn av kraftanlegget. Dersom det er aktuelt å frådele areal rundt inntaksdam, røyrgate, kraftstasjon osv. – bør evt. det komme fram i føresegner.

Parkeringsplassane P1-P5: For å kunne bruke desse områda som parkeringsplassar etter at anleggsperioden er over, må det bli søkt om løyve til tiltak med ansvar, jfr. Plan- og bygningsloven § 20-1, pktI, jfr. § 20-3 og det må bli søkt om og gitt ferdigattest før parkeringsplass kan bli teke i bruk som parkeringsplass. Oppfattar at planen heimlar å bruke områda som mellombels deponiområder i anleggsperioden.

Er det aktuelt å regulere inn framtidig bandlegging/omsynssone som sikrar røyrgata/traseen.?

Kommentar:
Det vil verte lagt til gesimshøgde i BG føremålet. All parkering skal skje på P1 føremålet, men det vil verte lagt inn eit areal framom garasjen, som anna veggrunn.
Det vil verte lagt til utnyttingsgrad samt mønehøgde i BE føremålet. Ordet «lokal stil» vil verte teke ut.
Når eit areal er regulert til utbyggingsområde, så skal det ikkje vere naudsynt med føresegn om at arealet kan delast i frå.
Røyrgata/traseen er sikra ved å regulere med vertikalnivå 2, altså under bakkenivå.
Bandlegging/omsynssone nyttast til frisikt, høgspentanlegg luft, områder som er bandlagt etter anna lovverk som kultur o.l. Leidning går i bakken, og er difor ikkje naudsynt med omsynssone.
Det vil verte teke med ei rekkefylgjeføresegn om bruk av heievegen.

NVE, datert 05.02.2020.
Når det gjeld naturfare, skreiv vi i vår uttale til varsel om oppstart: «*Planområdet ligg i aktsemdsområde for snøskred, jord- og flaumskred. I det vidare arbeidet vil det vere naudsynt å vurdere og dokumentere korleis sikkerheitskrava i TEK 17 skal bli tekne i vare, både i anleggsfasen og i driftsfasen.»*

Kommunen har i reguleringsplanen gjort ei analyse av risiko og sårbarheit i kapittel 6. Vurderinga som er knytt til skred legg til grunn at skogen vil verke dempande og hindre utløysing av skred. Vidare går det fram at anleggsfasen vil vere i «barmarksesong og dermed ikkje vere påverka av snøskred.» Samstundes skriv kommunen (i punkt 7 Konklusjon) at planen også skal legge til «rette for betre parkeringstilhøve for dei som har hytter knytt til Røynestøylsvegen på vinterstid. Samt at det gjer moglegheit for parkering av snoskuter i garasje.»

Vi kan ikkje sjå at kommunen har gjort vurderingar knytt til skredfare for parkeringsplassane (P1-P5) og garasje for snøskuter som skal brukast om vinteren.

NVE gir kommunen eit sterkt fagleg råd om at skredfare for parkeringsplasar og garasje for snøskuter blir vurdert, slik at kommunen kan dokumentere at kravet til sikker byggegrunn i § 28-1 og sikkerheitskrav i TEK 17 er teke i vare.

Det er gjort vurderingar knytt til flaum, og NVE har ingen merknader knytt til kotene som er lagt til grunn. Vi kan ikkje sjå at det er gjort vurderingar knytt til fare for erosjon, jf. TEK 17 § 7-2. Rørgata er lagt langsmed vassdraget, og NVE gjer kommunen eit fagleg råd om at faren for erosjon langs vassdraget blir vurdert, både i anleggsfasen og i driftsfasen.

I vedtaket 29. mai 2019 gjer vi dessutan merksam på at «*tiltakshavar må ta spesielle hensyn under legging av rørgaten gjennom sidebratt terreng i rørtraseen, slik at utglidninger og skred unngås».* Dette er eit punkt som vi rår kommunen ta inn i føresegnene. Vi vil også rå til at kommunen set inn ei føresegn som viser til vassdragslova § 11 og kravet om bevaring av kantvegetasjonen. Elles legg vi merke til at det i fellesføresegnene er eit punkt om samfunnstryggleik som ikkje har noko innhald, og vi rår kommunen til å fylle inn dei krav som kommunen meiner er naudsynte.

Kommentar:
Aktsemdkartet er utarbeida ved bruk av høgdemodell der det er ut frå gitte helling på fjellside som definerer lausneområde. Det er ikkje gjort feltarbeid ved utarbeiding av kartet og effekten av lokale faktorar som f. eks skog utført sikringstiltak o.l er derfor ikkje vurdert. Kartet er først og fremst mest for økt kunnskap for områder der det bør utvises aktsemd.

Jfr. Pbl § 28-1 om vurdering og krav til sikker byggjegrunn vert det vurdert at scootergarasje og parkering (P1) ligger på eit flatt parti og er i ytterkant av registrert utløpsområde for snøskred. Ovanføre er det tett skogkledd li som hindrar snøskred. Dei andre parkeringsplassane (P2-P5) er mykje mindre og er meint til bruk når vegen vert så bar at den er køyrbar om våren. Det vil då vere mindre fare for skred pga. snømengde. Kravet til sikker byggjegrunn vert vurdert til å vere god nok. Dette er også tiltak og bygning som ikkje skal brukast til varig opphald.

Når det gjelder vurderingar knytt til faren for erosjon er det dei om lag 300 metrane frå inntaksdammen som ligger nært vassdraget som kan utøve ein fare for erosjon. Røyrgata er planlagt lagt i eksisterande vegtrase. Vegetasjonen mot vassdraget er tenkt å bevarast mest mogleg. Det vil verte lagt til føresegna *«tiltakshavar må ta spesielle omsyn under legging av røyrgata gjennom sidebratt terreng i røyrtraseen, slik at utgliding og skred unngåast»* samt ei føresegn om bevaring av kantvegetasjon.

Fylkesmannen i Agder, datert 05.02.2020
Vi syner til miljøvernavdelingas innspel til melding om oppstart av planarbeidet av 01.11.2019 samt Fylkesmannens fråsegn til søknad om konsesjonsfritak av 01.06.2018.

Fylkesmannen vurderer dei moment som blei spela inn til oppstart av planarbeidet som godt teke i vare i planforslaget og har ingen fleire kommentarar til saka.

Kommentar:
Ingenting å kommentere.

Agder fylkeskommune, datert 12.02.2020
Administrasjonen i tidlegare Aust-Agder fylkeskommune var på synfaring av området 6.12.2019. I brev frå 11.12.2019 gav administrasjonen nokre generelle merknader knytt til eventuelle endringar av planen, særlig knytt til dyrka mark, og gjekk bort frå krav om ei arkeologisk registrering. Administrasjonen meiner at plikta til undersøking jf. kulturminneloven § 9 er oppfylt og vi har derfor ingen fleire merknader knytt til automatisk freda kulturminne.

Utover dette har fylkeskommunen ingen merknader til saka.

Kommentar:
Ingenting å kommentere.

Direktoratet for mineralforvaltning, datert 13.02.2020
Planarbeidet vart varsla i september 2019, med svarfrist 18. oktober. DMF gav fråsegn til varselet i brev datert 4. oktober 2019. I planomtalen til reguleringsplanen er innkomne merknader til varselet referert til. DMF kan ikkje sjå at vår fråsegn er inkludert i dette punktet, noe vi finn uheldig då det ikkje er klart korleis vårt innspel er vurdert i det vidare arbeidet med planen.

Som det er gjort klart i fråsegn til varsel, er uttak av masser som hovudregel omfatta av minerallova[1]. Unntak gjeld for uttak som skal gjerast hovudsakeleg for anna utnytting av grunnen, jf. minerallova § 3 andre ledd andre punktum. I dette tilfellet er ikkje unnataket aktuelt, da uttak skal gjerast utelukkande med det føremål å gjere nytte av massane, til bruk i anlegget og eventuelt for kommersiell drift. Dette er og gjortklart gjennom arealformålet, som er avsett til masseuttak. Iplanomtalen punkt 5.2.4 går det fram at «uttak av masser etter avslutta anleggsperiode til kommersiell bruk vil krevje konsesjonsbehandling.» DMF vil gjere klart at krav om konsesjon gjeld for uttak på meir enn 10 000 m^3, jf. minerallova § 43. Dette gjeld uavhengig av om uttaket gjerast for sal til eksisterande prosjekt eller til bruk i anlegget[2]. For uttak over 500 m^3 masse, skal det sendast melding til DMF, jf. minerallova § 42. Forholdet til minerallova skal avklarast før uttak gjerast.

På denne bakgrunn ber vi om at føresegn 4.1 for arealformål masseuttak (feltBSM) endrast slik at forholdet til minerallova gjerast på følgjande, eller liknande måte: «Drift skal skje i samsvar med føresegner i minerallova med gjeldande forskrifter, og i samsvar med vilkår gitt etter minerallova. Direktoratet for mineralforvaltning er myndigheit etter minerallova.» Dette følgjer også i DMF si fråsegn til varsel av planarbeidet.

Kommentar:
Fylgjande føresegn vert tilført:
- «Drift skal skje i samsvar med føresegner i minerallova med gjeldande forskrifter, og i samsvar med vilkår gitt etter minerallova. Direktoratet for mineralforvaltning er myndigheit etter minerallova»

DMF kommenterte i varselet at planområdet delvis ville komme i berøring med to registrerte sand- og grusførekomstar, Heistad (usikker avgrensing) og Kvernåni (sikker avgrensing), som begge er gitt liten betydning av Noregs Geologiske Undersøking (NGU)[1].

Det området som er tenkt regulert til masseuttak i reguleringsplan er ikkje innanføre avgrensinga til førekomstområdet Kvernåni og Heistad. Frå opplysning av tiltakshavar så er der ikkje tenkt uttak av masse til bruk i anlegget i desse registrerte områda. Uttak av masse til anlegget skal skje frå regulert masseuttak.

Bygland, **19.02.2020**

Rådmann

Vedlegg:

1 Plankart Austad Kraftverk Vertikalnivå_2
2 Plankart for Austad Kraftverk Vertikalnivå_1
3 Reviderte Føresegner Austad kraftverk
4 Planomtale Austad kraftverk

5 Uttale til offentlig ettersyn - reguleringsplan for Austad kraftverk, uttale frå byggesak

6 NVE si uttale til offentleg ettersyn - Reguleringsplan for Austad Kraftverk - Bygland kommune
7 Fråsegn til offentleg ettersyn av detaljregulering for Austad kraftverk i Bygland kommune


8 Vedr. 20-00862-2 - Bygland kommune - Fråsegn til offentleg ettersyn - reguleringsplan for Austad Kraftverk
9 Fråsegn- Offentleg ettersyn av reguleringsplan for Austad kraftverk i Bygland kommune


Melding om vedtak blir sendt til:
For grunneigarar – Arne Bjørgum

E 423 800 E 423 900 E 424 000 E 424 100 E 424 200 E 424 300 E 424 400 E 424 500 E 424 600 E 424 700 E 424 800 E 424 900 E 425 000 E 425 100 E 425 200 E 425 300 E 425 400 E 425 500 E 425 600 E 425 700

N 6 536 500 N 6 536 400 N 6 536 300 N 6 536 200 N 6 536 100 N 6 536 000 N 6 535 900 N 6 535 800 N 6 535 700 N 6 535 600 N 6 535 500 N 6 535 400 N 6 535 300 N 6 535 200

Oversiktskart - Austad kraftverk Bygland kommune





TEGNFORKLARING

PBL § 25 REGULERINGSFORMÅL

Bebyggelse og anlegg (Pbl 12-5 nr. 1)
- 1119 - Garasjeanl. for bolig- og fritidsbeb.
- 1201 - Steinbrudd og massetak
- 1510 - Energianlegg
- 1541 - Vannforsyningsanlegg
- 1590 - Annen særsk. ang. beb. og anlegg

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl 12-5 nr. 2)
- 2010 - Veg
- 2018 - Annen veggrunn, tekn. anl.
- 2019 - Annen veggrunn, grøntareal
- 2080 - Parkering

Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift (Pbl 12-5 nr. 5)
- 5100 - LNRF for nødvendige tiltak for stedbunden næring

Bruk og vern av sjø og vassdrag (Pbl 12-5 nr. 6)
- 6001 - Bruk og vern, sjø og vassdrag m. tilh. strandsone

RpHensynssoneOmrade
- RpAngittHensynSone
- RpSikringSone

RpBestemmelseOmråde
- Andre bestemmelseshjemler
- 91 - Anlegg- og riggomr.

LINJESYMBOL
- RpGrense
- RpFormalGrense
- RpHensynssoneGrense
- RpBestemmelseGrense

RpJuridiskLinje
- 1211 - Byggegrense
- 1214 - Bebyggelse som inngår i planen
- 1215 - Bebyggelse som forutsettes fjernet
- 1221 - Regulert senterlinje
- 1222 - Frisiktlinje

Kartgrunnlag: n5, nedlastet fra Geovekst 17.10.2019

Digitalisering, redigering og grafisk utforming utført av MG

Ekvidistanse: 1m

Kartmålestokk: 1:2 500 (i A1)

Koordinat System: ETRS 1989 UTM Zone 32N

N

0 25 50 100 Meter

	DATO	SAKSNR.	SIGN.

DETALJPLAN FOR AUSTAD KRAFTVERK

DEL AV 14 / 4 OG 6 I BYGLAND KOMMUNE

Målestokk/Ekvd.: 1:2 500 / 1 m

Koordinatsystem: ETRS 1989

Forlagstiller: Arne Bjørgum

Dato : 04.12.2019

SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN-OG BYGNINGSLOVEN	DATO	SAKSNR.	SIGN.
1.gangs behandling i det faste utvalget for plansaker			
Offentlig ettersyn fra ... til ...			
2.gangs behandling i det faste utvalget for plansaker			
Kommunestyrets vedtak:			

BYGLAND KOMMUNE

PLANEN UTARBEIDET AV:
AT Skog
3870 Fyresdal

at skog


Vertikalnivå 1

Plan ID:0938201905

E 423 700 E 423 800 E 423 900 E 424 000 E 424 100 E 424 200 E 424 300 E 424 400 E 424 500 E 424 600 E 424 700 E 424 800 E 424 900 E 425 000 E 425 100 E 425 200 E 425 300 E 425 400 E 425 500 E 425 600

N 6 536 400 N 6 536 300 N 6 536 200 N 6 536 100 N 6 536 000 N 6 535 900 N 6 535 800 N 6 535 700 N 6 535 600 N 6 535 500 N 6 535 400 N 6 535 300 N 6 535 200 N 6 535 100

Oversiktskart - Austad kraftverk Bygland kommune



TEGNFORKLARING

PBL § 25 REGULERINGSFORMÅL

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl 12-5 nr. 2)

- 2110 - Energinett
- 2141 - Vannforsyningsnett
- 2180 - Andre tekniske infrastrukturtraseer

LINJESYMBOL

- RpFormalGrense
- RpGrense

SE

SAT

SVE

Kartgrunnlag: n5, nedlastet fra Geovekst 17.10.2019

Digitalisering, redigering og grafisk utforming utført av MG

Ekvidistanse: 1m

Kartmålestokk: 1:2 500 (i A1)

Koordinat System: ETRS 1989 UTM Zone 32N

N

0 25 50 100 Meter

	DATO	SAKSNR.	SIGN.

DETALJPLAN FOR AUSTAD KRAFTVERK

DEL AV 14 / 4 OG 6 I BYGLAND KOMMUNE

Målestokk/Ekvd.: 1:2 500 / 1 m

Koordinatsystem: ETRS 1989

Forlagstiller: Arne Bjørgum

Dato : 04.12.2019

SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN-OG BYGNINGSLOVEN	DATO	SAKSNR.	SIGN.
1.gangs behandling i det faste utvalget for plansaker			
Offentlig ettersyn fra ... til ...			
2.gangs behandling i det faste utvalget for plansaker			
Kommunestyrets vedtak:			

BYGLAND KOMMUNE

PLANEN UTARBEIDET AV:
AT Skog
3870 Fyresdal

at skog

Vertikalnivå 1

Plan ID:0938201905

Bygland kommune

Vedteken dato:
Dato for siste mindre endring:

Reguleringsplan for Austad kraftverk

Reguleringsføresegner
Detaljregulering for Austad kraftverk

PlanID 201905

1. Siktemålet med planen

Legge til rette for bygging av Austad kraftverk.

2. Fellesføresegner for heile planområdet

- All graving i terrenget skal utførast skånsamt. I område som ikkje skal nyttast til kommunikasjonsareal (veg, parkering og liknande) skal terrenget førast attende. Skjeringar og fyllingar skal dekkast med jord eller anna revegeterande masse etter avslutta anleggsarbeid.
- Viser det seg først mens arbeidet er i gang at det kan virke inn på eit automatisk freda kulturminne på en måte som nemnt i kulturminnelova § 3 første ledd, skal melding etter første ledd sendes med det same og arbeidet straks stansast i den utstrekning det kan røre kulturminnet. Vedkommande myndigheit avgjer snarast – og seinast innan 3 veker frå det tidspunkt melding er komme fram til vedkommande myndigheit – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det.
- Byggjegrenser mot fylkesveg er 50 m.
- Kantvegetasjonen langsmed vassdraget må i størst mogleg grad bevarast, vassdragslova § 11.
- Tiltakshavar må ta spesielle omsyn under legging av røyrgata gjennom sidebratt terreng i røyrtraseen, slik at utglidingar og skred unngåast.

4. Føresegner for arealformål

4.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

Garasjeanlegg for bustad og fritidsbustad(felt BG)

- På området kan det byggast garasje anlegg for skuter.
- BYA 100%
- Maks gesimshøgde: 5 m, maks takvinkel 10 grader.

Energianlegg (felt BE)

- På arealet kan det byggas kraftstasjon, bygningen kan også huse verkstad.

- Bygningen må støydempast i tråd med krav sett til installasjonar nær busetting.
- Kraftverket må ha omløpsventil.
- BYA 80 %
- Maks mønehøgde: 10 m
- Drift må hindre gassovermetning

Anna særskilt ang. beb. og anlegg (felt BAS_1)

- På arealet kan det byggast inntaksdam for kraftverket.
- Sikkerheitskrav for denne type installasjon må overhaldast.
- Dammen må sleppe minstevassføring på 30 l/s.
- Det er tillate å sette opp ei tilsynsbu på området.

Anna særskilt ang. beb. og anlegg (felt BAS_2)

- På arealet må det byggast flomvern.
- Dette må vere minst 50 cm høgare en inntaksdam

Anna særskilt ang. beb. og anlegg (felt BAS_3)

- På arealet er det utløp frå kraftstasjonen
- Må utformast for reduksjon av gassovermetning, botn må ikkje vere slett.

Vannforsyningsanlegg (felt BVF)

- Området inneheld høgdebasseng for drikkevatn
- Anna aktivitet er ikkje tillate

Masseuttak (felt BSM)

- På området kan det tas ut masser etter behov for bygging av anlegget.
- På området kan det også tippast reine skrotmasser
- Drift skal skje i samsvar med føresegner i minerallova med gjeldande forskrifter, og i samsvar med vilkår gitt etter minerallova. Direktoratet for mineralforvaltning er myndigheit etter minerallova.
- Om uttaket ikkje skal vidareførast med kommersiell drift må arealet stellast i stand slik at det ikkje er til fare for omgjevnadane. Topplag som er tatt av ved uttak av masser brukast for å dekke til og revegetere området.

4.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

Veg (felt SV_1 og SV_2)

Føresegner som gjeld særskilt for einskilde felt, åleine eller fleire saman, kan til dømes omfatte

- *Vegane kan vedlikehaldas i trå med byggestandard.*

Parkering (felt P1-P3 og P5)

- Parkering er vinterparkering for hytteeigarar som sokner til Røynestøylvegen.

Parkering (felt P4)

- Parkering for ettersyn med dam og inntak til kraftstasjon.

Energinett (felt SE)

- Trase for høgspentkabel for tilkopling til distribusjonsnett

Vassforsyningsnett (felt SVE)

- Trase for vassrøyr til og frå høgdebasseng

Anna teknisk infrastruktur (felt SAI)

- Trase for røyrgate frå inntak til kraftstasjon.

Anna vegrunn (felt SVT)

- Arealet skal nyttast som manøvreringsareal for skutergarasjen.

4.5 Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindriftsformål (§ 12-5 nr. 5)

- Det er tillate å bygge anleggsvegar for tilgang til røyrgatetrase i LNF område.

4.6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

- *Ingen særskilte føresegner*

5. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

5.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a) (sone H140)

- Frisiktsone, vegetasjon må ikkje overstige 50 cm over topp vegbane.

5.3 Særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø (§ 11-8 c) (sone H560_1)

- Området inneheld viktig naturtype BN0002337 Juvet, inngrep i området er ikkje tillate.

6. Føresegner til føresegnsområde

Gje nødvendige føresegner til føresegnsområda i planen, slik at områda får rettsleg innhald.

6.1 Føresegner til føresegnsområde (område #1 - #4)

- *Områda kan nyttast til riggplassar under anleggsperioden.*
- *På områda kan det tippast reine skrotmasser før areala til retteleggast til parkering.*

7. Rekkjefølgjeføresegner

Alle rekkjeføresegner som gjeld planområdet, skal samlast i dette kapittelet (§ 12-7 nr. 10).

7.1 Før bygging

- *Før tiltak kan setjast i gong må det ligge føre avtale om bruk av heievegen både for anleggsperioden og til framtidig drift og ettersyn av kraftanlegget.*

Reguleringsplan for Austad kraftverk



Del av gnr. 14 bnr. 4 og 6

i Bygland kommune

PlanID: 201905

at skog
Klokkarhamaren 6
3870 Fyresdal
13.06.2018
Prosjekt nr: 7948

Tittel Forslag til reguleringsplan for Austad kraftverk, del av gnr.14 bnr. 4 og 6 i Bygland kommune		
Prosjekt Nr. 7948	**Prosjektnamn** Austad kraftverk	**Sider** 27
Prosjekttype Kraftverk		**Dato**
Prosjektansvarleg Mona Gundersen	**Kontaktperson oppdragsgivar** Arne Bjørgum	
Ekstrakt Planen omfattar regulering av areal for utbygging av småkraftverk, samt parkeringsareal for hytter inne på heia og skutergarasjer. Planen omfattar også kommunalt høgdebasseng for drikkevatn med tilførselsrør.		


Innhald

1 Bakgrunn 4
2 Planstatus 5
3 Varsel av planarbeidet 6
4 Forutsetningar for planarbeidet 7
4.1. Kartgrunnlag 7
5 Planomtale 9
5.1. Området i dag 10
5.1.1. Landskap og vegetasjon 10
5.1.2. Eksisterande bygg 10
5.1.3. Veg og trafikkforhold 10
5.1.4. Grunnforhold 10
5.1.5. Vann 10
5.1.6. Naturmangfald 11
5.1.7. Kulturminne 11
5.1.8. Bruk av området 11
5.1.9. Skogbruksinteresser 11
5.2. Planløysingar, vurderingar 12
5.2.1. Landskapsbilde 12
5.2.2. Tilkomst 12
5.2.3. Omsynet til barn og unge 13
5.2.4. Støy 13
5.2.5. Vurdering etter naturmangfoldsloven 13
6 Risiko og sårbarheit 14
6.1. Metode 15
6.2. Sjekkliste med hendingar, konsekvensar og tiltak 18
6.3. Evaluering av risiko 20
6.4. Konklusjon risiko og sårbarheit 22
7 Konklusjon 23
Vedlegg: 24

1 Bakgrunn

Grunneigarar på gnr 14 bnr 4 og 6 i Bygland kommune, Arne Bjørgum og Knut Austad ønskjer å utnytte sine fallrettar i Kvernåni i eit kraftverk. Plantypen er detaljplan jf. Plan- og bygningsloven (PBL) § 12- 3.

Området består i dag hovudsakleg av skogareal, dyrkamark og innmarksbeite. Røynestøylvegen går gjennom heile planområdet. Planområdet er i Strandsoneplanen for Byglandsfjorden og i kommuneplanens arealdel regulert til LNF område. Kommunen stiller ikkje krav om konsekvensutgreiing for området. Plandokumentet vil likevel innehalde vurderingar av fleire tema.



Bilete 1: Svart avgrensing syner planområdet

2 Planstatus


I Strandsoneplanen for Byglandsfjorden er gjeldande overordna plan for nedre del av området, vedtatt 07.05.2015, området er lagt ut til LNF areal. Kommuneplanen for Bygland gjelder for øvre del av området, her er også regulert til LNF.

Overordna planar og retningslinjer:
Nasjonale

- St. meld. Nr. 26 (2006 – 2007): Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand
- St. meld. Nr. 21 (2005 - 2006): Hjarte for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken
- Statlige planretningslinjer for samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging
- Andre aktuelle retningslinjer

Relevante planar

- Strandsoneplanen for Byglandsfjorden 2015-2026, vedtatt 07.05.2015



Bilete 2: Utsnitt, Strandsoneplanen for Byglandsfjorden, planområde i blå sirkel;

3 Varsel av planarbeidet

AT Skog har vært i dialog med Bygland kommune i forkant av arbeidet, og fekk klarsignal til å starte opp planarbeidet. Oppstartsmøte ble avholdt 14.08.2019. Naboar, Bygland kommune, regionale myndigheiter ble varsla 06.09.2019 med frist for innsending av innspel 18.10.2019. Planarbeidet ble i tillegg kunngjort i Setesdølen og på heimesida til Bygland kommune.

Følgande innspel har kome til planarbeidet:
Fylkesmannen i Agder: Dei viser til brev datert 01.06.2018 med uttale til søknad om konsesjonsfritak, som inneheld ein rekke moment som må avklarast i planprosessen. Dei ber om at påverknad av naturtype «Juvet BN0002337» minimerast ved plassering av røyrgate. Dei peikar og på at brå endringar i vassføring knytt til drift av kraftverket ikkje må finne stad. Dei set føre at kraftverket planleggast slik at gassovermetning ikkje vert mogleg, då dette vil kunne føre til skade på fisk i Kvernåni og i Byglandsfjorden.
Kommentar: innspelet er teke til vitande. Røyrgate vil ikkje kome i konflikt med naturtypen. Det leggast inn føresegner i høve vassføring.

Aust Agder fylkeskommune: Dei viser til innspel gitt under konsesjonsplikt vurdering og peikar på at planarbeidet bør legge særleg vekt på landskapshensyn, samt at det bør stillast krav om støyreduserende tiltak ved kraftstasjonen. Seksjon for kulturminnevern varslar behov for arkeologisk registrering i området.
Kommentar: innspelet er teke til vitande. Føresegn er lagt inn for å redusere støy frå kraftstasjonen.

NVE: Peikar på fare for flaum, erosjon og skred, planområdet ligg innafor aktsemdsområde for snøskred og jord- og flaumskred, det er naudsynt å dokumentera korleis sikkerheitskrava i TEK 17 blir ivaretekne. Vassdragsinteressene må bli godt tekne i vare i planen. Det må gå tydeleg fram av plandokumenta korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeid planen.
Kommentar: Vurderingar gjort i ROS analyse.

Agder Energi Nett: viser til at dei har områdekonsesjon i området og etablerer og drifter straumnett i kommunen. Planforslaget må ta omsyn til bestående anlegg i området og for de anlegg som det er nødvendig for dei og etablerer og drifte. Dei gjer elles oppmerksam på at spenningsnivå ikkje må påførast planen og at kablar i bakken ikkje teiknast inn på kartet.
Kommentar: innspelet er teke til vitande.

Agder Energi Vannkraft AS: Har ingen merknader til det planlagte Austad kraftverk.

Otteraaens brugseierforening: Dei er medlem i Røynestøylvegen og på vekar at det må lagast avtale med Austad kraftverk om bruk og vedlikehald av vegen.
Kommentar: Innspelet er teke til vitande. Grunneigar Knut A. Austad har svart brugseierforeningen at avtalar og godkjenningar må på plass med alle medeigarar av vegen. Alle medlem av vegen vil bli invitert på informasjonsmøte.


4 Forutsetningar for planarbeidet

4.1. Kartgrunnlag

Kartgrunnlag som er nytta for området er økonomisk kartverk og FKB – data med 1 meter ekvidistanse. Feltarbeidet er utført med GPS/PDA .
Ortofoto er nytta som grunnlag i planarbeidet, samt innsynstenester/WMS tenester:

- Artsdatabanken (www.artsdatabanken.no),
- Skog og Landskap (www.skogoglandskap.no),
- Miljødirektoratet (www.miljødirektoratet.no),
- Norges geologiske undersøkelse (www.ngu.no, Skrednett, Berggrun, ..),
- Riksantikvaren (www.riksantikvaren.no),
- NVE (www.nve.no).


Plankartet er utarbeida i digital form på SOSI- format.



Bilete 3: Flyfoto over området (fra www.norgeibilder.no)

5 Planomtale

I kartet under har en kartfesta dagens situasjon i området.



Bilete 4: Registreringskart (Vedlagt i A3)

5.1. Området i dag

Planområdet ligger på Austad på aust sida av dalen nord i Bygland kommune. Tilkomst til området er via eksisterande avkøyring frå Rv 9 over Ose bru og nordover på fylkesveg 324. Nedre delar av planområdet er prega av jordbruksareal medan dei øvre delane består av skogsareal. Planområdet er omlag 380 daa.

5.1.1. Landskap og vegetasjon

Planområdet går inn under i landskapsregion "Dal- og fjellbygder i Telemark og Aust-Agder". Planområdet dekker i stor grad skogarealer langs Røynestøylvegen. Det er eit mindre masseuttak til eige bruk om lag midt i lia. I dei nedre delane er det innmarksbeite og dyrkamark. Lia er vestvendt.

5.1.2. Eksisterande bygg

Det er eit gardsbruk innom planområdet. Nord for planområdet er det fleire gardar og i sør ligg eit bustadfelt med 7 bustader og nokre ledige tomter. På nedsida av fylkesvegen er det eit industriområde.

5.1.3. Veg og trafikkforhold

For tilkomst til inntak for kraftverket må ein nytte Røynestøylvegen som går opp lia og vidare innover på heia. Tilgang til kraftstasjonen er via eksisterande avkøyring over innmarks beite.

5.1.4. Grunnforhold

Berggrunnen i det meste av området består av diorittisk granittisk gneis, migmatitt. Der Kvernåni dreier nordover går berggrunnen over til Amfibolitt, hornblendgneis, glimmergneis, stadvis migmatittisk (NGU bergrunnsgeologi – N250 vektor). Lausmassane i området består av morenemateriale i tynt dekke frå inntaket og om lag ned til eksisterande masseuttak, resten av lia til det flatar ut består av tykt morene materiale. I eit belte langs vegen (ca 100m breitt) består lausmassene av breelvavsetning.(NGU løsmassegeologi). Breelvavsettinga er i NGU kart for Grus- og pukk førekomstar markert som grusressurs med sikker avgrensing i sør og usikker avgrensing i nord, ressursen er markert å ha liten betydning..

5.1.5. Vann

Kraftverket skal utnytte fallet i Kvernåni som renn ned gjennom planområdet, denne munnar ut i Skeieevja i Otra. Otra renn inn i Åraksfjorden ved Ose bru om lag 850 meter nedstrøms utløpet til Kvernåni.

5.1.6. Naturmangfald

Per 12.11.2019 er det på Miljødirektoratets naturbase registrert ein Naturtype BN00023377 Juvet, sørvendt berg og rasmark innanfor planområdet, denne har verdi viktig. Naturtypen ligger i øvredel av området langs vestsida av Røynestøylvegen. Det same arealet er delvis registrert i MiS registrering som nøkkelbiotop.

Artsdatabanken har per 12.11.2019 ingen registreringar av arter som står på raudlista innanfor planområdet. Registreringar i nærleiken er berre av livskraftige artar.

5.1.7. Kulturminne

Det finnes ikkje registrert kulturminne innanfor planområdet frå tidlegare.

Kulturminnevernseksjonen hos fylkesmannen har varsla behov for kulturminneregistrering. Denne kan ikkje utførast før til våren 2020.

Det er registrert to bygningar i sefrak registeret i planområdet. Dette er to kvernhus, Begge er restaurert. Begge ligg langs Kvernåni , eit ligg nedstrøms utløpet frå kraftverket.

5.1.8. Bruk av området

Planområdet er for det meste skog, dyrkamark og beite i dag. Mye av det nedre arealet er i bruk til gras produksjon og beitedyr. Oppover i området er det skogen som dominerar, noke av terrenget er bratt og vanskeleg framkommeleg. Røynestøylvegen går opp gjennom heile området.

5.1.9. Skogbruksinteresser

I følge skogbruksplanen for området består skogen hovudsakleg av granskog av middels og høgbonitet.

Arealet som er registrert som naturtype i Naturbase er skilt ut som MiS figur i skogbruksplan.

5.2. Planløysingar, vurderingar

Kraftverket som er under planlegging skal utnytte eit fall på ca. 205 meter. Inntaket er planlagt ved Røynestøylvegen på om lag kote 423, utløpet planleggast på om lag kote 218. Det leggast opp til ein liten dam ved inntaket på ca 2m høgde og 12m breidde, den vil romme omlag 100m³. Frå inntaket vil det bli gravd ned røyr fram til kraftstasjonen, ca 1200m. I starten av traseen vil rør bli lagt i Røynestøylvegen, før den tar av på ein gamal driftsveg og vidare nedover lia i skogen. Røyrtraseen vil krysse Røynestøylvegen på tre plassar. Nedredel av røyrtraseen vil gå parallelt med og på nordsida av trase for vassrøyr til høgdebasseng for vassforsyning. Produsert kraft planleggast levert ut på regionalt nett via jordkabel til trafostasjon nord for bygg på industriområdet.

5.2.1. Landskapsbilde

Elva er lite synleg på avstand. Fylkesvegen kryssar elva nedstrøms utløpet frå kraftstasjonen, som gjer at utbygging av kraftverket ikkje vil gje noko endring i korleis bekken oppfattast av forbipasserande. Elva vil også tilførast vatn frå ein sidebekk nedstrøms inntaket, i tillegg til at det vil vere krav om minstevassføring, vil det gjere at tiltaket ikkje vil gje store endringar i korleis Kvernåni oppfattast nedstrøms inntaket. For røyrtraseen vil det måtte hoggast ei gate i skogen som vil bli synleg, men hogst i skog er ei naturleg del av forvaltning av skogen. Etter siste kryssing av Røynestøylvegen vil røyrtraseen dels følgje traseen for vassrøyr til høgdebassenget. I dette området går traseen over beitemark og vil ikkje gje noe endring i landskapet. Kraftstasjonen vil bli oppført mot ein teig med skog mot elva som vil virke skjermande og støydempande mot busettinga på motsett side av elva. Bygget vil bli oppført i enkel og lokal stil, og gli godt inn i landskapet

5.2.2. Tilkomst

Området for inntak og røyrtrasse ligg langs Røynestøylvegen og er lett tilgjengeleg frå denne. Det vil i anleggsfasen vere behov for nokre driftsveger inntil røyrtraseen der den ligg lengst vekk frå vegen. Nokre av desse vil vere naturleg å ha liggande som traktor sleper for seinare skogsdrift i området. Området der kraftstasjonen er planlagt har tilkomst frå fylkesvegen på eksisterande landbruksveg. Det er behov for ein liten ny vegstubb frå eksisterande veg og innpå området for kraftstasjonen.

5.2.3. Parkering

Det er regulert ein større parkeringsplass nede på flata ved kraftstasjonen,P1, denne er meint som parkering for folk som har hytter inne på heia på vinterstid. Under anleggsperioden kan denne nyttast som riggplass. Parkeringsplassar som er regulert langs Røynestøylsvegen er også meint som

hytte parkering etter kvart som snøen trekker seg tilbake om våren. Desse plassane kan nyttast som tippar for reine skrot masser under anleggsperioden og tilretteleggast som parkering når anleggsarbeidet avsluttast. P4 er parerking for tilsyn av inntakspunkt og dam.

5.2.4. Masseuttak

Eit eksisterande masseuttak til eige bruk er regulert til masseuttak. Dette skal kunne brukast under anleggsperioden for oppfylling av masser rundt røyrgate og liknande. Uttak av masser etter avslutta anleggsperiode til kommersiell bruk vil krevje konsesjonsbehandling. I Området kan det og tippast reine skrot masser.

5.2.5. Omsynet til barn og unge

Området syner ikkje synlege spor etter omfattande bruk av barn og unge. Etter anleggsperioden vil det meste av arealet ha same tilgjengelegheit som tidligare.

5.2.6. Støy

Kraftstasjonen vil generere støy og det stillast krav til støydemping av denne.
Skogen i mellom kraftstasjonen og åa vil bevarast i størst mogleg grad for å vere med å dempe støy frå kraftstasjonen mot busettinga sør for Kvernåni.

5.2.7. Vurdering etter naturmangfoldsloven

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

Per 12.11.2019 er det på Miljødirektoratets naturbase registrert ein Naturtype BN00023377 Juvet, sørvendt berg og rasmark innanfor planområdet, denne har verdi viktig. Naturtypen ligger i øvredel av området langs vestsida av Røynestøylvegen. Det same arealet er delvis registrert i MiS registrering som nøkkelbiotop.
Artsdatabanken har per 12.11.2019 ingen registreringar av arter som står på raudlista innanfor planområdet. Registreringar i nærleiken er berre av livskraftige artar.
Endringar i vassføring kan påverke artar som lever i vatn. Krav til minstevassføring i Kvernåni vil dempe effekten av tiltaket. Fisk har ikkje moglegheit til å vandre særleg lenger opp i Kvernåni enn der utløpet frå kraftstasjonen er planlagt.
Eksisterande kunnskap om området gjer ikkje grunn til å tru at tiltaket vil føre med seg vesentleg skade på trua eller verdifullt naturmangfald, sjølv om tiltaket i seg sjølv er et større inngrep.

Naturtypen Juvet regulerast med omsynsone «Bevaring naturmiljø», røyrgata vil i dette området ligge i vegen og vil ikkje påverke naturtypen.

§ 9 Føre var - prinsippet

Ut i frå den kunnskapen vi har hatt tilgjengeleg vurderast den som tilstrekkeleg slik at føre-var-prinsippet gjer seg lite gjeldande i dette område.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Området er i dag dyrkamark, innmarksbeite og skogareal. Både landbruksareal og skog er godt skjøtta og i normal drift, og dette vil fortsette som før. Det er ikkje registrert prioriterte arter i området. Ei naturtype er registrert nordvest for Røynestøylvegen i øvre del av området.
Tiltaket vil ikkje øydelegge eller forringe leveområdet for trua eller nær trua arter, heller ikkje kome i kontakt med utvalde naturtypar. Ein kjenner ikkje til planar om andre tiltak i området. Den samla belastninga blir derfor ikkje vurdert nærmare.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar

Føresegnene forutsett at planen eller tiltaket vil føre til skade på naturmangfoldet. Når utbygginga er fullført vil terrenget få gro til og tiltaket vil kunn vere synleg ved inntak og kraftstasjon. Saman med vurderingane etter § 10 vurderast § 11 slik at tiltaket ikkje vil føre med seg en slik skade på naturmangfaldet at vurdering av kostnader ved miljøforringing blir relevant.

§ 12 miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder

Ein har ikkje sett det som nødvendig å vurdere andre lokaliseringar av tiltaket da dette knyttar seg til Kvernåni og vanskeleg kan lokaliserast andre plassar. Reguleringsplan skal sikre at miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar blir nytta under utbygginga. Det er heller ikkje funnet nødvendig å gjere vurderingar av særskilte driftsmetoder og teknikkar, sidan det ikkje er tilhøve i området som tilseier at en bør velgje teknikkar og driftsmetoder som skal ta særleg omsyn til miljøet.

6 Risiko og sårbarheit

Jmf. plan- og bygningsloven § 4-3 er det krav om risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS –analysar) for arealplanar som legg til rette for utbygging. Omsyn til tryggleik og beredskap skal i medhald av plan- og bygningslova vera ein integrert del av samfunnsplanlegginga. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som knytast til planområdet og eventuelle endringar som følgjer av planen eller tiltak som er heimla i den. Formålet med § 4-3 er å gje eit grunnlag for å førebyggje risiko for skade

og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur og andre materielle verdiar mv. Ved å kartlegge sannsynlegheit og konsekvensar av uønskte hendingar, kan ein prioritere risikoområder og planleggje tiltak for å forhindre dei eller redusere konsekvensen av dei dersom dei skulle oppstå. I utgangspunktet bør det unngåast å bruke areal som inneheld uønskt risiko og sårbarheit.

6.1. Metode

Risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS-analyser) er systematisk kartlegging av farar basert på ein metode for innsamling av data. Denne ROS-analyse er i hovudsak basert på en kvalitativ risikovurdering som er bygd på fleire undersøkingar og forskjellig kildemateriale. Styrken ved å nytte ei slik kvalitativ metode er at den gir eit heilskapleg bilete av risiko- og sårbarheitsvurderinga for planen.

Risiko uttrykker den fare som uønskte hendingar representerer for menneskjer, miljø, økonomiske verdiar og samfunnsviktige funksjoner. Risiko er et resultat av **sannsynlegheit** (frekvensen) for og konsekvensane av uønskte hendingar. **Sårbarheit** er et uttrykk for et systems evne til å fungere og oppnå sine mål når systemet utsettast for påkjenningar.

I **sjekklista** er det lista opp fleire moglege hendingar som både isolert sett og heilheitleg synliggjør risiko- og sårbarheit med omsyn til konsekvensar for og konsekvensar av planen. Forhold som er vurdert til ikkje å være tilstade kviterast ut i egen kolonne. Hendingar som kan påverke planområdet kommenterast i eigen kolonne. Sannsynlegheit, konsekvensar og risiko vurderast etter følgjande kriteriar:

Vurdering av **sannsynlegheit** for hending er delt i:

5. Svært sannsynleg / forholdet kan være kontinuerlig tilstade
4. Meget sannsynleg / periodevis, lengre varighet
3. Sannsynleg / fleire enkelt tilfelle
2. Mindre sannsynleg / kjenner tilfelle
1. Lite sannsynleg / ingen tilfelle.

Vurdering av **konsekvensar** av hendingar er delt i:

1. Ubetydelig: Ingen person- eller miljøskader.
2. Mindre alvorleg / ein viss fare: Få / små person- eller miljøskader.
3. Betydeleg / kritisk:
4. Alvorleg / farleg: Alvorleg person- eller miljøskader
5. Svært alvorleg / katastrofalt: Personskade som medfører død eller varig mén; mange skadd; langvarige eller varige miljøskader.

Risikomatrise

Konsekvens: Sannsynlegheit:	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg/ein viss fare	3. Betydeleg/ kritisk	4. Alvorleg/farleg	5. Svært alvorleg/ katastrofalt
5. Svært sannsynleg/ kontinuerleg	5	10	15	20	25
4. Meget sannsynleg/periodevis, lengre varighet	4	8	12	16	20
3. Sannsynleg/ fleire enkelttilfeller	3	6	9	12	15
2. Mindre sannsynleg/ kjenner tilfelle	2	4	6	8	10
1. Lite sannsynleg/ingen tilfelle	1	2	3	4	5

- Hendingar i røde felt: Tiltak nødvendig, i utgangspunktet ikkje akseptabelt, evt. endringar i plan.
- Hendingar i gule felt: Tiltak må vurderast – eventuelt endringar i plan.
- Hendingar i grøne felt: Ikkje signifikant risiko, men risikoreduserande tiltak kan vurderast om dei skal gjennomførast.

6.2. Sjekkliste med hendingar, konsekvensar og tiltak

Hending/situasjon	Tilstade	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Kommentar/tiltak
Naturgitte tilhøve, *er området utsett før eller kan planen medføre risiko for:*					
1. Sno- eller steinskred	Ja	2	2	4	Aktsamheits kart for snoskred og for steinsprang har markeringar i området, ingen kjente hendingar.
2. Fare for utgliding	Nei				
3. Flaum	Ja	3	2	6	Aktsamheitskart for jord og flaumskred har markering frå Bekkedalen og ned Kvernåni.
4. Avrenning til bekker	Nei				
5. Er det radon i grunnen	Ikkje kjent				
Vær, vindeksponering					
6. Vindutsett	Nei				
7. Nedbørutsett	Nei				
8. Kuldegrop	Nei				
Natur- og kulturområder, *medfører planen/tiltaket fare for skade på:*					
9. Sårbar flora/fauna/fisk/dyr	Ja	3	3	9	Gassovermetning nedstrøms utlaup frå kraftstasjonen.
10.Verneområder	Nei				
11.Vassdragsområder	Nei				
12.Kulturminner/miljø	Nei				
13.Naturressursar	Nei				
Infrastruktur, *Strategiske områder og funksjoner. Kan planen/tiltaket få konsekvensar for.*					
14.Vei, bru, bane, knutepunkt	Nei				
15.Brann/politi/sivilforsvar	Nei				
16.Kraftforsyning	Nei				
Vil uttilsikta/ukontrollerte hendingar, som kan inntreffe **på nærliggande transportårer**, utgjere ein risiko for området					
17.Hendingar på veg	Nei				
18.Hendingar på vann/elv	Nei				
Er det **innafor området** spesielle farar forbundet med **bruk av transport nett for gåande, syklande og kjørande**					
19.Til ski/turløyper	Nei				
20.Til anlegg for friluftsformål	Nei				
Hending/situasjon	**Tilstades**	**Sannsynleg**	**Konsekvens**	**Risiko**	**Kommentar/tiltak**

Brannberedskap/forureining					
21. Har område tilstrekkelig brannvannforsyning					
ikke inn på kartet. Vi viser i denne sammenheng til Forskrift om beredskap i kraftforsyningen § 6-2, og NVEs Veiledning til forskrift om beredskap i kraftforsyningen, pkt 6.2.5.

I god tid før utbyggingen må det avklares hvordan planområdet skal forsynes med elektrisk. Det må avklares i hvilken grad eksisterende nett kan benyttes, evt omlegginger av nettet.

Den eller de som utløser tiltaket i strømforsyningsnettet, både flytting, nyanlegg og forsterkning, må som hovedregel dekke kostnadene med tiltaket, inkludert kostnader til erverv av nye rettigheter.

Vedlagt ligger kartskisse som viser nettanlegget vårt i området.

Med vennlig hilsen

Kristine Mål Vestøl | Prosjektingeniør
kristine.mal.vestol@ae.no tlf: +47 38 60 72 90

Agder Energi Nett
Postboks 794 Stoa | 4809 Arendal
tlf: +47 38 60 70 00 | fax: +47 38 60 70 01
www.aenett.no

God kraft. Godt klima.

Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

COWI AS
Tordenskjolds gate 9
4612 KRISTIANSAND S

Dato: 30.07.2019
Vår ref: 19/02740-2
Deres ref:

Uttale til varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering for Neset Camping i Bygland kommune - Planid 201903

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 11. juni 2019.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i plansakar.

Om plana

Føremålet med planarbeidet er å oppdatere gjeldande reguleringsplan for Neset Camping (gjeldande frå 1999) for å få planen meir fleksibel i samband med campingturismen i framtida.

Planarbeidet skal leggje opp for brygger, hytte/badstu i vatnet, og fylle ut ein odde utanfor S4 for bubilparkering, hyttetomtar, nytt servicebygg og rorbuer/husbåtar. Det skal også leggjast til rette for eit masseuttak langs rv.9 der massane skal brukast for å fylle ut campingplassen. Det skal takast ut inntil 2 mill. m^3.

Uttale til saka

Planen skal legge til rette for masseuttak langs rv.9 innanfor plangrensa. Ut i frå varselet om oppstart av planen, er føremålet med uttaket utfylling av campingplassen.

For at minerallova skal gjelde er det ikkje bruken av massane, men utnytting av grunnen kor massane takast ut som er avgjerande. For at minerallova ikkje skal gjelde ved mineraluttak må uttaket hovudsakleg vere ein del av anna utnytting av grunn, jf. minerallova §3 andre ledd.

DMF legg til grunn tiltakshavars opplysing om at massar skal takast ut berre for utfylling av campingplassen, men gjer merksam på tiltakshavars plikt til å søke konsesjon etter minerallova §43 dersom uttakets karakter vert endra, for eksempel ved at det vert teke ut massar i større grad enn naudsynt for å etablere campingplass.

DMF har på noverande tidspunkt ingen ytterlegare merknader til varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering for Neset Camping i Bygland kommune - Planid 201903.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Kristine Bye
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Kristine Bye

Mottakarar:
COWI AS Tordenskjolds gate 9 4612 KRISTIANSAND S

Kopi til:
Bygland kommune 4745 BYGLAND

Eline Fredriksen

From: Solberg Glenn <glenn.solberg@vegvesen.no>
Sent: tirsdag 27. august 2019 14:41
To: Eline Fredriksen; post@bygland.kommune.no
Cc: Hellevig Solveig; Wiberg Sigurd
Subject: Reguleringsplan - innspel til varsel om oppstart av planarbeid for Neset camping, Bygland kommune

Vi syner til brev datert 11.06.19 med varsel om påbegynt planarbeid for Neset camping i Bygland kommune.

Føremålet med planen er å oppdatere gjeldande plan for Neset camping. I tillegg er det fleire forhold som skal vurderast:

Blant anna: Nye brygger, hytter/hyttetomter/badstue, servicebygg, rorbuer, utfylling av odde til bobilparkering, massetak langs riksveg 9, parkering for sti til Ådalsknapen og tilkomst til tursti.

Planen tar med seg områder på begge sider av riksveg 9. Det er viktig at planen sikrar naudsynt areal til å ta vare på riksvegen. Vegen med tilstrekkeleg sideareal, inkludert busslomme, må regulerast til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.

Området til Neset camping har tilkomst frå eksisterande kryss frå riksvegen. Naudsynte frisiktsoner i krysset må takast med i planen med tilhøyrande føresegn. Det kan ikkje påreknast fleire avkjøyrsler til Neset camping av omsyn til trafikktryggleiken.

Avklaringar med omsyn til tilkomst til turvegar må gjerast i samråd med Statens vegvesen. Av omsyn til trafikktryggleiken er det viktig at kryssing av vegen skjer på ein oversiktleg strekning og ikkje til dømes i ein sving. Parkering må skje på området til campingen.

Om det er mogeleg med eit massetak langs riksvegen, må vurderast i planen. Riksveg 9 er svær viktig for transporten i Setesdal, og det same gjeld trafikktryggleiken ved eit slikt anlegg.

Gjeldande plan syner byggegrense mot riksvegen, denne kan vidareførast for campingen. På andre siden gjeld byggegrensa på 50 meter frå senter veg.

Sjølv om det er rekkverk langs riksvegen, vil det vere ein risiko for at store køyretøy kan komme inn på campingområdet. Det er derfor svært viktig at planen ikkje legg opp til at det kan settast opp telt, vognar etc. innanfor byggegrensen.

Med helsing
Glenn Solberg
seksjonssjef

Statens vegvesen, Vegavdeling Agder, Planforvaltning og miljø
Kontoradresse: Langsævn 4, ARENDAL
Mobil: +47 91169713 **epost:** glenn.solberg@vegvesen.no
www.vegvesen.no **epost:** firmapost-sor@vegvesen.no

Norges vassdrags- og energidirektorat

NVE

COWI AS - Kristiansand
Tordenskjoldsgate 9
4612 KRISTIANSAND S

Eline Fredriksen

Vår dato: 03.07.2019
Vår ref.: 201906766-2
Arkiv: 323
Deres dato: 11.06.2019
Deres ref.: ELFN

Saksbehandler:
Bente Ågren Høegh

NVEs innspill til varsel om oppstart - Detaljreguleringsplan for Neset camping - GBnr 68/1 - Bygland kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 11. juni 2019.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormyndighet med innsigelseskompetanse innenfor saksområdene flom-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser knyttet til vassdrag og grunnvann, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og veiledning om hvordan nasjonale og vesentlige regionale interesser innen disse saksområdene skal tas hensyn til ved utarbeiding av arealplaner etter plan- og bygningsloven. Forslagstiller har ansvar for at disse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Flom, erosjon, skred og overvann

God arealplanlegging er det viktigste virkemiddelet for å forebygge skader fra flom- erosjon og skred. Plan- og bygningsloven og byggteknisk forskrift (TEK17) setter tydelige krav til sikkerhet mot flom, erosjon og skred ved planlegging og utbygging. På reguleringsplannivå vil det ofte være behov for en detaljert fagkyndig utredning av faren. Hensyn til klimaendringer skal også vurderes.

Planområdet er dekket av aktsomhetsområder for flom, snøskred og steinsprang. Før det kan gjøres tiltak i området må det gjøres vurderinger knyttet til sikkerhet mot naturfare. NVE viser til kravet til sikker byggegrunn i plan- og bygningsloven § 28-1 og TEK 17 kapittel 7. NVE kan fremme innsigelse hvis hensynet til naturfare ikke blir tilstrekkelig ivaretatt i planen.

Vassdrag- og grunnvannstiltak

Det er store allmenne interesser knyttet til vassdrag og grunnvann. Tiltak som kan medføre skader eller ulemper for allmenne interesser, kan utløse konsesjonsplikt etter vannressursloven. Hvis det er behov for at NVE gjør en konsesjonspliktvurdering av vassdragstiltak i planen, så ber vi om at dette kommer klart frem av oversendelsesbrev. NVE kan avgjøre at reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivaretatt i planen.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor	Region Midt-Norge	Region Nord	Region Sør	Region Vest	Region Øst
Middelthunsgate 29	Abels gate 9	Kongens gate 14-18	Anton Jenssensgate 7	Naustdalsvegen. 1B	Vangsveien 73
Postboks 5091, Majorstuen			Postboks 2124		Postboks 4223
0301 OSLO	7030 TRONDHEIM	8514 NARVIK	3103 TØNSBERG	6800 FØRDE	2307 HAMAR

I varselet omtales mulig etablering av brygge, bygging av hytte/badstue i vannet og utfylling av en odde. Dette er tiltak som berører vassdraget, og det må derfor gjøres vurderinger av hvilke konsekvenser de planlagte tiltakene kan få for vassdraget, jf. kravene i vannressursloven.

Energianlegg

Et velfungerende system for produksjon og overføring av energi er avgjørende for samfunnet. Planen må derfor ta hensyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgivningen. Hvis planen kommer i berøring med energiinteresser, bør berørte energiselskap involveres tidlig.

Ved oppstart av planarbeidet anbefaler vi å bruke følgende veiledere og verktøy:

- NVEs karttjenester viser informasjon om flom- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- NVEs veileder 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging beskriver hvordan interessene bør ivaretas i planen, slik at en unngår innsigelse.
- NVEs retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar beskriver hvilke flom- og skredprosesser som kan utgjøre fare, og hvordan disse farene bør utredes og innarbeides i planen.
- NVEs sjekkliste for reguleringsplan er et nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområder er vurdert og godt nok dokumentert.
- www.miljokommune.no gir nyttige tips om overvannshåndtering i arealplanlegging.
- Flere nyttige veiledere og verktøy finnes på www.nve.no/arealplan.

Denne planen berører NVEs saksområder i stor grad, og vi ber om å få planen tilsendt ved offentlig ettersyn.

NVE legger til grunn at kommunen vurderer om planen ivaretar nasjonale og vesentlige regionale interesser. I plandokumentene må det gå tydelig fram hvordan de ulike interessene er vurdert og innarbeidet i planen. Alle relevante fagutredninger innen NVEs saksområder må være vedlagt. Vi ber om at alle plandokumenter sendes elektronisk til rs@nve.no.

NVE vil prioritere å gi innspill og uttalelser til reguleringsplaner der det bes om faglig bistand til konkrete problemstillinger. Dette fremgår av brev til kommunene 29.09.2017 om NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen. Vi ber derfor om at det skrives tydelig i oversendelsesbrevet til NVE hva en eventuelt ønsker konkret bistand til i den enkelte saken.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVEs saksområder.

Med hilsen

Anne Cathrine Sverdrup
regionsjef

Bente Ågren Høegh
seniorrådgiver

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Kopi til:

Bygland kommune
FYLKESMANNEN I AGDER

Eline Fredriksen

From: Espetveit, Gjermund <Gjermund.Espetveit@otrakraft.no>
Sent: tirsdag 16. juli 2019 13:49
To: Eline Fredriksen
Cc: 'post@bygland.kommune.no'; Johnsen, Grunde; Rysstad, Gudrun
Subject: BYGLAND KOMMUNE- DETALJREGULERING AV EIENDOM 68/1-NESET CAMPING,PLANID:201903

Hallo !

Vi viser til brev frå COWI AS dat. 11.06.2019

Frist for uttale er sett til 08.08.2019.

Otteraaens Brugseierforening(OB) har denne merknad:

Byglandsfjorden er regulert mellom HRV = kote 203 og LRV = kote 198.
I flaum kan vasstanda stige over HRV.

Konsesjonen 03.10.2003 gjev føring om å halde Byglandfjorden på kote 202,5 sommarstid, men OB har lov til å regulere fjorden
1 meter (mellom kote 203,00 og 202,00) i perioden frå vårflaumen sin kulminasjon og ut august månad.

OB har fått utrekna slike flaumstorleikar:

Type Flaum	Nedre del Byglandsfjord	Øvre del Byglandsfjord
Q 1000	204,16	205,99
PMF	208,56	ca 215

Q 1000 er pr definisjon: 1000- års flaum
PMF er pr definisjon: Maksimal påregnelig flaum

Vi gjer merksam på at ovannemnde opplysninger om flaumstorleikar er vegleiiande og ikkje eksakte storleikar.

OB er i konsesjon 03.10.2003 pålagd å erosjonssikre utvalde parsellar i strandsona rundt Byglandsfjorden/ Åraksfjorden.
NVE rapport dat.18.06.1996 syner oversikt over alle slike parsellar, med nokre unnatak.
NVE rapporten omtaler ingen tiltak ved Neset Camping. Eksisterande strandsone er derfor å sjå på som erosjonssikker.
Tiltakshavar må sørge for erosjonssikring i strandlinja på dei stadane inngrep vert gjort. NVE kan gjeve tekniske råd.

Ved tiltak i strandsona, og særleg i dette tilfelle der bygg/konstruksjonar skal byggast ut i fjorden(brygger m.v.), er det svært viktig at ein tek omsyn til bylgjekrefter og ispåverknad.

OB gjer merksam på at Byglandsfjorden kan fyllast opp til HRV = kote 203, 0 også om vinteren dersom tilsigsituasjonen eller andre behov gjer det naudsynt å nytte reguleringa fullt ut.
Brygger og konstruksjonar på pælar i strandsona er då svært utsett for skadar. Dette må takast omsyn til ved dimensjoneringa.

OB nemner også "Blekeprosjektet" i Byglandsfjorden, som går ut på å etablere kunstige gytegroper ulike stadar i fjorden for å få bleka til å reprodusere seg.
Gytegropene ligg under kote 201,5.
Vi registrerer at i referat frå oppstartmøte 22.05.2019 mellom utbyggjar og Bygland kommune opplysast det til ikkje å vere gytegroper for bleke i dette området.

Fylkesmannen sin miljøvernavdeling må orienterast om detaljplanen.

OB registrerer at NVE er beden om å gjeve uttale til nærverande søknad.

OB vil for sin del uttale at regulanten må haldast skadeslaus i høve til private tiltak som etablerast i strandsona, slik som i dette tilfelle.

Med helsing

Gjermund Espetveit
Otteraaens Brugseierforening
c/o Otra Kraft
Setesdalsvegen 3455
4748 Rysstad
Tlf:37936708/ 48139850
Epost:gjermund.espetveit@otrakraft.no

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Saksmappe: 2019/402
Sakshandsamar: LEF
Dato: 20.03.2020

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
29/20	Plan, miljø- og ressursutvalet	01.04.2020

Dispensasjon for ny brygge på gnr. 69, bnr. 127 ved Revsnes Hotel

Rådmannen si innstilling:

1. Dispensasjon jfr. plan- og bygningsloven § 19-1 og § 19-2 frå reguleringsplan for Byglandsfjord sentrum friområde i vatn for bygging av brygge og trapp på gnr. 69, bnr. 127 ved Revsnes Hotel vert godkjent som omsøkt.

Grunngjeving er at ein ikkje kan sjå at tiltaket setter formålet med friområde i fjorden vesentleg til side då landareal er regulert til turristføremål. Fordelen med å gi dispensasjon er vesentleg større enn ulempene då tiltaket er i tråd med overordna mål i kommuneplanen om å ta vare på eksisterande verksemder.

2. Eigar av gnr. 69, bnr. 127 får jfr. plan- og bygningsloven § 20-1 pkt a, jfr. § 20-4 pkt a) løyve til bygging av brygge og trapp som omsøkt på fylgjande vilkår:

   a. Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket blir plassert og utført i samsvar med Plan- og bygningsloven, byggeløyve, godkjent situasjonskart og godkjende bygningsteiknar. Ein oppmodar også at tiltaket så langt som råd vert lagt til rette for universell utfoming.

   b. Tiltaket kan ikkje takast i bruk før Bygland kommune har gjeve ferdigattest. Komplett søknad om ferdigattest skal innhelade:
      - Situasjonskart med målsette avstander til kjend kartobjekt, eller alternativt SOSI-fil der tiltaket er innmålt av landmålarføretak.
      - Søknad om ferdigattest, blankett 5167. Blankett finn ein på Direktoratet for byggkvalitet sine sider: https://dibk.no/saksbehandling/byggsok/Byggesaksblanketter/

   c. Tiltak på land må sikrast mot fare for erosjon. Tiltak på land må bli plassert trygt i høve 20-års flaum, dvs. jfr. Strandsoneplanen må topp mur for tiltak ikkje ligge lågare enn 203,06 m.o.h.

   d. Tiltakshavar er sjølve ansvarleg for at tiltak ikkje kjem nærmare straumlinjer enn:
   Høgspent…….. 20 m
   Lågspent…….. 4 m

Trafo/nettstasjoner…… 5 m
Jordkabel…….. 2 m

Dersom tiltak kjem nærmare, må tiltakshavar kontakte ae-nett **før** bygging startar. Informasjon finn ein her http://www.aenett.no/bygge-og-grave/for-du-bygger/

e. Tiltaket kan ikkje takast i bruk til anna føremål enn det som går fram av løyvet, evt. bruksendring krev godkjenning av bruksløyve jfr. pbl § 20-1 pkt. d).

f. Dersom det blir skifte av tiltakshavar før tiltaket er fullført, skal dette meldast til kommunen, både av gamal og av ny tiltakshavar, jfr pbl. 23-2.

g. Kommunen kan føre tilsyn med at tiltak vert gjennomført i samsvar med gjelande lovverk og byggeløyve, jfr. pbl § 25-1. Løyvet og godkjende teikningar skal difor alltid vere på byggeplassen.

h. Det er ikkje tillete å brenne avfall. Avfall frå tiltaket skal sorterast og leverast på godkjend deponi.

i. Dispensasjonsløyve og byggeløyve fell bort dersom tiltaket ikkje vert sett i gong innan 3 år, det same gjeld dersom tiltaket stoppar opp i lengre tid enn 2 år, fristen kan ikkje forlengast, jfr. plan- og bygningsloven § 21-9.

3. Ein kan ikkje sjå at tiltaket bryt med prinsippa i Naturmangfaldlova §§ 8-12, jfr. § 7 eller fører til negative konsekvensar for økosystem eller miljø.

4. I samband med handsaming av denne saka har ikkje Bygland kommune teke stilling til evt. privatrettslege tilhøve, slik som evt. eigartilhøve i vassarealet i Byglandsfjorden.

SAKSUTGREIING

Samandrag/ konklusjon

Saka gjeld dispensasjon og byggeløyve for ny brygge og trapp langs fjorden sør-vest for Revsnes Hotel. Saka har vore til uttale og det ligg ikkje føre merknader, ein vil difor tilrå at det vert gjeve dispensasjon og byggeløyve som omsøkt, men på vilkår.

Bakgrunn for saka

Søknad gjeld dispensasjon frå arealføremålet friområde vatn i reguleringsplan for Byglandsfjord Sentrum og for bygging av brygge og trapp langs Byglandsfjorden på gnr. 69, bnr. 127 ved Revsnes Hotel. Tiltakshavar er: Revsnes Hotell AS som har heimel til gnr. 69, bnr. 127.

Tiltaket er bygging av ei brygge som er i alt 37 m lang, 1,2 m brei og ei tilhøyrande trapp med breidde 1 meter og lengde 9 m.

Alle tiltak som er på land er vurdert å vere i tråd med reguleringsføremålet i plan som er reiseliv. Det er den delen av brygga som stikk ut i fjorden som er vurdert til ikkje å vere i tråd med arealføremålet friområde vatn.

Grunngjeving for å søke om dispensasjon går fram av søknaden og er i hovudtrekk at det på grunn av auka aktivitet er naudsynt med meir bryggeplass for å betre tilbodet til gjestene.

Bygging av ny brygge og trapp er vurdert til å vere eit søknadspliktig tiltak utan krav om ansvarleg søkjar, prosjekterande og utførande. Tiltakshavar har med det alt ansvar for heile tiltaket og ein viser til Plan- og bygningslovens §§ 23-1 – 23-8 og Byggesaksforskrifta (SAK 10) §§ 12-1 – 12-6.
Ein vil spesielt nemne stikkord som bygge i samsvar med tekniske krav til byggverk, i tråd med løyve og godkjent situasjonskart og bygningsteikningar samt få ferdigattest før bygget blir teke i bruk.

Naboar er ikkje varsla om søknaden, då ein vurderer at dei ikkje blir berørt av tiltaket.
I samband med handsaming av denne saka er det ikkje teke stilling til privatrettslege tilhøve slik som til dømes kven som eig arealet i vatnet i Byglandsfjorden.
Ein legg til grunn i den vidare handsaminga at tiltakshavar har avklart dette og at tiltaket si plassering ikkje er i strid med Plan- og bygningsloven § 29-4.

Ein kan heller ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med regulert byggegrense langs Rv 9 eller endrar på eksisterande avkøyrsel. Statens Vegvesen har også i brev av 21.10.2019 skriva at dei ikkje har merknader til tiltaket.

Revsnes Hotell er ein arbeidsplass, men ein kan ikkje sjå at det er naudsynt med uttale frå arbeidstilsynet for etablering av denne flytebrygga.

Revsnes Hotel som ein reiselivsdestinasjon bør søke i størst mogleg grad å legge til rett for universell utforming, på den andre sida kan ein også sjå at slik tilrettelegging kan medføre større terrenginngrep, men ein vil likevel oppmode om at ein så langt som råd legg til rette for universell utforming av det omsøkte tiltaket.

Tiltakshavar er sjølve ansvarleg for å avklare at tiltaket ikkje kjem i konflikt med høgspentleidning som går over til Runebergodden. Agder Energi Nett må bli kontakta på tlf. 38 60 70 00, evt. på e-post nett@ae.no

Jfr. Kulturminnesok.no, kan ein ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med kjende kulturminne.

Jfr. Naturbasen er det ingen registreringar i området.

Jfr. NVE sitt skrednett ligg tiltaket i eit område som teoretisk sett kan bli utsett for utløp av snøskred, men brygga vil vere i bruk i sommarhalvåret då faren for snøskred er svært liten, ein vil difor ikkje krevje nærmare utgreiing av snøskredfaren.
Tiltaket ligg jfr. NVE Atlas i aktsomhetsområde for flaum.
Det er ikkje oppgjeve i søknaden kva kotehøgde brygga skal byggjast på, men det må vere eit vilkår at den minst blir plassert trygt i høve 20-års flaum som jfr. Strandsoneplanen er 203,06 m.o.h. i Byglandsfjorden og at etableringa på land ikkje må bli utsett for erosjon.

Saka er sendt til uttale til Fylkesmannen, Aust-Agder Fylkeskommune, NVE, Statens Vegvvesen og Otteraaens Brugseierforening.

Statens Vegvesen har i brev av 21.10.2019 gjeve uttale om at dei ikkje har merknader til titlaket.

Aust-Agder fylkeskommune v/kulturminnevernseksjonen har i e-post av 30.10.2019 gjeve tilbakemelding om at dei ikkje har merknader til tiltaket.

Otteraaens Brugseierforening har gjeve uttale av 31.10.2019.
OB peikar i sin uttale på at ved tiltak i strandsona er det svært viktig at ein tek omsyn til bylgjekrefter og ispåverknad. Vidare er det slik at brygger og konstruksjonar på pælar strandsona er svært utsette for

skader i samband med regulering vinterstid. Det må avklarast med Fylkesmannen si miljøvernavdeling at det ikkje er gytegroper i det aktuelle området.
OB som regulant må haldast skadeslaus i høve til eventuelle skader på private tiltak som etablerast i strandsona.

Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder har i uttale av 11.6.2019 vurdert tiltaket til ikkje å vere i strid med nasjonale eller regionale miljøverninteresser som Fylkesmannen er sett til å sikre og har difor ingen vesentlige merknader til saka.

Ein kan ikkje sjå at ein har motteke uttale frå NVE.

For ordens skuld vil ein også opplyse om at søknaden er motteken 27.8.2019. Søknaden som kommunen fekk då var ikkje komplett og det har teke lang tid å få søknaden komplett. Ein vurderar no at søknaden etter å ha vor på uttale hjå turvande statlege og regionale instansar kan bli handsama i plan-, miljø- og ressursutvalet.

Formelt grunnlag

* Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) av 27.06.2008, nr. 71.
* Forskrift om byggesak (Byggesaksforskrifta) av 26.03.2010, nr. 488.
* Forskrift om teknisk krav til byggverk (Byggteknisk forskrift) av 26.03.2010, nr. 489.
* Naturmangfaldlova §§ 8-12, jfr. § 7.
* Reguleringsplan for Byglandsfjord sentrum, vedteken i kommunestyret 03.02.1999, sak 10/99.

Vurderingar og konsekvensar

Tiltaket er vurdert å vere i tråd med arealføremål på land og med bakgrunn i at det ikkje har kome inn negative uttalar for tiltak i Byglandsfjorden vil ein tilrå at det vert gjeve dispensasjon som omsøkt.

Ein kan ikkje sjå at tiltaket setter formålet med friområde i fjorden vesentleg til side då landareal er regulert til turristføremål. Fordelen med å gi dispensasjon er vesentleg større enn ulempene då tiltaket er i tråd med overordna mål i kommuneplanen om å ta vare på eksisterande verksemder.

På den andre sida er det naudsynt å nemne at det på få år har vore fleire søknader om dispensasjon på denne eigedomen, også det faktum at reguleringsplan for Byglandsfjord er gamal tilseier at med evt. planar om vidareutvikling av denne eigedomen bør ein strekt vurdere å heller sette i gong eit arbeid med detaljregulering av området for å kunne sikre ei forutseieleg utvikling av området. Dispensasjon er noko kommunen kan gi, men det er ikkje noko ein tiltakshavar har krav på.

Bygland, **20.03.2020**

Rådmann

Vedlegg:
1. Søknad om å sette opp brygge 26.8.2019.
2. Bygland kommune ber om uttale 1.10.2019
3. Uttale frå Statens Vegvesen 21.10.2019
4. Uttale frå Aust-Agder Fylkeskommune av 30.10.2019

5. Uttale frå Otteraaens Brugseierforening av 31.10.2019
6. Uttale frå Fylkesmannen i Agder 6.11.2019
7. Oppdatert søknad av 20.2.2020
8. Reguleringsføresegner for Byglandsfjord Sentrum
9. Utsnitt av reguleringsplan for Byglandsfjord Sentrum

Melding om vedtak blir sendt til:
Tiltakshavar
Ansvarleg søkjar
Fylkesmannen i Agder
Statens Vegvesen
Fylkeskommunen
Otteraaens Brugseierforening
NVE

Revsnes hotell
kurs og konferansesenter

26.08.2019

Søknad om å sette opp en brygge ved Revsnes hotell

Jeg søker herved om å sette opp en brygge ved Revsnes hotell. Adressen er Setesdalsvegen 2031, 4741 Byglandsfjord. Kommunenr: 0938, Kommune: Bygland, Gårdsnr: 69, Bruksnr: 127.

Revsnes Hotell har i dag gratis utleie av kano, trø båt og robåt for våre gjester. Dette er meget populært.
Sjøsetting av kanoer går meget greit ved badebryggen som ble satt opp i 2017.
For trø båtene og robåtene er det noe mer omstendelig da de må fortøyes til en midlertidig flytebrygge som ligger inne i bukten ved hotellet. Alle bryggene må tas på land før 1. september da vannet da kan senkes i fjorden.

For å bedre våre fortøyningsmuligheter, og ha mulighet til å øke tilbudet med andre typer båter og aktiviteter ønsker vi å sette opp en brygge fra rampen til badebryggen til enden på vår eiendom mot riksvei 9. Tegnet som rød strek i vedlagt tegning og bilde.
I enden av bryggen ønsker jeg å bygge en trapp opp mot veien slik at man har mulighet til å gå en rundtur ved hotellet.

Det er tenkt å bygge bryggen i samme stil og høyde som piren vi har i dag. Eneste forskjell vil være at vi legger panel på enden slik at båter lettere kan fortøye uten å bruke dregg.

Jeg er usikker på om dette holder som en søknad. Skulle det være mangler vennligst ta kontakt.

Håper på ett positivt svar.

Vennlig hilsen


Uwe Arntzen
95 88 78 74

Vedlegg - Skisse for ny brygge ved Revsnes Hotell

Revsnes Hotell AS, 4741 Byglandsfjord
Tlf: 37 93 46 50
E-post: post@revsneshotell.no
Orgnr: 990336202 MVA, Banknr: 2801 31 90811
www.revsneshotell.no


Ny brygge


Ny brygge


Setesdalsvegen 2031
Ny brygge


Vi ønsker å bygge i denne stilen.



Panel for å letter kunne fortøye ved bryggen

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Sjå adresseliste

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2019/402-2	Liv Elin Frøysnes Berg liv.elin.berg@bygland.kommune.no	01.10.2019

BER OM UTTALE

Viser til vedlagte søknad om dispensasjon og byggeløyve for nye brygge på gnr. 69, bnr. 127 ved Revsnes Hotell på Byglandsfjord.

Gjeldande plan for området er Reguleringsplan for Byglandsfjord sentrum som de kan sjå ved å gå inn på kommunens heimeside http://tema.webatlas.no/bygland/Planinnsyn
Arealet på land er regulert til reiseliv og tiltak på land er såleis vurdert til å vere i tråd med arealføremålet på land.

Arealet i vatnet er regulert til friområde vatn og søknaden må difor bli handsama som ein dispensasjon frå reguleringsføremål friområde vatn.

Ein kan ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med kjende kulturminner eller registeringar i naturbasen. Tiltaket ligg jfr. NVE Atlas i område som teoretisk sett kan vere utsett for snøskredfare, men tiltaket er til bruk i den årstida som det ikkje er fare for snøskred, så ein vurderer at det ikkje er naudsynt med vidare utgreiing av faren.

Det er ikkje oppgjeve i søknaden kva kote brygga som er festa på land ligg på, men det vil bli sett som vilkår i eit løyve at den må plasserast trygt i høve 20-års flaum som jfr. Strandsoneplanen er 203,03 m.o.h. i Byglandsfjorden.

Brygga på land er festa på fjell og ein vurderar at tiltaket ikkje er utsett for erosjonsfare.
Brygga skal takat på land før 1. september kvart år.

Grunngjeving for å søke om dispensasjon er behov for brygge i samband med utleige av robåtar og trøbåtar.

Administrasjonen er positiv til å gi dispensasjon som omsøkt, men før kommunen handsamar søknaden ber vi om uttale.

Uttale kan bli merka **sak 19/402** og sendast til post@bygland.kommune.no **innan 2.11.2019**.

For evt. spørsmål er det bare å ta kontakt.

Kommunehuset
4745 Bygland
T 37 93 47 00
E post@bygland.kommune.no
Bank: 2898 07 00013
Skatt: 6345 06 09384
Kommunenr. 0938
Org. nr. 964 966 397
www.bygland.kommune.no

Med helsing
Bygland kommune

Liv Elin Frøysnes Berg
Ingeniør byggesak

Vedlegg:

1) Søknad

Adresseliste:

REVSNES HOTELL AS	Setesdalsvegen 2031	4741	BYGLANDSFJORD
FYLKESMANNEN I AGDER	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
AUST-AGDER FYLKESKOMMUNE	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
STATENS VEGVESEN	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
OTTERAAENS BRUGSEIERFORENING	c/o Otra Kraft Setesdalsvegen 3455	4748	RYSSTAD

Kopi til:

REVSNES HOTELL AS	Setesdalsvegen 2031	4741	BYGLANDSFJORD

Kommunehuset 4745 Bygland | T 37 93 47 00 E post@bygland.kommune.no | Bank: 2898 07 00013 Skatt: 6345 06 09384 | Kommunenr. 0938 Org. nr. 964 966 397 | www.bygland.kommune.no

Statens vegvesen

BYGLAND KOMMUNE
Sentrum 18
4745 BYGLAND

Behandlende enhet:	Saksbehandler/telefon:	Vår referanse:	Deres referanse:	Vår dato:
Region sør	John Geir Smeland / 37019884	19/278717-2		21.10.2019

Rv. 9 - uttale - gnr. 69 bnr. 127 - Revsnes hotell - Bygland - dispensasjon

Viser til oversendt sak til uttale, datert 01.10.2019.

Vegvesenet har ikkje merknader til brygga som omtalt, så lenge den ikkje kjem i kontakt med vegskråning på Riksveg 9.

Vegavdeling Agder - Seksjon for planforvaltning og miljø
Med hilsen

Glenn Solberg
seksjonsleder

Smeland John Geir

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Postadresse
Statens vegvesen
Region sør
Postboks 723 Stoa
4808 ARENDAL

Telefon: 22 07 30 00

firmapost-sor@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Langsævn 4
4846 ARENDAL

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Fra: Dalseg, Eivind (Eivind.Dalseg@austagderfk.no)
Sendt: 30.10.2019 09:59:34
Til: Post - Bygland kommune
Kopi:

Emne: 17/9672-4 - Gnr/bnr 69/127 Revsnes Hotell på Byglandsfjord i Bygland kommune - byggeløyve for ny brygge - ber om uttale
Vedlegg:
Kulturminnevernseksjonen har ingen merknadar til tiltaket.

Mvh
Eivind Dalseg
Rådgiver bygningsvern

Aust-Agder fylkeskommune
Regionalavdelinga
Seksjon for kulturminnevern
Kontor: 2U105
Telefon: +47 41548728
Epost: Eivind.Dalseg@austagderfk.no
Innbyggerportalen: www.austagderfk.no



Fra: Espetveit, Gjermund (Gjermund.Espetveit@otrakraft.no)
Sendt: 31.10.2019 13:55:55
Til: Liv Elin Frøysnes Berg
Kopi: Johnsen, Grunde

Emne: BYGLAND KOMMUNE-BER OM UTTALE-BREV DAT.01.10.2019 REF: 2019/402-2 REVSNES HOTELL-NY BRYGGE
Vedlegg:

Vi viser til brev frå Bygland kommune dat. 01.10.2019. Svarfrist 02.11.2019.
OB er beden om uttale i ovannemnde sak.

Otteraaens Brugseierforening(OB) har denne merknad:

Byglandsfjorden er regulert mellom HRV = kote 203 og LRV = kote 198.
I flaum kan vasstanda stige over HRV.

Konsesjonen 03.10.2003 gjev føring om å halde Byglandfjorden på kote 202,5 sommarstid, men OB har lov til å regulere fjorden
1 meter (mellom kote 203,00 og 202,00) i perioden frå vårflaumen sin kulminasjon og ut august månad.

OB har fått utrekna slike flaumstorleikar:

Type Flaum	Nedre del Byglandsfjord	Øvre del Byglandsfjord
Q 1000	204,16	205,99
PMF	208,56	ca 215

Q 1000 er pr definisjon: 1000- års flaum
PMF er pr definisjon: Maksimal påregnelig flaum

Vi gjer merksam på at ovannemnde opplysninger om flaumstorleikar er vegleiiande og ikkje eksakte storleikar.

OB er i konsesjon 03.10.2003 pålagd å erosjonssikre utvalde parsellar i strandsona rundt Byglandsfjorden/ Åraksfjorden.
NVE rapport dat.18.06.1996 syner oversikt over alle slike parsellar, med nokre unnatak.
NVE rapporten omtaler ingen tiltak ved Revsnes Hotell. Eksisterande strandsone er derfor å sjå på som erosjonssikker.

Ved tiltak i strandsona, er det svært viktig at ein tek omsyn til bylgjekrefter og ispåverknad.

OB gjer merksam på at Byglandsfjorden kan fyllast opp til HRV = kote 203, 0 også om vinteren dersom tilsigsituasjonen eller andre behov gjer det naudsynt å nytte reguleringa fullt ut.
Brygger og konstruksjonar på pælar i strandsona er då svært utsett for skadar. Dette må takast omsyn til ved dimensjoneringa.

OB nemner også "Blekeprosjektet" i Byglandsfjorden, som går ut på å etablere kunstige gytegroper ulike stadar i fjorden for å få bleka til å reprodusere seg.
Gytegropene ligg under kote 201,5.

Tiltakshavar må avklare med Fylkesmannen sin miljøvernavdeling at det ikkje er gytegroper i det aktuelle området for byggeprosjektet.

OB registrerer at NVE er beden om å gjeve uttale til nærverande søknad.

OB vil for sin del uttale at regulanten må haldast skadeslaus i høve til eventuell skade på private tiltak som etablerast i strandsona, slik som i dette tilfelle.

Med helsing

Gjermund Espetveit
Otteraaens Brugseierforening
c/o Otra Kraft
Setesdalsvegen 3455
4748 Rysstad
Tlf:37936708/ 48139850
Epost:gjermund.espetveit@otrakraft.no

Fylkesmannen i Agder

Vår dato:	Vår ref.:
06.11.2019	2019/8248
Dykkar dato:	Dykkar ref.:
01.10.2019	2019/402

Bygland kommune

Kommunehuset
4745 BYGLAND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Bjørn Loland, 38 17 62 23

Fråsegn til søknad om dispensasjon for ny brygge på gnr/bnr 69/127 i Bygland kommune

Vi syner til oversending dagsett 01.10.2019. Vi ber om orsak for sein tilbakemelding.

Det er søkt om dispensasjon for å etablere ny brygge på gnr/bnr 96/127 ved Revsnes hotell i Bygland kommune. Brygga er tenkt å fungere som fortøyningsplass for robåtar og trøbåtar som leigast ut av hotellet.

Miljøvernavdelinga har vurdert tiltaket til opp mot dei nasjonale og vesentlege regionale interesser vi er sett til å teke i vare, og har ut frå dette ingen vesentlege merknader til saka.

Vi ber om å få oversendt kopi av vedtak i saka.

Med helsing

Bjørn Loland (e.f.)
rådgivar
Miljøvernavdelinga

E-postadresse: fmagpost@fylkesmannen.no
Sikker melding: www.fylkesmannen.no/melding
Postadresse: Postboks 788 Stoa, 4809 Arendal
Besøksadresse Arendal: Ragnvald Blakstads vei 1
Besøksadresse Kristiansand: Tordenskjoldsgate 65
Telefon: 37 01 75 00
www.fylkesmannen.no/agder
Org.nr. 974 762 994

Fra: Byggmester Kjetil Vegusdal AS (vegusda@online.no)
Sendt: 20.02.2020 15:22:32
Til: Liv Elin Frøysnes Berg
Kopi:

Emne: Re: SV: Brygge Revsnes
Vedlegg: Brygge.pdf;Plan.pdf
Hei her er kart og tegninger.

Mvh
Kjetil

Byggmester Kjetil Vegusdal as
Nautedalsvegen 18
Lauvdal
4745 Bygland
91547805

Den 05.02.2020 14:25, skrev Liv Elin Frøysnes Berg:

> Hei
>
> Søknaden som kommunen fekk inn 27.8.2019 var mangelfull, den mangla situasjonskart og bygningstegninger av brygga.
>
> Då dette er ein dispensasjon, må saka bli handsama i plan-, miljø- og ressursutvalet (PMR), dei har neste møte 24.3.2020 og frist for å få med sak til det møtet er seinast 5.3.2020.
>
> Det kommunen treng før saka kan leggast fram til politisk handsaming er eit målsett situasjonskart og ei målsett bygningsteikning av brygga.
>
> Med venleg helsing
> **Liv Elin Frøysnes Berg**
> Ingeniør byggjesak
>
> **T** +47 913 55 771 | **E** liv.elin.berg@bygland.kommune.no
>
> Bygland kommune Kommunehuset 4745 Bygland
> **E** post@bygland.kommune.no | +47 37 93 47 00 | www.bygland.kommune.no
>
> ---
>
> **Fra:** Kjetil Vegusdal <vegusda@online.no>
> **Sendt:** onsdag 5. februar 2020 14.09
> **Til:** Liv Elin Frøysnes Berg <liv.elin.berg@bygland.kommune.no>
> **Emne:** Brygge Revsnes
>
> Hei ser at jeg er litt sen med svar her.
> Vi går bort i fra det punktet der jeg skriver at brygga mulig blir litt breiere.
> Bredde brygge blir bygd utifra ei bredde på 120cm.

Trenger du det mer formelt skrevet eller holder det med denne mailen?

--
Mvh

Kjetil


Byggmester Kjetil Vegusdal as

Nautedalsvegen 18

Lauvdal

4745 Bygland

91547805



Senterposisjon: 83370.32, 6526038.65
Koordinatsystem: EPSG:25833
Utskriftsdato: 05.01.2020

0 5 10 15 20m

Kartverket

9000
1,2m
30m
N
7m
1,2m
468

BYGLAND KOMMUNE

REGULERINGSPLAN
FOR
BYGLANDSFJORD SENTRUM

Datert:	15.12.93
Revisjonar:	22.11.96, 22.01.99
1. gongs handsaming i bygningsrådet:	29.11.93, sak 46/93
Utlegging til offentleg ettersyn:	15.12.93 – 15.02.94
2. gongs handsaming i bygningsrådet:	17.01.95, sak 5/95
3. gongs handsaming i bygningsrådet:	
Utlegging til offentleg ettersyn:	
4. gongs handsaming i bygningsrådet:	
Stadfesta av kommunestyret:	.....

Bygland kommune, ...

ordførar

REGULERINGSBESTEMMELSAR

1. GENERELT

Det regulera området er på planen vist med reguleringsgrense. Innanfor reguleringsgrensene gjeld desse bestemmelsane saman med plan- og bygningslova.

2. BYGGJEOMRÅDE

A. BUSTADER

Områda skal nyttast til bustader.

C. FORRETNINGAR

Områda skal nyttast til forretningar.

D. INDUSTRI

Områda skal nyttast til industri. Industrien må vera av slik art at den ikkje øydelegg verdien, eller er til sjenanse for naboeigedomane, men tek omsyn til utforming, støy, støv og lukt m.m. Nødvendig dokumentasjon må framleggast ved bebyggjelsesplan eller byggjemelding. Plan for bruk og opparbeidelse av uteområda skal utarbeidast.

E. OFFENTLEGE BYGNINGAR

Områda skal nyttast til offentlege bygningar.

F. KOMMUNALTEKNISKE ANLEGG

Områda skal nyttast til kommunaltekniske anlegg med nødvendige bygningar, installasjonar og trafikkareal.

G. REISELIV

Områda skal nyttast til reiselivverksemder med nødvendige bygg, installasjonar og aktivitets-anlegg som er nødvendig for drift av verksemda.

H. BUSTADER OG FORRETNINGAR

Områda skal nyttast til kombinasjon av bustader og forretningar. Buforhold, uteareal og trafikkareal skal vurderast ved bebyggjelsesplan eller byggjemelding.

I. FORRETNINGAR OG INDUSTRI

Områda skal nyttast til forretningar og industri. Til industriverksemda gjeld dei same krav som for industriområdet nemnd under pkt. D.

3. LANDBRUKSOMRÅDE

K. JORD OG SKOGBRUK

Områda skal nyttast til jord og skogbruksnæring etter dei lover og forskrifter som gjeld for anlegg og drift.

4. OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDE

Areala skal nyttast til offentlege vegar, busslommer, gang-/sykkelvegar, fortau, sikttrekantar o.l.

5. FRIOMRÅDE

Områda skal nyttast til leik, idrett, turvegar o.l., samt badeplassar og båtplassar.

6. SPESIALOMRÅDE

S. ANTIKVARISKE SPESIALOMRÅDE – S 1 – S 5

T. BUSTADER, BEVARING – T 1 – T 2

6.1 Målsetting

Hensikten med reguleringsformålet med tilhøyrande bestemmelsar er å bevare, vidareutvikle og dels gjenoppretta områdets kulturhistoriske, arkitektoniske og miljømessige verdiar i samanheng med omkringliggande miljø.

Tiltak som virkar skjemmande og som kjem i konflikt med planens målsetting, tillatast ikkje.

6.2 Retningsliner

Til støtte for behandling av bebyggjelsesplanar-, endrings-, byggje- og rivingssaker kan kommunen i samråd med kulturminnevernet i fylkeskommunen vedta retningsliner for praktisering av dei einskilde reguleringsbestemmelsane.

6.3 Riving av bestående bebyggjelse. Gjenoppføring

Bebyggjelsen i området tillatast ikkje reven. Ein skada bygning eller deler av denne kan nektast reven dersom det etter kommunen sitt skjønn ikkje er urimeleg å pålegge eigaren å sette i stand bygningen.

Dersom eit skada bygg erstattast med nybygg, kan kommunen sette som vilkår at eventuell ny bygning skal gjenoppførast på same stad med same kotehøgde på golv, gesims- og mønehøgd, takvinkel og møneretning som det opprinnelege bygg og med eksteriør i henhold til § 6.4 dersom dette etter kommunens skjønn er nødvendig for å bevare stadens opprinnelege karakter og miljøkvaliteter.

6.4 Ombyggjing av bestående bebyggjelse

Bestående bygningar kan utbedrast, moderniserast og ombyggjast under forutsetning av at bygningens eksteriør med hensyn til målestokk, form, detaljering, materialbruk og fargar blir

opprettholdt. Kommunen kan krevje at fasadane tilbakeførast til tidlegare dokumentert utsende, eller til eit fasadeuttrykk i samsvar med bygningens alder eller områdets karakter. Ved utbedring, reparasjon eventuell gjenoppføring skal opprinnelege bygningsdelar i størst mogleg grad tas vare på og gjenbrukast i sin rette samanheng.

Dersom ikkje historisk dokumentasjon eller tradisjon tilseier anna, skal det ved omlegging av tak benyttast brent, rød, enkelkrumma tegl. Glasert, svart tegl nyttast på bygningar der det er tradisjon for slik tekking. Ved utskifting av vinduer skal det nyttast vinduer av tre.

6.5 Tilbygg, påbygg og underbyggjing av bestående bebyggjelse

Tilbygg, påbygg og underbygg, herunder også heving, senking eller endring av takflata, kan tillatast når dette etter kommunen sitt skjønn er godt tilpassa i forhold til bygningen og bygningsmiljøets særpreg og tradisjon. For fasadeutforming og materialbruk m.m. på tilbygg, påbygg og underbygging gjeld §2.4.

6.6 Nybygg

Nybygg kan godkjennast innanfor planområdet under forutsetning av at områdets miljø- og verneverdi ikkje reduseras (jfr. § 6.1). Nybygg skal gis ei plassering og utforming med hensyn til størrelse, form, materialar, detaljering, fargar o.l. som harmonerar med den eksisterande verneverdige struktur og bebyggjelse i området.

6.7 Utomhusanlegg og kulturlandskap

Eksisterande utomhusanlegg og kulturlandskap som veger, brygger, terrasseringar, trapper, steingjerder m.m. skal bevarast eller krevjast tilbakeført og kan ikkje fjernast utan kommunens godkjenning. Utbedring av slike kulturminne skal skje ved bruk av tradisjonelle materiale og teknikkar. Nye utomhusanlegg skal i utforming og materialbruk tilpassast terrenget og skal harmonera med stadens karakter.

Eksisterande plassar, gate-/vegforløp, smau og hevdede snarvegar skal oppretthaldast.

Inngrep i terreng og vegetasjon utover vanleg skjøtsel er ikkje tillatt. Dette gjeld også lagring, tilrigging, massedeponering og anna bruk av ubebygd areal når det etter kommunens skjønn vil kome i strid med reguleringsplanens målsetting (§ 6.1).

Tekniske innretningar, herunder også skilt og reklame, kan ikkje settast opp utan at kommunen på førehand har gitt samtykke. Særleg skjemmande tiltak av denne art er ikkje tillatt. Slike innretningar skal gis ei diskré utforming, og ha ei plassering, materialbruk og fargevalg som harmonerar med områdets karakter og tradisjon.

6.8 Automatisk freda kulturminne

Arbeider og tiltak som medfører at automatisk freda kulturminne tildekkes, skjules eller på annen måte utilbørlig skjemmes, er ikkje tillatt, jfr. kulturminnelovens § 3.

Innanfor områda S 1, S 2 og S 4 er det jernvinneanlegg og/eller kullgroper som er freda etter lov av 9. juni 1978 §§ 4, 6 og 8.

Spesialområda er merka med R på reguleringskartet. Utan spesiell tillatelse frå Universitetets Oldsaksamling er alle slag byggje- og anleggstiltak forbode innanfor planområda.

6.9 Vannareal

Anlegg i vannareal som ikkje innebærer inngrep på botnen kan godkjennast innanfor planområdet under forutsetning av at områdets miljø- og verneverdi ikkje reduserast (jfr. § 6.1). Slike anlegg skal gis ei plassering og utforming med hensyn til storleik, form, materialer, detaljering, fargar o.l. som harmonerar med områdets karakter og tradisjon.

Før det tillatast inngrep på botnen, skal det vera foretatt forutgående undersøking av Norsk Sjøfartsmuseum, jfr. kulturminneloven §§ 9 og 14.

7. FELLESBESTEMMELSER

7.1 Dispensasjon

Når særlege grunnar foreligg, kan kommunen etter nærmare vedteke retningsliner gi dispensasjon frå bestemmelsane i reguleringsplanen. Søknad om dispensasjon skal vera begrunna.

7.2 Bygningar som ligg innanfor byggegrensa for veg kan gjenoppbyggast på same staden etter brann.

7.3 Bygland kommune kan krevje at det ved byggjemelding vert lagt fram bebyggjelsesplan for heile elller delar av området. Planen skal vise avkjørsler, trafikk og parkeringsforhold, opparbeiding av utendørsareal m.m. Planen skal og angi utnyttingsgrad og bruksområde.

7.4 Saksbehandling


Kommunen kan i forbindelse med bebyggjelsesplanar og byggjesaker forlange framlagt tilstrekkeleg underlagsmateriale for å vurdera heilheit og detaljar.

For behandling av saker innanfor spesialområde etter plan- og bygningslovens §§ 84, 85, 86, 86a og 93 og ved frådeling av tomt til slike formål, skal det innhentast fagleg uttalelse fra kulturminnevernet i fylket.

Saker innan spesialområde bevaring av prinsipiell karakter og dispensasjonssaker skal foreleggast kulturminnevernet i fylkeskommunen og kulturutvalet i kommunen for uttalelse.

7.5 Etter at reguleringsplanen og bestemmelsane er trådt i kraft, er det ikkje anledning til, ved privat avtale, å opprette forhold som strir mot planen med bestemmelsar.

7.6 Innanfor ramma av bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne lova og departementets byggjebestemmelsar, kan bygningsrådet gjer unntak for desse bestemmelsane i tilfeller der særlege grunnar taler for det.



Utsnitt av reguleringsplan for Byglandsfjord Sentrum

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Saksmappe: 2020/15
Sakshandsamar: KØB
Dato: 07.02.2020

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
30/20	Plan, miljø- og ressursutvalet	01.04.2020

Søknad om deling av grunneigedome - Ynskje om å gjere om tidligare delingsløyve for gnr 40, bnr 2

Rådmannen si innstilling:

1. I medhald av jordlova sin §§ 9 og 12 får gnr 40, bnr 2 løyve til å omdisponere og å dele ifrå ei inntil 4 daa stor tomt som omsøkt.

2. I medhald av plan – og bygningsloven sin §§ 19 og 20 – 1 m, så blir det gitt dispensasjon og løyve til å dele ifrå ei inntil 4 daa stor tomt som omsøkt på vilkår av at delingsløyve gitt den 30.05.2018, PMR – sak nr 48 / 18 blir oppheva.

3. Grunngjevinga for å gi løyve til omdisponering, deling og dispensasjon er forankra i gjeldande kommuneplan si hovudmålsetjing om å styrke busetjinga i kommunen. Vidare er framlagde løysing vurdert som eit betre alternativ sett saman med tidligare gitte løyve. Arealet er mindre, og gnr 40, bnr 2 innehar ein støyl med påståande bygningar som ressursgrunnlag for landbrukseigedomen.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Den 30.05.2018 fatta PMR fylgjande vedtak:

1. *I medhald av jordlova sin §§ 9 og 12 får gnr 40, bnr 2 løyve til å omdisponere og å dele ifrå ei inntil 12 daa stor tomt med påståande støylsbu til gnr 45, bnr 21. Det er eit vilkår at arealet skal samanføyast med gnr 45, bnr 21.*

2. *I medhald av plan – og bygningsloven sin § 19 og 20 – 1m, så blir det gitt dispensasjon og løyve til å dele ifrå ei inntil 12 daa stor tomt med påståande støylsbu til gnr 45, bnr 21.*

3. *Grunngjevinga for å gi løyve til omdisponering, deling og dispensasjon er forankra i gjeldande kommuneplan si hovudmålsetjing om å styrkje busetjinga i kommunen. Omsøkte tiltak legg til rette for dette.*

Den 8.01.2020 er det motteke ny søknad om å dele ifrå eit anna areal til gnr 45, bnr 21 og la støylsområdet framleis tilhøyre gnr 40, bnr 2. Det omsøkte arealet i denne saka er på 4 daa.

Formelt grunnlag

- Jordlova §§ 9 og 12 (omdisponering og deling)
- Plan – og bygningsloven §§ 19 og 20 – 1 m
- Naturmangfaldlova § 7 jf §§ 8 - 12

Vurderingar og konsekvensar

